

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

2008



ROGALAND BONDELAG



Landbruk på dagsorden

Landbruk på dagsorden 2009 er storsatsinga til organisasjonen. Dette er ei viktig satsing både opp mot jordbruksforhandlingane og ikkje minst opp mot stortingsvalet. Kva samansetjing vi får på stortinget er svært avgjerande for landbruket sine økonomiske og ikkje minst politiske rammebetingelser. Heile organisasjonen skal ha fokus på mat, matkultur og matproduksjon. Bodskapen skal vere positiv og så bra at vi får god mediadekning. Vi i Rogaland skal gjere kva vi kan for å få dette til og då er lokallagas engasjement heilt avgjerande. Kvar enkelt av oss bønder må nytte kvar anledning til å drive vaksenopplæring. Vi må få fram kor viktig landbruket er i Rogaland for matproduksjonen, busetjinga og sysselsetjinga. Vi har fleire støttespelarar – **det gjeld bare å spele på lag med dei rette.**

At situasjonen i landbruket endrar seg fort er 2008 eit døme på. Vi hadde ein situasjon der prisane på matvarer gjekk opp på verdsmarknaden, men situasjonen har endra seg fort. Prisane har gått ned og bøndene i fleire land har fått merka dette sterkt. Prisen til bonden vert pressa ned mens utgiftene har gått opp. I Noreg har vi hatt ein dramatisk kostnadsauke på blant anna gjødsel, kraftfôr og diesel. Byggekostnadane er høge og bankane har pga av finanskrisa, begrensa utlånet til byggeprosjekt vesentleg. Vi får håpe og tru att i løpet av 2009 vil verdso økonomien stabilisere seg igjen. Men 2009 vil nok likevel verte eit spesielt år med svingingar og utfordringar. Produksjonen av kylling skal reduserast og eit betydelig lager skal ut i marknaden utan at prisen til bonden skal ned. Ei rekkje tiltak er sett i verk og fleire vil nok kome og det er særskilt viktig at ein gjer dei rette grepa slik at vi klarer å halde referanseprisen oppe. Det er nå vi vil sjå resultatet av ”kyllinggrepet”.

Jordbruksforhandlingane i fjor enda opp med ei ny vinkling der størstedelen av inntektsauken skulle tas på pris og mindre via overføringar. Vi fekk nedfelt i protokollen ei justeringsforhandling som etter endringane i verdsmarkeds-situasjonen og økonomikrisa, vart svært krevjande for bondelaget fordi høvet til å ta ut auka målprisar i marknaden vart svekka. Viktig under forhandlingane til våren vert difor å ha fokus på større overføringar, elles får vi ei enda sterkare strukturdreining.

1. juli skal den nye markedsordninga for kjøtt og egg tre i kraft. Dette har vore ein krevjande, men viktig prosess for landbruket. Sjølv om vi pr i dag ikkje veit kva det endar opp med, ligg føringane slik at målprisane truleg forsvinn. Dette er den største landbrukspolitiske omveltinga på 50 år. Sjølv om det beste hadde vore og hatt målprisane, må vi forholde oss til at den gule støtta må reduserast. Vi må sjå offensivt på det og få ei ordning som fungerer og der vi får til eit ramme-

verk for det nye systemet som sikrar prisstabilitet, leveranse-sikkerhet for bøndene, forsyningsplikt og gir bøndene høve til å auka inntekta si gjennom større prisuttak i markedet.

Prisen på gjødsel har vore på dagsorden og det er på sin plass. Det er bruka mange overskrifter og vi bønder er med på eit spel vi ikkje kjenner spelereglane til og der vi til sju-ande sist vert sitjande att som svarteper og med rekninga. Vi får håpe at dei som sit med trumfkorta i dette spelet brukar dei rett og at dei tek signala frå grasrota alvorleg.

Korn/kraftfor er eit anna tema som vi ikkje er ferdig med. At vi har ei markedsordning som ikkje tek høgde for svingingar på verdsmarknaden, har vi i Rogaland fått merke på kroppen og det har ført til full ueinigheit mellom FKRA og FK-AGRI. Vi tok det opp i fjor i samband med forhandlingane der vi understreka at det måtte innarbeidast mekanis-mar i markedsordninga som tek høgde for dette. Situasjonen vi er oppe i nå forsterkar bare dette. Her må noko gjerast.

Dyrevelferd og kompetansebevis har sett sinnet i kok hjå mange bønder og det er ikkje rart. At kompetansen ein har opparbeida seg gjennom eit yrkesaktivt liv og at agronomut-danning ikkje skal oppfylle krava til Mattilsynet, er absurd. Kurset ”dyrevelferd” er eit bra kurs som vi alle burde ta frivil-leg for å styrke kompetansen rundt dyrevelferd. Dette er vik-tig og den norske forbruker er opptekne av at vi har fokus på dyrevelferd noko bøndene også har. Vi veit at dyretragediar ikkje kan unngåas ved å ta eit kurs på 12 timer. Andre tiltak må til for å unngå det, noko bondelaget alt arbeider med. Vi forventar at når bondelaget og Mattilsynet har snakka saman får vi ei løysing på dette så vi får snudd dette til noko positivt – fokus på dyrevelferd og kompetanseheving i landbruket.

Vi har fleire kampar opp mot byråkratiet og ein kan bare nemne praktiseringa av regelverket for køyring med traktor og reiskapar på offentleg veg. Det er lagt opp til at landbru- ket skal verte meir effektivt og rasjonelt, men slik regelverket vert handheva kan det setje ein stopper for dette. Kampanjen sitt hovudfokus er å redusere ulykker i trafikken og det er ingen usamde i.

Fokuset på HMS i landbruket har gitt resultat i Rogaland. Det var eit stormøte i Vindafjord seint i haust som samla over 200. Dette har hatt smitteeffekt til resten av fylket. Det vert lagt ned betydelig med arbeid frå lokallaga si side for å få til samlingar og kurs. At nokon får det til gir motivasjon til andre lokallag og det er slik det skal vere i bondelaget.

Rogaland Bondelag vil takke kvar enkelt medlem, lokal-laga og andre for godt samarbeid gjennom året og ser fram til eit nytt og aktivt år der målet er å styrkja og vidareutvikla landbruket i Rogaland.

Stavanger 19. januar 2009

Arna Høyland, *leiar*

Elisabeth Kallevik Nesheim, *nestleiar*

Arnstein Gilje

Per Inge Egeland

Tanja Thunheim Hamre

Margunn Nedrebø (RBK)

Rune Lode (RBU)

Innhald

Årsmøtet 2008	s 2
Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2008.....	s 6
Arbeidsplan 2008/2009	s 8
Styresaker.....	s 10
Næringspolitiske saker	s 10
Organisasjonssaker	s 26
Andre saker	s 34
Arbeidet i utval.....	s 44
Organisasjonsarbeidet	s 47
Rekneskapen 2008	s 56
Leiarane i lokallaga.....	s 58
Medlemsoversikt	s 59
Rekneskapslaga i Rogaland	s 60



*Tekst til framsidebiletet:
Deltakarar frå Rogaland under
WTO- markeringa 23. juli i Oslo.*



Verdiskaparen som er til for bøndene

TINE Rådgiving

- ✓ GRUNNPAKKE
- ✓ ØKONOMI
- ✓ FØRING
- ✓ HELSE
- ✓ TEKNIKK
- ✓ AVL

Vil du ha betre produksjonsresultat:

Prøv TINE Rådgiving



TINE MEIERIET SØR BA - <http://medlem.tine.no>

Årsmøtet – 2008

Årsmøtet vart halde på Quality Airport Hotel, Sola 7. og 8. mars 2008. Ordstyrar var Svein Ståle Kolstø,

Namneopprop

77 utsendingar frå 38 lokallag møtte, åtte frå styret, fire medlemmer av årsmøtet til Norges Bondelag i tillegg til dei som møtte på anna grunnlag, to frå Rogaland Bygdekvinnelag, to frå Rogaland Bygdeungdomslag, eit medlem av styret/representantskapet til Norges Bondelag busett i Rogaland, samt møteleiaren – totalt 95 røysteføre. I frå Norges Bondelag deltok styremedlem Nils T. Bjørke. I tillegg var det fleire gjester – og æresmedlem Einar K. Time.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Ordstyraren refererte innkallinga og saklista for årsmøtet. Ingen hadde merknadar og han erkjente årsmøtet som lovleg sett og gjorde det ope for presse og gjester, men med høve til å lukka det dersom saker skulle tilseia det. Til å skriva under møteboka saman med ordstyraren, vart Magne Økland, Sandeid Bondelag og May Ann Levik, Forsand Bondelag valde.

Leiarens tale

I talen sin kom fylkesleiari Arna Høyland inn på kva landbruk vil vi ha og gav klart uttrykk for at styret ville vera med å leggja til rette for ei utvikling som gir ein variert bruksstruktur over heile landet. Ho var og oppteken av rekrutteringa til næringa og refererte at det dessverre var fleire bruk der dei sleit med at den yngre generasjonen ikkje ville overta drifta av garden.

Etter klare signal frå fylkesleiaren vil årets jordbruksforhandlingar stå svært sentral både i samband med rekrutteringa for næringa, men og for kva framtid ein skal ha for næringa framover. Ho uttrykte det slik.

- Den rød-grøne regjeringa har i Soria Moria erklæringa lagt føringar om korleis inntektsutviklinga i landbruket bør vere. Dei er nå blitt varme i trøya, ja dette kan faktisk vere deira nest siste jordbruksoppgjør, så nå er forventningane store og trykket frå næringa har



Valde på kvinnedagen 8. mars. Til venstre nestleiar Elisabeth Kallevik Nesheim saman med leiaren, Arna Høyland. Foto: Bondevennen.

aldri vore så stort. Vi får tru at statsministeren har så mange antenner ute at han forstår alvor. Det er i alle fall ingen som skal kome og seia etterpå at vi ikkje gjorde det vi kunne for å få fram behovet for eit inntektsløft. Klarer vi ikkje å få til eit skikkeleg løft i bondens inntekter nå, vil det bli svært lenge til vi får eit tilsvarande høve – om vi nokon gong vil få det.

Ho var og inno for jordvernsaka og så klart i frå at Norge må forplikta seg til å ta vare på matjorda og peika vidare på følgjande. - Det er ein svært kortsiktig politikk å byggja ned dyrkbar mark i staden for å byggja på fjelltomter. Dessutan vil vi også få eit ansvar i forhold til den globale matvaresituasjon på sikt. Meir kostnaden det er å bygge på fjell har ingen betydning på lang sikt og kan gjerne finansierast av den norske stat. Det vert ei investering for framtida. Rogaland Bondelag har vore ein aktiv pådrivar i jordvernarbeidet. Det vil vi følgja opp vidare i revideringa av fylkesdelplanen for langsiktig byutvikling på Jæren. I scenariet for utviklinga til Rogaland er det lagt inn ein betydeleg auke i talet på folk og vekst innan olje og industri. Då er det viktig at vi er på banen.

Avslutningsvis inviterte ho til ein aktiv debatt under årsmøtet slik at årsmøtet kan vera med staka ut kursen for landbruket framover. Vi må ha ein de-

batt som viser kva ambisjonar vi har for å få fleire til å satsa på landbruket som arbeidsplass.

I debatten etterpå var det fleire som takka for ein god tale og nokre av punkta som vart tekne opp var:

- Situasjonen med underdekning av fleire viktige landbruksprodukt må gi opning for at dei som vil kan få produsera
- Andre gav klart uttrykk for at ein og må ta vare på dei små bruka innan næringa
- Debatten innan landbruket må og dreia seg om produksjon av energi.
- Det vart etterlyst ein breiare og grundigare dokumentasjon av at nedmolding av gjødsel har ein effekt på avlinga og miljøet.
- Det kom fram stor skepsis til oppføring av eit stort veksthusanlegg på ca 60 dekar i samband med bygging av nytt meieri i Kvia-marka i Hå. Vedkomande var uroleg for dette og skepsis til at eit samvirkeforetak dei sjølv var ein del av – (TINE), var med og reiv unna grunnlaget for veksthusproduksjonen i distrikta.
- Det vart retta takk til fylkesbondelaget sitt engasjement ang. jordvern, med oppmoding om å fortsatt stå på. I ei tid med mykje pengar må ein ta vare på verdiar i samfunnet.
- Oppfordring til at bønder som hadde fått kraftige restriksjonar pga kvit

potetål, må få midlar over BU-ordninga til å leggja om drifta si.

- Midlane i jordbruksavtalen må i absolutt størst mogleg grad koma bøndene direkte til gode. Det er for store midlar i avtalen i dag bøndene ikkje får tak i.
- Tollvernet på alle produksjonane må oppretthaldast.
- I frå fleire vart det peika på kor viktig det er at ein i år får til ein god avtale og at midlane som vert gitt, må koma bøndene direkte til nytte.
- I frå Bygdekvinnelaget vart det stilt spørsmål ved dei store mengdene med mat som vart kasta i dag og stilt spørsmål ved om datoen for siste bruksdag på pakningane var for restriktive.

Fylkesleiararen svara på spørsmåla som var komne og kommenterte fleire av innlegga. Nestleiar i TINE Meieri Sør, Ole Magnar Undheim orienterte og svar på spørsmålet om TINE sitt forhold ang. bygginga av veksthusanlegg og nytt meieri i Kvia-marka.

Årsmelding for 2007

Styremedlem Sigmund Slettebø gjekk raskt gjennom årsmeldinga og refererte overskriftene på saker styret hadde arbeidd med.

Rekneskap for 2007

Organisasjonssjefen gjekk gjennom rekneskapen og trekte fram hovudpunkta og forklarar enkelte postar.

Leiar i U-landsutvalet Dagny Matland, orienterte frå arbeidet til utvalet og takka for seg.

Ordstyraren tok årsmeldinga og rekneskapen for 2007 opp til godkjenning og eit samla årsmøtet godkjende årsmeldinga og rekneskapen.

Resolusjonskomite

Nestleiar i styret Sigmund Slettebø oppfordra ordstyraren før ein gjekk vidare i programmet, til å setja ned ein resolusjonskomite som fekk i oppdrag å utarbeid ein uttale frå årsmøtet. Med grunnlag i det sette ordstyraren fram forslag om følgjande personar til ein slik komite: Arnstein Gilje, leiar, Jordfrid Torland Mjåtveit, Ragnar Vikingstad, Stein Pettersen og Jon-Arne Vadla. Ordstyraren fekk tilslutning til forslaget sitt.



Styret i Rogaland Bondelag 2008. Framme frå venstre: Arna Høyland, leiar, og Miriam Sør-Reime (2. vararepr.) Bak frå venstre Tanja T. Hamre, Rune Lode (RBU), Margunn Nedrebø (RBK), Ingar Naustvik (1. vararepr.), Elisabeth Kallevik Nesheim, nestleiar og Arnstein Gilje. Per Inge Egeland var ikkje til stades då biletet vart teke. Foto Olav Sande.

Landbrukspolitiske utfordringar til våren

- Kva forventningar kan bonden gjera seg ang. årets forhandlingar?

Dette var styremedlem i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke sitt tema. Innleiingsvis gav han uttrykk for at det var klare forventningar til årets forhandlingar og stilte ut frå det spørsmålet om korleis ein kunne nå inn til toppen i regjeringa med dette kravet. I korte ordelag kom han inn på utviklinga av matvaresituasjonen på verdsbasis med aukande underdekning av viktige matvarer – eit kornlager som er på nivå med det vi hadde først i 70-åra og stigande matvareprisar. Eit godt utgangspunkt ein må stå på for å oppnå eit best mogleg resultat. Ang. spesielle tiltak i samband med forhandlingane, var han skeptisk til å ta "kyllinggrep" for fleire produksjonar – dvs. ta produksjonar ut av jordbruksavtalen slik det vart gjort for kylling i 2005-forhandlingane for å oppnå større rom til uttak av målprisar i andre produksjonar.

Han gjekk vidare inn på hovudpunkta i kravet organisasjonen arbeidde med – klar auke i inntekta, betring i velferdsordningane, investeringskapital og strukturtiltak. Han var og inne på klimadebatten og peika på at ein skal ikkje akseptera alle påstandane som vert servert ang. klima og miljø. Næringa må sjølv sagt ta saka på alvor og gjera sitt, men

landbruket har eit godt utgangspunkt på mange område innan denne saka.

Til slutt understreka han at truleg vil ein koma lengst gjennom eit forhandlingsresultat, men han utelukka på ingen måte at årets forhandlingar ville enda opp på ein annan måte. Han var og kort inne på opplegget med å senda forhandlingsresultatet ut på uravstemming.

Etter innlegget til Bjørke fekk **stortingssrepr. Trond Lode, Sp** ordet. Han peika på at jordbruket måtte få det same kronetillegget som andre grupper og ikkje berre eit prosenttillegg. Han var og einig i at årets forhandlingsrunde måtte sikra bonden auke i inntekta, velferdsordningane måtte styrkast og meir midlar til kapital. Slik grep vil og vera med å sikra rekrutteringa til næringa.

Under debatten etterpå var det mange gode innlegg og kort tek ein med nokre av desse:

- Med grunnlag i den bebuda store prisstigninga på kunstgjødsel, vart det oppmoda til at ein ikkje skulle ta heile prisstigninga med nå i forhandlingane i mai, men be om ekstra forhandlingar seinare når faktiske gjødselprisar føreligg og då som forhandling om ein rein kostnadskompensasjon.
- Det vart stilt spørsmål med BU-ordninga då heller få fekk slike midlar her i fylket. Burde desse midlane i større grad gitt direkte inntektsverknad for bøndene.

- Målprispunktet på varene må flyttast nærare fjosdøra for å få større handlingsrom i gul boks.
- Auken for storfekjøtt må ikkje berre bindast opp mot spesielle kjøttferasjar.
- Ulike vurderingar ang. uravstemming kom fram – både for- og motargument vart reiste.
- Det vart og stilt spørsmål til Trond Lode om kva Sp ville gjera i regjeringssamanheng dersom det vart brot i jordbruksforhandlingane til våren.

Etter ein omfattande og positiv runde der deltakarane viste optimisme og tru på framtida, kommenterte Nils T. Bjørke fleire av innlegga og peika på at skal ein klara å utnytte målprisane må det også budsjettmidlar til for å løfta inntekta på mindre bruk. Han minna og om at landbruket har støtte frå vel 80 % av folket. Også Trond Lode svara på spørsmål han fekk. Han gav klart uttrykk for at Sp ville arbeida aktivt for å få til ei forhandlingsløysing og då med ei inntektsutvikling for landbruket som elles i samfunnet. Han hevda at det fort ville vore vanskelegare for landbruket med ei anna regjering.

Lukka møte

Etter denne bolken vart årsmøtet lukka – berre årsmøtedelegatane og tilsette ved kontoret hadde høve til å vera til stades. Temaet var: Orientering og drøfting av evt. opplegg for markering i samband med jordbruksforhandlingane.

Bjørke orienterte først ut frå Norges Bondelag sitt opplegg så langt det var drøfta i forkant av forhandlingane. Bondelaget sentralt har sett ned eit eige aksjonsutval som vil koma med innspel seinare. Han kom og meir inn på opplegget med uravstemming og evt. brot under forhandlingane og understreka sterkt at heile organisasjonen måtte følgja opp dersom forhandlingsutvalet fann det rett å ta eit brot. Han var og inne på "fredsplikta" under forhandlingane og understreka at den var absolutt.

Fylkesleiaren følgde opp og oppmoda lokallaga til å tenkja på aktuelle markeringar.

Etter desse innlegga var det ein god bebatt med konklusjon om at bondelaget må freista forhandlingsløysinga lengst mogleg, men vert det brot står ein samla bak organisasjonen.



Frå årsmøtet til Rogaland Bondelag. Arna Høyland takkar Sigmund Slettebø og Anne Kyllingstad for godt arbeid i styret gjennom fleire år. Foto Olav Sande.

Budsjett for 2008

Org.sjefen gjekk kort gjennom styret sitt forslag til budsjett.

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2008 – 2009

Styremedlem Arnstein Gilje gjekk gjennom hovudpunkta i styret sitt forslag. Den byggjer på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen **Vi får Rogaland til å gro.**

Det framlagde forslaget til budsjett og arbeidsplan vart godkjende.

Godkjenning av resolusjon

Leiaren i resolusjonskomiteen Arnstein Gilje la fram forslaget til resolusjon frå komiteen. Ordstyraren tok resolusjonen opp til avstemming og den vart einstemming godkjent. Den skal sendast til regjeringa v/landbruks- og matminister Terje Riis-Johansen. Resolusjonen følgjer som vedlegg til referatet.

Framtida for landbruket og bonden i vekstfylket Rogaland?

var temaet redaktør i Stavanger Aftenblad Tom Hetland, hadde fått for sitt innlegg under årsmøtet. Han tok utgangspunkt i tidlegare redaktør og grunnleggjar av Stavanger Aftenblad Lars Oftedal sin tale under årsmøtet til Norges Bondelag i Stavanger i 1955. Vidare understreka han at det er to klare trendar for landbruket nå og det er større internasjonalisering av landbruket og at stadig færre er knytta til næringa. Dette fører til at den politiske vekta til landbruket minkar sterkt. Han kom og inn på klimaspørsmål og peika på at bønder og bygdefolket må spela på lag med

miljøvernarane skal ein koma lenger på fleire område – t.d. innan jordvernsaka. Han refererte til at miljøvernarar følte dei fekk lita oppbakking frå bøndene i mange saker dei er opptekne av.

Stortingsrepr Hallgeir Langeland SV, fekk og ordet. Han understreka at landbruket er ei viktig næring og lova å arbeida for å betra rammevilkåra for bøndene og meinte at dagens regjering klart hadde det som sitt mål.

Under debatten etterpå var det mange kommentarar og innlegg. Langeland fekk klar oppfordring om å visa at "verdens beste regjering" som han sjølv uttrykte det, også viste det i praksis under årets forhandlingsrunde.

Etter innlegget fekk HMS-rådgivar Mia Ree Holen ordet og orienterte kort om arbeidet til Landbrukets HMS-teneste og presenterte dei fleste rådgivarane knytta til landbrukets HMS-teneste i fylket.

Audun Rake frå Innovasjon Norge, Rogaland fekk og ordet for å kommentera eit utspel i Bondebladet nr 10 2008 ang. avslag til bygging av sauehus i Rogaland. Vinklinga i reportasjen gjekk på at avslaga var grunnlagt i høg alder hjå søkaren. Rake understreka at det ikkje var tilfelle og beklaga sterkt at dei ikkje hadde fått høve til å koma med korrigeringar i Bondebladet, men orienterte nærare om saka i årsmøtet. Innovasjon tok sjølvkritikk på deler av formuleringane i avslagsbrevet, men ingen hadde til nå fått avslag pga alder hjå søkaren.

Val

Leiaren i valnemnda Magne Økland, la fram valnemnda si innstilling. Alle forslaga frå valnemnda var einstemmi-

ge. Etter at valnemnda hadde avgitt si innstilling ba Karl Anders Nilsen, Stavanger om fritak for å stilla som utsending til Norges Bondelag sitt årsmøte. Valnemnda tok det til følge og føreslå i staden Torger Kinn, Stavanger.

Ordstyraren leia vala.

Leiar for 1 år

Arna Høyland, Nærbø vart attval

To styremedlemmer for 2 år

Sigmund Slettebø, Eigersund og Arnstein Gilje, Stavanger stod på val. Sigmund Slettebø hadde sagt frå seg attval.

Arnstein Gilje, Stavanger vart attvald som representant for Jæren og Tanja Thunheim Hamre, Lund vart vald som ny representant for Dalane.

Nestleiar for 1 år

Elisabeth Kallevik Nesheim, Vats vart vald som ny nestleiar.

Tre varamedlemmer til styret for 1 år

1. varamann – Ingar Naustvik, Suldal – attval
2. varamann – Miriam Sør-Reime, Nærbø - attval
3. varamann - Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal - attval

6 utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for to år

Fylkeslaget har over 6.000 medlemmer. Det gir grunnlag for 11 utsendingar.

Seks vart valde for to år under årsmøtet i fjor. Sigmund Slettebø stilte sin plass som utsending til årsmøtet 2008 til disposisjon. Valnemnda tok det til følge og følgjande seks nye utsendingar for to år vart valde:

Frå Nord – Rogaland:

Trygve Høines, Sør-Karmøy

Frå Ryfylke:

Ingar Naustvik, Suldal.

Frå Dalane:

Tanja Thunheim Hamre, Lund

Frå Jæren:

Abraham E. Aarsland, Søre Hå,

Morten Malmin, Sandnes og

Sonja Herikstad Skårland, Time

11 vararepresentantar i nummerorden for eitt år

Desse vart valde:

1. Ole Andreas Aarsland, Varhaug
2. Livar Nedrebø, Time
3. Ole Andreas Byrkjedal, Gjesdal
4. Inga Elise Steinsland, Bjoa
5. May Ann M. Levik, Forsand
6. Kristen Mydland, Sokndal
7. Jon-Arne Vadla, Sjernarøy
8. Kristin Hesby, Randaberg
9. Malmin Hebnes, Sola
10. Sigbjørn Eikje, Tysvær
11. Svein Helge Harbo, Nærbø

Ordstyrar til leiarmøtet i 2008 og årsmøtet i 2009

Sigmund Slettebø, Eigersund vart valde med Olav Bjarte Nese, Klepp som varamann.

Revisor for 2 år

Svein Levik, Forsand vart attvald.

Fire medlemmer med personelege vararepr. til valnemnda for årsmøta i 2009 og 2010

Nord-Rogaland:

Svein Ståle Kolstø, Nord-Karmøy

Vararepr. Jan Egil Frøystad, Skåre

Ryfylke:

May Ann levik, Forsand

Vararepr. Per Mæhle. Hjelmeland

Jæren:

Erling Bjørnsen, Stavanger

Vararepr. Ingvald Tjetland, Gjesdal.

Dalane:

Ludvik Vikesdal, Bjerkreim

Vararepr. Sigmund Andreas Hofsmo, Lund

Leiar og nestleiar i valnemnda:

Leiar Ragnhild Dyngeland, Time

Nestleiar Luvik Vikesdal, Bjerkreim

Ordet fritt og helsingar

Under og etter vala vart det opna for å koma fram med det ein ønskte. Enkelte nytta dette høve og peika på ulike ting. Leiar i Verveutvalet Ragnhild Dyngeland takka laga for godt vervarbeid og oppmoda til fortsatt innsats og særleg i samband med tlf-vervinga som skulle setjast i gang. Leiaren takka for tilliten ho var vist.

Resolusjon frå årsmøtet:

Årets jordbruksavtale må gi eit kraftløft – bonden må få ei anstendig godtgjersle for sitt arbeid!

Årsmøtet i Rogaland Bondelag meiner at desse områda må prioriterast ved årets jordbruksforhandlingar:

- Ei klar inntektsauke – eit kronetillegg som andre, og at gapet mellom årsverksinntekta til bonden på om lag kr 160 000,- til andre grupper på om lag kr 360 000, - må verta monaleg redusert.
- Betring av velferdsordninga – satsane for tilskott må aukast for å halde tritt med lønnsauken på innleidd arbeidskraft til avløysing innan ferie og fritid og ved sjukdom.
- Betre kapitaltilgang – næringa står overfor store krav om utbetringar

etter statlege pålegg. Investeringsmidlar må koma som ei eiga pakke utafør avtalesystemet.

Årets jordbruksavtale må gi eit kraftløft – prisane må opp. Staten må saman med landbruket, finna løysingar for å auka prisane kraftig.

For å ivareta ein variert bruksstruktur og eit landbruk i heile landet, må og budsjetttrama aukast monaleg.

Det er nødvendig at jordbruket får eit inntektsløft som dekker inn den store prisauken som er på energi og andre produksjons- og innsatsfaktorar.

Det er jordbruket som er den største og viktigaste landskapspleiaren i landet vårt.

Fleire andre næringar, blant anna reiselivsnæringa og folks behov for rekreasjon, treng eit velpleia kulturlandskap. For å ha eit attraktivt kulturlandskap som heile landet kan delta i, må vi ha eit aktivt og lønsamt landbruk.

Årets oppgjer må verta vesentleg betre enn i 2007!

Resolusjonen vart primært sendt landbruks- og matminister Terje Riis-Johansen

Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2008

Styret

Arna Høyland, Nærbø, leiar
Elisabeth Kallevik Nesheim, Vats, nest-leiar
Arnstein Gilje, Stavanger
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Tanja Thunheim Hamre, Lund
Rune Lode, Nærbø, RBU
Margunn Nedrebø, Gjesdal, RBK

1.v.m. Ingar Naustvik, Jelsa
2.v.m. Miriam Sør-Reime, Nærbø
3.v.m. Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

Arbeidsutvalet

Arna Høyland
Elisabeth K. Nesheim
Sekretær: Svein Helge Harbo

Utval direkte tilknytta fylkeslaget:

Informasjonsutvalet

Elisabeth K. Nesheim, Vats - leiar
Svein Ståle Kolstø, Nord-Karmøy
Tanja T. Hamre, Lund
Atle Tjøland, Time
Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund
Sekretær: Målfrid Husebø

Grøntutvalet

Nikolai Skrettingland, Varhaug - leiar
Ståle Runestad, Fogn
Øystein T. Kleppa, Årdal
Vigdis B. Nes, Sør-Karmøy
Arne Vagle, Jæren Forsøksring
Sekretær: Svein Helge Harbo

Verveutvalet

Ragnhild Dyngeland, Time, leiar
Gaute Urdal, Sokndal
Jon Arne Vadla, Sjernerøy
Sekretær: Signe Henriksen

Samarbeidande utval

U-landsutvalet

RB Elisabeth K. Nesheim, leiar
RBK Målfrid Stangeland, Sandnes
Samarbeidsrådet
Terje Øen, TINE Meieriet Sør
Rogaland 4H
Åse Marit Hodnefjell
Sekretær: Olav Sande

Jordvernutvalet

Arnstein Gilje, Stavanger leiar



Grete Waldeland Høiland og Ole Morten Høiland mottok under årsmøtet til Norges Bondelag eit synleg bevis på at god is fortener ein pris. Her overrekker Bjarne Undheim Askeladdprisen til dei. Foto Bondevennen.

Andreas Lundegård, Vats
Andreas Joa, Sola, Jordvernforeninga
Erik Thoring, Naturvernforbundet i Rogaland
Sekretær: Svein Helge Harbo

BSF - avviklingsstyre

RB Elisabeth K. Nesheim, - leiar
RBK Kari Skeie, Nord-Karmøy
RB Karl Brådli, Bjerkreim
RBU Marlen Hognesatad
Samarbeidsrådet Olav Sande
Skr. BSF-instruktør Målfrid Husebø

Samarbeidsutval Rogaland Bondelag/ Gjensidige Forsikring, Rogaland

Arna Høyland, Nærbø
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Svein Helge Harbo

Desse har representert Rogaland Bondelag i følgjande organ i 2008

Styret i RBU
Arnstein Gilje, Stavanger

Styret i RBK

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Utsendingar til RBU sitt årsmøte

Ole Andreas Aarsland, Varhaug
Abraham Aarsland, Søre Hå

Utsendingar til RBK sitt årsmøte

Arna Høyland, Nærbø
Per Inge Egeland, Hjelmeland

Utsendingar til BSF sitt årsmøte

Elisabeth K. Nesheim, Vats
Svein Helge Harbo, kont.

Styret i Samarbeidsrådet for land- bruksorg. i Rogaland

Arna Høyland, Nærbø

Medlem i Innovasjon Norge, styret i Rogaland

Arna Høyland, Nærbø

Kontaktperson for Landbrukets HMS -teneste

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Prosjektgruppe for Fylkesdelplan for landbruket i Rogaland

Per Inge Egeland, Hjelmeland
Vararepr. Svein Helge Harbo, kont.

Agrovisjon

Hovudkomite: Arnstein Gilje, Stavanger

Heimevernets distriktsråd

Tjalve Lekvam, Strand

Referansegruppe for KSL
Sigmund Slettebø, Eigersund
Bjørn Borgen, Orre

Regionalt miljøprogram
Styringsgruppa: Arna Høyland, Nærbø
Prosjektgruppa: Svein Helge Harbo

EB-utvalet i Rogaland
Elisabeth K. Nesheim, Vats
Olav Sande, kont.

Aksjon Jærvassdrag
Arnstein Gilje, Stavanger

Styringsgruppe for frivillege tiltak
Arnstein Gilje, Stavanger

Referansegruppe for vannregionen
Olav Sande, kont.

Vannområdegruppe
Gabriel Thrane Skasheim, Bore

Verdiskapingsforum Mat
Arna Høyland, Nærbø

Fagforum for mat og drikke A/S
Arna Høyland, Nærbø

NCE- Culinology
Arna Høyland, Nærbø

Tilgang på kompetent arbeidskraft
Arna Høyland, Nærbø

**Styringsgr. - felles prosjekt for NBG,
BM og Inn på tunet**
Svein Helge Harbo, kont.

Fagforumstyret Naturbruk – Rogaland
Svein Helge Harbo, kont.

**Arbeidsgruppe for handlingsplan for
Åkerrikse**
Olav Sande, kont.

**Prosjekt ang. kulturlandskap - Arvesøl-
vet i Rogaland**
Svein Helge Harbo, kont.

**Styringsgruppe for tursti langs Figgjo-
vassdraget**
Bjarne Brunnes, Sandnes

Floghavregruppe i regi av FMLA
Sven Dysjaland, Bore

**Referansegruppe for planlegging av
trase ang. Transportkorridor Vest**
Arnstein Gilje, Stavanger

Rådgivande utval for Jærstrendene
Arild Ånestad, Bore

**Fylkesbondelaget sin repr. ang. rovdyr-
saker**

Ingar Naustvik, Suldal

**Faste repr. i styret, representant-
skapet og utval i Norges Bondelag
busett i Rogaland:**

Styret i Norges Bondelag
Bjarne A. Undheim, Time, leiar – fram
til juni 2008
Tor Inge Eidesen, Haugesund

Representantskapet
Bjarne A. Undheim, Time – fram til
juni 2008
Tor Inge Eidesen, Haugesund
Arna Høyland, Nærbø

Grøntutvalet
Jarle Wiig, Orre

Miljø- og kvalitetsutvalet
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

Utval for dyrevernsaker
Abraham Aarsland, Søre Hå

**Samarbeidsutval NB
og Gjensidige Fors.**
Svein Helge Harbo – fram til sept. 2008

**Utsendingane til Norges Bondelag
sitt årsmøtet - 2008**

Arna Høyland, Nærbø
Ole Andreas Aarsland, Varhaug
Morten Malmin, Sandnes
Trygve Høines, Nord-Karmøy
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Elisabeth K. Nesheim, Vats
Sonja Herigstad Skårland, Time
Arnstein Gilje, Stavanger
Abraham Aarsland, Søre Hå
Tanja T. Hamre, Lund
Odd Sele, Bore
Livar Nedrebø, Time

Margunn Nedrebø møtte for NBK

Æresmedlem i fylkeslaget
Einar K. Time, Stavanger



HLB
HØGSKULEN
FOR LANDBRUK OG
BYGDENÆRINGAR

**Fagkunnskap
for
framtida**

**Høgskulen for landbruk
og bygdenæringar BA**

Tårnvn 9, Nærlandparken, 4365 Nærbø
Tlf 51 79 94 00 Fax 51 79 94 01
E-post: post@hlab.no - www.hlab.no

**Nå har også du tid
og høve til å styrkja
kompetansen**

Vi tilbyr følgjande samling
og nettbasert deltidsstudium:

- **Økonomi og leiging**
- **Husdyrproduksjon**
- **Handlingskompetanse**

Kvart studium gir 60 studiepoeng og
går over to år, med 6-10 samlingar
frå september-april/mai.

Studia er godkjende for lån/stipend i Lånekassen.

Søknadsfrist 1. mai, opptak til
studiestart, dersom ledige plasser.

Arbeidsplan for 2008/2009

Arbeidsplanen byggjer på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen:
Vi får Rogaland til å gro

Desse arbeidsområda har styret i Rogaland Bondelag arbeida spesielt med:

- Ramevilkåra for landbruket, styrke inntektsutviklinga og sikre rekruttering til næringa
Engasjera lokallaga og gje uttale på saker som påverkar bondens inntekt/kvardag
- Praktisk HMS arbeid på garden
Mål om 15 studieringar i 2008 og 15 studieringar i 2009.
- Areal og ressursforvaltning
Vera tilhøyrar på fylkeslandbruksstyret sine møte.
Vera tilhøyrar på fylkesutvalsmøta, saklista bør vurderast før oppmøte. (Arnstein Gilje har møtt på dei fleste møta
Vera aktiv i revidering av fylkesdelplanar innan dette tema.
- Delta i samfunnsdebatten – fylgje opp infostrategien
Politikarkontakt - stortingsbenken og fylkespolitikarar - delta på møte der andre leiande næringsorganisasjonar møtes og ha mediakontakt. Skaffe seg kunnskap og kunne delta aktivt på møte der ramevilkår for landbruket vart lagt/drøfta.
Delta aktivt i klima- og miljødebatten framover
Delta på møte i lokallaga
- Etablerer "Tenkeloft" for rogalandsjordbruket saman med aktørar innan landbruket
Styrka primærprodusenten som råvareprodusent og oppmuntra til nyskaping der det ligg til rette for slikt.

Andre konkrete tiltak knytte opp til måla i strategiplanen:

Våre medlemmer

- Ha fokus på verving av bønder med produksjon, marknadsføra unge bønder pakken og følgja desse spesielt opp. Ta vare på medlemmer ein alt har.
- Vera meir synlege overfor medlemmane gjennom bondebladet og heimesidene våre
- Hjelpa lokallag som ynskjer å opprette heimesider

- Styrkja samholdet og solidariteten i organisasjonen og innan næringa
- Arbeida for å få fleire kvinner som aktive medlemmer og som tillitsvalde i organisasjonen

Lokallaga

- Hjelpa til med opplegg lokallaga kan nytta i møte med lokale politikarar og andre i sitt nærmiljø
- Gå aktivt ut med kurstilbod til tillitsvalde og stimulera dei til å delta
- Motivera til å etablera fellesstyre mellom lokallag i ein kommune og stimulera til samarbeid mellom lokallag innan regionane i fylket
- Styret skal i løpet av arbeidsåret ha to telefon- eller kontaktrundar med leiarane i lokallaga og vera bevisste på lokallaga sine ynskjer og utfordringar
- Oppmoda lokallaga til å pleia kontakten med lokalpolitikarane og næringsavdelingane i kommunen, og søke medlemskap i lokale næringsforeningar
- Be lokallaga støtta opp om bygdeungdomslaget
- Hjelpa lokallaga til å gjennomføra Open Gard

Næringspolitikk

- Følgja opp saker som kjem frå enkeltmedlemmer og lokallaga
- Gjennomføra tiltak som vert lagt opp frå Norges Bondelag si side
- Ha eit aktivt engasjement i næringspolitiske saker opp mot Norges Bondelag
- Følgja opp saker som kjem ang. WTO-forhandlingane

Nettverksbygging

- Gjennomføra tiltak i samband med Den Grøne Skulen
- Oppretthalda kontakten med hjelpeprosjektet i Sambolabo i Kamerun. (U-landsutvalet),
- Delta aktivt i partnerskapet i NCE (Norwegian Centres for Expertise). Nasjonalt senter for utvikling og vekst innanfor matindustriell forskning, og gjera det betre kjent hjå medlemmane

Den politiske kontakten

- Senda ut målretta informasjon til fylkes- og Stortingspolitikarar til dømes med e-post
- Støtta opp om Nei til EU

Nye satsingsområde - landbruksbasert næringsutvikling

- Arbeida vidare med landbruksbasert næringsutvikling
- Gi tilbod om kurs gjennom BSF, Bygdekompasset eller gjennom prosjektet om felles sekretariat
- Følgja opp strategiplanen for Økologisk landbruksproduksjon i Rogaland
- Delta i prosjekt nye næringar i landbruket

Arealforvaltning

- Hjelpa til og oppfordra lokallaga til engasjement i plan- og reguleringsaker på kommunenivå
- Gå aktivt inn i ulike vernesaker som kjem opp til behandling

Samarbeidet mellom styret og administrasjonen

- Foreta evaluering av arbeidsmåte/situasjon i styret
- Gi tid under styremøta til næringspolitiske diskusjonar og innspel på saker det bør arbeidast vidare med
- Gjennomføra styresamling saman med dei tilsette

Arbeidsplanen vart einstemming godkjent under fylkesårsmøtet i mars.

Ved gjennomgangen av planen i styremøtet 27. aug. gjorde styret vedtak om å prioritera følgjande saker:
Fylkeslaget skal leggja heile arbeidsplanen til grunn, men vi spesielt prioritera følgjande:

HMS-arbeidet

Det skal leggjast opp til eit HMS-møte i samarbeid med lokallaga i nordfylket og Landbrukets HMS-teneste i løpet av hausten. Ein skal trekkja inn folk utanom for å få fram kva HMS-tiltak andre næringar har og kva vekt dei legg på det.

Gjennomføring av eit tilsvarande møte for Sør-Rogaland skal vurderast seinare.

Ein skal oppmoding til lokallaga om å setja i gang fleire Praktisk HMS-kurs og minna samarbeidspartar i denne saka – 0-visjonen – om å engasjera seg i saka for å få til fleire kurs hjå bønder. Saka må opp på dagsorden i heile næringa.



Utsendingar og andre deltakarar frå Rogaland på årsmøtet til Norges Bondelag juni 2008. Framme frå venstre: Bente Gilje, Grete Waldeland Høyland, Arna Høyland Abraham Aarland, Per Inge Egeland og Ove Ommundsen.

I midten frå venstre: Arnstein Gilje, Ole Morten Høyland, Elisabet K. Nesheim, Ole Andreas Aarland, Margunn Nedrebø, Sonja Herigstad Skårland og Tanja T. Hamre.

Bak frå venstre: Svein Helge Harbo, Sveinung Svebestad, Morten Malmin, Trygve Høines, Tor Inger Eidesen, Odd Sele og Livar Nedrebø.

Jordvern

Det skal gjennomførast 1 til 2 kurs for styremedlemmer i lokallaga ang. arbeidet med arealdelen i kommuneplanane. Ein skal søka samarbeid med Norges Bondelag for gjennomføring av desse møta.

Kurs for styremedlemmene i lokallaga

I ringerunde styremedlemmene skal ta til "sine" lokallag innan utgangen av veke 36 skal dei drøfta behovet for kurs/skolering for styremedlemmen i lokallaga, også skolering av valnemndene i lokallaga. I tlf-runden skal dei og ta opp saka om gjennomføring av Praktisk HMS-kurs og årsmøterunden.

Styret vil om det let seg gjera, invitera to frå kvart lokallag til kursdelen om landbrukspolitikk som skal gjennomførast første dag under leiarmøtet til hausten. Lokallaga må sjølv dekkja kostnadane det vil føra med seg.

Utval for å drøfta aktuelle tiltak for å styrka arbeidet i lokallaga

Styret ser aktiviteten i lokallaga som svært viktig og sette ut frå det, ned eit utval som fekk i oppgåve å vurdere kva som kan gjerast for å hjelpe lokallaga med å styrka/auka aktiviteten og betra deltakinga under arrangement lokallaga har.

Følgjande skal vera med i utvalet:

- To frå fylkesstyret - Ingar Naustvik (leiar) og Arna Høyland
- Ein frå lokallaga
- Ein repr. frå RBK – dei oppnemnar vedkomande sjølv

Sekretariatet skal leggjast til fylkeskontoret.

Oppdatering for styret

Med grunnlag i at marknadsordninga for kjøtt og egg skal leggjast om ser styret det som viktig at dei sjølv er godt kjende med saka. Andre tema styret vil ta opp i styremøte utover hausten er:

Arbeidet til Innovasjon v/Audun Rake, Grøntnæringa sin situasjon i Rogaland v/leiar i grøntutvalet og evt. andre.

Andre arbeidsoppgåver:

Stortingsvalet hausten 2009 – det bør arbeidast med å sende innspel ang. punkt om landbruket i programma til dei ulike politiske partia.

Styresaker

I meldingsåret – 1. januar til 31. desember 2008 – har styret hatt 11 møte og 3 møte i arbeidsutvalet. Til nokre av møta hadde ein invitert personar/organisasjonar utanom. Nærare omtale av dette lenger bak i årsmelding.

Styret har i meldingsåret behandla 85 førebudde saker. Ein del av desse har vorte drøfta på fleire møte og ut frå nytt saksarkivsystem får same sak nytt nummer

kvar gong saka har vore opp til drøfting i styret. I tillegg har fleire saker frå året før vorte drøfta i meldingsåret. Dessutan har styret hatt ei rekkje referatsaker til orientering og delvis behandling.

I årsmeldinga vert dei viktigaste sakene omtala. For saker styret har gitt uttale til, har ein teke med heile uttalen i viktige næringspolitiske saker, medan berre hovudpunkta er teke med i andre.

Næringspolitiske saker

Uttale til jordbruksforhandlingane 2008.....	s 10
Tiltak i samband med jordbruksforhandlingane	s 18
Endring av marknadsordninga for kjøtt og egg.....	s 19
Endring i forskrifter om kvoteordninga for mjølk - kvoteleige	s 20
Strategi for bruken av BU-midlane i Rogaland	s 20
Revidering av regelverket for RMP-ordninga	s 22
Forslag til endring av odelslova og konsesjonslova – høyring.....	s 23
Møte med Rogalandsbenken	s 24

Uttale til jordbruksforhandlingane 2008

Med grunnlag i ”Studiehefte i landbrukspolitikk 2008” har lokallaga gjennomført studieringar og medlemsmøte i forkant av utarbeidinga av laga sin uttale. Rogaland Bondelag fekk inn 27 fråsegn frå lokallag. I tillegg har ein fått uttalar frå fylkeslaget sitt Grøntutval og frå fleire organisasjonar. Alle innkomne fråsegn vart sende til styret og lagt med som vedlegg til uttalen til Norges Bondelag. I tillegg har styret hatt samrådsmøte med landbruksrelaterte organisasjonar i fylket for å få deira innspel.

Med grunnlag i eit notat om bruken av virkemidla i norsk landbrukspolitikk Sør-Trøndelag Bondelag har utarbeidd og eit

notat frå Norges Bondelag som utdjupa notatet til Sør-Trøndelag, hadde fylkestyret grundige drøftingar kring temaet. Fagsjef i Norges Bondelag Andreas Huus deltok på styremøte 21. Januar der han gjekk gjennom dei ulike virkemidla og utfylte notatet frå Norges Bondelag.

Noko av konklusjonane etter fleire drøftingar i styret var at utforminga av dagens tilskotsstruktur er god nok dersom ein vil stimulera landbruket og busetnaden i heile landet. Det er ikkje innretninga på tilskota eller talet på tilskotsordningar det feil med, men storleiken på potten for fordeling som er for liten. Med grunnlag i dette var sty-

ret einig om at ein skulle ikkje fremja eiga sak med grunnlag i innspel frå Sør-Trøndelag Bondelag, men trekkja det inn i styret sin uttale til jordbruksforhandlingane.

Hovudprioriteringar i fylkeslaget sin uttale

- **Inntektsutvikling hjå bøndene** - vert eintydig og klart prioritert som det viktigast av alt i fråsegna frå lokallaga. Eit krafttak i inntekta nå er avgjerande for at ein skal ha eit aktivt landbruk i åra framover.
- **Betre velferdsordningar og meir kapital** er sett opp som nr 2 og 3 i prio-

riteringslista frå lokallaga – kva som er sett opp først varierer noko mellom lokallaga, men begge tiltaka må vera med på toppen av prioriteringslista.

- **Målprisane** må hevjest vesentleg – eit viktig grunnlag for inntektsløftet
- **Budsjettmidlar/friske midlar** - må aukast vesentleg. Desse må først og fremst nyttast til å styrkja velferdsordningane og strukturtiltaka på ein slik måte at dei betrar økonomien på mindre og mellomstore bruk som ikkje får same nytte av auke i målprisane slik større bruk får.
- **Store behovet for midlar til investeringar** – m.a. ut frå krav ang. hald av dyr. Dette må i hovudsak dekkast inn med hjelp av investeringsmidlar utanom jordbruksramma.
- Det må opnast opp for at det kan vera **meir enn eitt driftstillegg pr foretak**.

Generelt

Om det kan trekkjast fram fleire positive element for landbruket framover, m.a. med rom for større produksjon innan fleire kjøttslag, har den økonomiske utviklinga innan næringa likevel ei klart negativ og uheldig utvikling. Fleire ting viser det, t.d. driftsgranskingane og tal frå rekneskapslaga i fylket og avviklinga av drifta på gardsbruk. Den negative utviklinga er særleg alvorleg når ein også trekkje inn inntektsutviklinga elles i samfunnet. Bøndene har ikkje på langt nær fått del i velferdsauken på same måten som andre grupper dei siste 3 – 4 åra. Ut frå ei tid med eit stort press i arbeidsmarkedet med høge lønningar, ordna arbeidstid og gode velferdsordningar, har landbruket ei stor utfordring med å rekruttera ungdommen til yrket. Talet på søknadar til vidaregåande skular i fylket viser klar nedgang frå 90 søkjarar ved førsteopptak for naturbruk i 2006, 62 i 2007 og berre 44 nå i 2008.

På grunn av denne utviklinga er det opparbeid eit klart krav bjå bøndene at nå - under årets forhandlingsrunde - må det skje noko – **det må koma eit krafttak**. Dei siste par åra har det vore klare forventningar om eit løft i forhandlingane. I år er det og forventningar, men det har og kome inn ei **tydeleg spenning** om kva resultat forhandlingane i år vil føra til. Dersom forventningane og spenninga ikkje får ei positiv utløyning, er Rogaland Bondelag sterkt redd for at ein vil oppleve reaksjonar både på



Betre inntektsutvikling var eit klart mål for leiaren i Norges Bondelag og forhandlingsleiar Bjørn A. Undheim under forhandlingane våren 2008.

kort og lang sikt som vil vera vanskeleg å bøta på. Over heile fylket – også i sentrale område på Jæren – ser ein at talet på bønder er i sterk reduksjon. I bygdar over heile fylket vert det t.d. vist til at for rundt 10 år sidan var det 10 – 15 eller fleire aktive mjølkeprodusentar. I dag er det att berre eit fåtal. Nokre av desse er og alt i ferd med å telja på knappane om dei skal avvikla landbruksdrifta.

Dette er ei utvikling fylkesbondelaget vurderer som alvorleg og ein fryktar at det vil gå sterkt ut over mange element, m.a. ei klar svekking av det landbruksfaglege miljøet rundt i bygdene, målet om å oppretthalda eit landbruk over heile landet, kulturlandskapet og distriktselementet i landbrukspolitikken. Det viktigaste tiltaket for å endra denne utviklinga er at næringa gjennom årets avtale får **eit klar inntektsløft**. Dei politiske signala m.a. i Soria Moria-avtalen og andre politiske dokument, skulle vera grunnlag nok for regjeringa å gi næringa dette løftet. Ein variert bruksstruktur med levande og aktive gardsbruk er sjølve bærebjelken og legitimiteten for å kunna forsvare eit norsk landbruk fordelt over heile landet. Mange mindre einingar er også eit langt betre utgangspunkt i problemet med spreidinga av sjukdomssmitte overfor husdyra våre, men og innan plante dyrkinga.

Ein anna viktig grunn for at årets oppgjør må verta historisk høgt, er den omfattande prisstigninga ein har i landet. Ut frå fleire signal vil kostnadsstigninga halda fram. Byggekostnadane har m.a. auka med rundt 40 % dei siste 2 – 3

åra. I tillegg har ein auke i lønningane, energikostnadane og nå siste signala om ein kraftig prisauke på gjødsel. Signala mange bønder gir er at inntektsauken ein skulle få etter avtalen i fjor, er eten opp av stor kostnadsauke i ettertid. Noko tilsvarende situasjon må vi unngå i koma i etter forhandlingsrunden i år.

Full kostnadskompensasjon, ei rettferdig inntektsutviklinga med same kronetillegget som andre grupper, vesentleg auke i budsjettmidlar for å oppretthalda ein variert bruksstruktur og betring av velferdsmidlane og meir midlar til investeringstiltak, må vera hovudelementa i kravet. Eit slikt opplegg vil og vera med å betra rekrutteringa til næringa.

Ang. signalisert prisstigning på gjødsel ber Norges Bondelag vurderer om det kan vera lurt å ikkje trekkja inn denne kostnadsauken nå under hovudforhandlingane, men avventa til nye gjødselprisar føreligg og då be om tilleggsforhandlingar for å få kompensasjon for ekstra stor stigning i gjødselprisane.

Målprisen

Målprisane må få ein større auke i år enn det som har vore vanleg dei siste tida. Grunnar for det er ønske om å ta mest mogleg inntekt ut av markedet. Det vil seia - utnytta viljen i markedet til å betala meir for norske matvarer og at verdsmarkedsprisane har stege mykje det siste året. Som andre næringar må også landbruket få leggja store deler av kostnadsauken i produksjonen over på prisane på produkta ein sel.

Styret er klar over at den totale auken for målprisen i forslaga nedafør i sum er ein god del høgare enn det det er opning for i samband med gul boks og internstøtta. Fylkesbondelaget er glad for det omfattande arbeidet Norges Bondelag har gjennomført aleine eller i samarbeid med andre, for å få til eit større handlingsrom innan dagens regelverk. Dette arbeidet må haldast fram og gjerne intensiverast. Styret i Rogaland Bondelag er reservert til å lempa heile ansvaret for dette over på Staten ut frå argumentasjonen om at det var dei som skreiv under GATT-avtalen i 1994. Bondelaget bør slik det er gjort til nå, gå aktivt inn i dialog med Staten og evt. andre for å påverka tiltak som vert gjort for å finna løysingar. Endring av målprispunktet for kjøtt bør og vurderast i denne samanhengen.

Rogaland Bondelag er reservert overfor tanken å gjera eit "kyllinggrep" for andre produksjonar. Ein er redd at slike tiltak på sikt kan vera med å svekkja dei viktige marknads- og reguleringsordningane vi har for dei ulike produksjonane. Norges Bondelag må i det lengste arbeida mot eit slikt grep og arbeida for å få gjennomført ei grundig analyse av konsekvensar med å gjennomføra slike grep overfor andre produksjonar. I alle høve må ein under forhandlingane velja den løysinga som vil føra til minst ulempe for eit samla norsk landbruk, både på kort og lang sikt.

Målprisauken for dei ulike produksjonane

Med grunnlag i det som er nemnd ovafor vil styret føreslå følgjande auke for dei viktigaste produksjonane innan landbruket:

- Mjølkk – pluss 50 øre pr liter både for ku- og geitemjølkk
- Storfekjøtt – pluss 5 kroner
- Svin – pluss 1 kr pr kg
- Sau og lammekjøtt – pluss 10 kr pr kg
- Egg – pluss 50 øre pr kg
- Korn – ein mindre auke som bør dekkast opp med auke i prisnedskriving av korn til kraftfor, slik at det ikkje fører til særleg auke i kraftforprisen.
- Oljevektstar – ein auke for å stimulera til produksjon av protein
- Grønsaker og potet – samla auke på 10 % i samsvar med Grøntutvalet si innstilling

I sum vil dette krevja ein total auke i målprisane på rundt 1,8 milliardar kroner.



Leiar Bjørn A. Undheim og generalsekretær Harald Milli under årsmøtet til Norges Bondelag. Foto Bondevennene.

Overføringane

Auken i målprisane gir størst utslag for større bruk. Difor må friske budsjettmidlar først og fremst nyttast til styrking av strukturtiltak retta mot mindre og mellomstore bruk som ikkje får stor nok effekt av auke i målprisane og til styrking av velferdstiltaka. Rogaland Bondelag vil sterkt rå i frå å gå inn på ei omfordeling av midlane som i dag vert nytta til dei ulike tiltaka. Ein må halda på tradisjonen Norges Bondelag har hatt om at det i hovudsak er friske midlar som vert nytta til styrking av strukturtiltaka.

Når det gjeld midlar til investeringar må det i første omgang berre vera ein avgrensa del av den totale ramma som må øyremerkast til investeringstiltak. Gjennom pålagde krav om utbetringar på grunn av dyrehald, både innan eggproduksjonen og ikkje minst ang. lausdriftskravet for storfe, må næringa ha ein vesentleg auke i tilgangen av midlar for utbetringar og nyinvesteringar. Norges Bondelag må fortsatt arbeida aktivt for å få gjennomslag for å få til ei slik investeringspakke utanom avtalen. Etter ein svært avgrensa auke i fjor er det behov for vesentleg meir midlar her nå i år og i tida framover.

Skatt og avgift

Landbruksfrådraget må ikkje aukast i år – inntekta må opp først. I frå lokallaga er det fortsatt klare signal på at avskrivings-satsane for landbruket må hevast – først og fremst for bygningar, men og for anna driftsapparat. Låge avskrivningar føre til kunstig høge inntekter hjå bonden. Alle

bønder står med visse mellomrom overfor store investeringar. Ut frå det er det klart behov for å kunna setja av til fond med skattefordelar i gode år for å kunna ha ein viss eigenkapital når dei store investeringane må gjerast.

Rogaland Bondelag vil forslå at landbruket får ei eiga "BSU-ordning" for ungdom som vil overta gard og verta bonde. Dette vil og vera eit positivt tiltak med tanke på rekrutteringa til næringa. Ein bør kunna ta utgangspunkt i gjeldande ordning. Beløpsgrensene må vera ein del høgare – både dei årlege avsetningane, men og totalbeløpet – då det her dreier seg både om å skaffa seg ein arbeidsplass i tillegg til ein plass å bu.

Rogaland Bondelag vil vidare oppmoda Norges Bondelag om fortsatt å arbeida for å fjerna fleire av særavgiftene næringa er pålagde. Ein kan berre nemna forbruksavgifta på straum som store deler av næringslivet alt har fritak for, ulike miljøavgifta, særleg på plantevernmiddel og importavgifta på urea brukt i kraftfor. I tillegg må det fortsatt arbeidast for at Mattilsynet i større grad vert finansiert direkte over statsbudsjettet slik at avgiftene landbruket vert trekt for ved dei ulike funksjonane Mattilsynet utfører, vert redusert. Styret ser positivt på det som alt er gjort i denne samanhengen, men arbeidet må haldast fram.

Virkemidla i jordbruksavtalen – dei enkelte produksjonane

Rogaland Bondelag er oppteken av at det vert ei ballansert utvikling av dei ulike virkemidla og at dei i hovudsak er med å dekkjer opp om meirkostnadane

det er med å driva mindre og mellomstore bruk og med å driva i distrikta.

Strukturtiltak

Som nemnd ovafor må ein stor del av dei friske budsjettmidlane ein får, nyttast til strukturretta tiltak for å sikra økonomien på mindre og mellomstore bruk som ikkje får same effekt av auke i målprisane slik større bruk får det. På den andre sida må vi ikkje stilla store og små bruk opp mot kvarandre. Vi treng dei alle og alle typar bruk må ha ei anstendig inntektsutvikling.

Produksjonsregulerande tiltak

I uttalanen frå lokallaga er det ei klar holdning om at konsesjonsordningar og kvotesystem som regulerer produksjonsomfanget pr bruk må oppretthaldast på det nivået ein har i dag.

Fleire driftstillegg pr foretak

Rogaland Bondelag går inn for at det kan gist fleire driftstilskot pr foretak – dvs eit driftstilskot for kvar produksjon som i dag kan få driftstillegg – grovforetande dyr. I staden for å gi særordningar for bruk tilknytta samdrifter, vil Rogaland Bondelag føreslå at det generelt vert gitt eit driftstillegg til kvar produksjon sjølv om det er knytta til og vert drive på det same foretaket. Med eit slikt grep vil ein og i stor grad unngå kunstig oppsplitting av drifta i fleire foretak.

Det vil og vera ein sterk stimulator for å auka produksjonen av både storfe- og sauekjøtt. I tillegg vil det vera ei styrking av økonomien til kombinasjonsbruka. Ut frå dei naturgitte forholda i fylket og på Vestlandet generelt, er kombinasjonsbruk den best eigna driftsforma. Med eit slikt driftsopplegg får ein utnytta dei naturgitte ressursane best på gardane. Drift av fleire produksjonar på same bruket gir ikkje høve til same rasjonaliseringseffekten som ved spesialisering. Ved tidlegare endringar i tilskotsordningane har bruk med fleire produksjonar, kome svært uheldig ut. Ved innføring av fleire driftstillegg pr foretak kan ein rettar opp desse verkadane og gi ein ny giv til eit driftsopplegg som for mange bruk byggjer på dei naturgitte forholda bruket har.

Mjølkeproduksjonen og kvoteordninga

Mjølkeproduksjonen - som den viktigaste produksjonen innan landbruket og som bærebjelken i distrikta - må få ein klart betre lønnsemd. Tilskotsordningane må nyttast slik at dei ivaretek ein variert bruksstruktur over heile landet.

Ang. kvoteordninga for mjølk vil styret peika på følgjande hovudpunkt:

- Taket for kvote pr enkeltbruk på 400.000 l og 750.000 l for samdrifter, må stå fast.
- Avgrensinga i talet på deltakarar pr samdrift bør aukast eller fjernast.
- Avstanden på 17 km for deltaking i samdrifta må stå fast, men det bør vera opning for dispensasjon i grissgrente strøk der det er naturleg lang avstand til aktuelle samdriftspart og ei slik grense vil virka klart urimeleg. Ein slik dispensasjon bør og vurderast dersom talet på deltakarar pr samdrift vert ståande fast.
- Det er klare signal frå lokallaga om at kvoteleige må verta legalt både for samdrifter og for enkeltbruk. Viktige argument for kvoteleige er at ein skal kunna behalda mjølka innan bygda/kommunen. Ved opning av kvoteleige vil ein og få vekk eit irritasjonsmoment. Avgrensingar ved kvoteleige må vera som for samdrifter.
- Andelen av fritt sal av kvote må ikkje aukast og prisen på den statlege delen må stå fast.
- Det må ikkje opnast for sal av sovande kvote. Skal det likevel gjerast må det vera staten som kjøper den til låg pris og sel den ut att til dei som har sterkt behov for auke i kvotegrunnlaget, t.d. ved nybygg.
- Kjøp av kvote må kunna utgiftsførast.
- Ved auke i forholdstalet må bruk som har makskvote ikkje få utvida kvoten sin. Når det vert gitt opning for auke i produksjon utover kvoten utan at det skal krevjast inn overproduksjonsavgifta, må alle bruk få høve til det sjølv om denne produksjonen kjem over gjeldande produksjonstak.
- Mjølkeproduksjonen er ein langsiktig produksjon. Av fleire grunnar er det vanskeleg å treffa heilt med kvoten. Med grunnlag i det vert det føreslått å innføre ei fleksing av kvoten slik at ein for eit år kan ha eit avvik på 5 – 10 % som vert ført over til neste år. Utjamninga må skje i løpet av ein periode på 2 – 3 år.

Sommarsamdrift for ku

Intensjonen med ordninga er positiv, men slik det vert praktisert einskilde stader, er ein i ferd med å undergrava ordninga. Det må vera eit klart krav

om at mjølkekyr i sommarsamdrift må vera ut på beite. For å ikkje øydeleggja opplegget for dei ordninga var tiltenkt, må ein strama inn regelverket og fjerna misbruket.

Geitehaldet

Geita står sentralt når det gjeld å utnytta utmarksressursane og som landskapspleiar. Rogaland Bondelag ser det difor som viktig at ein opprettheld det geitemiljøet ein har i fylket og at det vert opna for nyetableringar i den grad marknadssituasjonen tillet det. Kvoteordninga for geitemjølke må ikkje endrast. Det bør setjast større fokus på ei berekraftig og markedsretta produktutvikling på geitemjølke samt større fokus på mjølke kvaliteten.

Kjøttproduksjon - generelt

Rogaland Bondelag er bekymra over det store underskotet ein har for storfe- og lammekjøtt for tida. Ein er redd at ein langvarig import av dei mengdene ein har i dag, vil opna for importkanalar det kan verta vanskeleg å tetta igjen seinare. På grunn av denne underdekninga meiner Rogaland Bondelag at ein må prioritera begge desse produksjonen og lønnsmda må klart betrast.

Storfekjøtt

Et av problema innan storfekjøtt er at talet på mordyr minkar. Ut frå det bør det setjast i verk tiltaka som vil stimulera til auke i talet på mordyr – enten innan mjølkeproduksjonen eller ved auke i talet på ammekyr. Ei løysing kan vera at ein premierer fødte kalvar. Det vil vera ein invitt til at bøndene held mordyret lenger – til etter kalving.

Rogaland Bondelag vil ut frå dei gode erfaringane ein har med tillegget på lammekjøtt, føreslå innføring av eit slaktedyrt tillegg på kr 500,- til slaktegruppa ung okse, kastrat og kvige og innafør gitte kvalitetskreterier.

Sauehaldet

Første trinn for produksjonstilskotet for sau bør går opp til 100 dyr og at satsen for neste trinn - 100 til 200 dyr - vert 250 kr pr dyr. Tillegget for lammeslakt bør hevjest til 150 kr for kvalitet O og betre.

Etter Rogaland Bondelag si vurdering har opprettinga av lammekjøtttillegget og meir vektlegging på sauen som kulturlandskapspleiar vore svært positive og vorte vel mottekne. Desse ordningane må oppretthaldast og satsast meir på.

Ut frå erfaringa ein har frå etablering av ein del samdrifter for mjølkeproduksjonen, vil Rogaland Bondelag ikkje gå inn for tilsvarande særordningar for sauehaldet, men arbeida for å styrka økonomien i sauehaldet generelt gjennom innføring av fleire driftstillegg pr bruk, klar heving av målprisen og gjennomføra tiltak som styrkjer dei mindre og mellomstore sauebesetningane. Sauehaldet er og må vera ein distriktsretta produksjon. Opplegg som vil føra til store og dermed færre einingar bør ikkje prioriterast.

Gris

Styret ser det som avgjerande viktig at ein beheld strukturgrisen. Ein går difor inn for å styrkja tillegget for dei første 35 suggene. Konsensejngrensa må stå fast.

Egg og fjørfekjøtt

Konsensejngrensene må stå fast. Rogaland Bondelag går inn for at distrikts-tillegget på kylling og egg vert gjort om til frakttilskot som eit ledd i å oppretthalda produksjonen i distrikta.

Korn - markedsordninga

Økonomien i kornproduksjonen bør først og fremst styrkast ved auke i AK-tillegget. Ein evt. auke i målprisen bør i størst mogleg grad verta nøytralisert med ake i prisedskrivningstillegget for forkorn. Ordninga bør og vurderast nytta til importert korn.

Ut frå situasjonen som har oppstått på kornsektoren etter at verdsmarkedsprisen på korn har vorte høgare enn prisen på norskprodusert, har ein kome opp i ein uheldig situasjon ved fordelinga av det norsk kornet og meirkostnadane med bruk av importert korn. Markedsordninga for korn må ein behalda, men avtalepartane saman med markedsansvarleg må gjera grep med ordninga som taklar den situasjonen ein har kome opp i og som sikrar forsyning av korn til alle område i landet. Målet må vera å sikra lik råvarepris over heile landet og dermed ein stabil og forutsigbar kraftforpris for alle bønder i landet.

Dyrking av proteinrike vekster bør prioriterast, likeeins proteininnhaldet i kornet.

Grøntproduksjonen

Styret viser til utvalet sin uttale og støttar opp om den. Styret understreker kor viktig det er at næringa får ei betre løysing på tilgangen av godkjende plantevernmidde. Forbruket av slike midde

er svært liten, men ei totalt fjerning av lovlege midde set næringa i ein svært vanskeleg situasjon. Eit godt og sikkert tollvern eg viktig for grøntsektoren så vel for dei flest andre produksjonane innan landbruket.

Økologisk landbruk

Norsk landbruk må dekkja den naturlege etterspørselen av økologisk dyrka matvarer, men regelverket må tilpassast det norske klimaet og naturgitte vekstvilkår.

Økonomisk stimulering av økologisk produksjon må ikkje gå på bekostning av midlar til tradisjonell drift, men med hjelp av friske midlar frå staten. Omlegginga av tilskota til økologisk produksjon som vart gjort i fjor under forhandlingane var positive. Meirkostnadane og ekstraarbeidet ein slik produksjonsform har, må på sikt dekkast inn ved større uttak i markedet. Styret ser store nytte og verdi i opplegget med klyngeproduksjon av økologisk produserte varer. Fylkesbondelaget er og oppteken av at lam slakta rett frå heiebeitane bør kunna godkjennast som økologisk produksjon.

Pelsdyrnæringa

Pelsdyrnæringa i fylket har hatt ei positiv utvikling dei siste åra. Dette må vi ta vare på og arbeida for at den kan vidareutvikla seg. Næringa har fleire odds mot seg, men likevel har ho mange positive element i seg slik at næringa fortsatt må vera ein del av landbruket.

Rundt 80 % av pelsdyrnæringa ligg i næringssvake område. Difor er det viktig at frakttilskotet på pelsdyrfor vert oppretthalden minst på dagens nivå slik at næringa også framover kan vera ein distriktsretta produksjon. Pelsdyrnæringa må få sin rettmessige del av BU-midlane. Næringa står også overfor store utfordringar knytta til krav ang. dyrevelferd.

Produksjonstilskota

Rogaland Bondelag ser positivt på reduksjonen av botnfrådraget på 1.000 kr pr foretak i fjor under forhandlingane og går inn for at trekket vert avvika i løpet av nokre år. Omsetningskravet på 20.000 kr pr år har mykje den same funksjonen. Trekket for bønder over 67 år bør oppretthaldast slik det er i dag.

Ved auke i produksjonstillegg må beløpsgrensa pr bruk hevjast tilsvarande.

Kultur og landskapstillegget

– AK-tillegget

For nokre år sidan vart omrekningsfaktoren for kulturbeite sett ned frå 0,7 til

0,6. For heile Vestlandet som er typiske beiteområde med mykje kulturbeite, var dette svært urimeleg og det vart reagert då det vart gjort. Med utgangspunkt i ønskje om å oppretthalda eit vakkert kulturlandskap og for å byggja under satsinga for ulike beitetiltak, vil vi be om at faktoren vert sett opp att til 0,7.

Miljøretta tiltak

– RMP og SMIL-midlar

Rogaland Bondelag har ikkje fått inn noko særlege reaksjonar og synspunkt på desse ordningane. Det tyder på at hovudelementa i ordningane er rimeleg aksepterte hjå bøndene. Styret ser det som viktig at ein gjennom desse ordningane kan leggja inn regionale element ein ser som viktige å ta vare på eller stimulera til lokalt. Ordningane må difor oppretthaldast, men styret går ikkje inn for å auka beløpet som skal nyttast til desse to tiltaka.

Frakttilskotsordningane

For å oppretthalda produksjonen i distrikta må ulike frakttilskot styrkjast – då særleg innfraktordningane på alle vareslag. Drivstoff og generelle transportkostnadar har auka mykje dei siste åra og det er urimeleg at bønder i distrikta skal måtta ta desse meirkostnadane i hovudsak alleine. Ut frå dei store endringane både i bruksstrukturen hjå bøndene, men ikkje minst hjå varemottakarane og –leverandørane, vil Rogaland Bondelag be om at det vert gjennomført ei grundig gjennomgang av desse tiltaka for å sjå om tida er inne for å føreta ei omlegging. Det ein ser er at samvirkeorganisasjonen sentraliserer anlegga sine, medan den ”private” foredlingsindustrien sentraliserer produsentane sine i klynger rundt foredlingsanlegga sine.

Velferdsordningane

Gode velferdsordningar er svært viktig både for å oppretthalda drifta på garden, men og for rekrutteringa til bondeyrket. Unge bønder set større krav til ordna arbeids- og fritid. Kostnadane til avløyning har auka kraftig. Frå 1999 og fram til 2007 har maksimalt tilskot for ferie og fritid auka med 15,6 %. Kostnaden for arbeidskraft har i same perioden auka med 30,5 %. I frå lokallaga er det difor eit klart krav om at maks avløyartilskot til ferie og fritid må hevjast. Rogaland Bondelag vil føreslå at maksbeløpet pr foretak og år vert auka med vel 10.000 kr og at det vert følgd opp med tilsvarande auke og neste år.

Denne auken må ikkje gå på bekostning av andre ordningar, men dekkjast opp med friske midlar frå staten. Bøndene må få refundert avløyseravgiftene raskare enn opplegget er i dag. Det bør m.a. kunna utbetalast eit a-konto beløp på t.d. 50 % av maks beløp for året ca 1. august i avløyseråret. Resten av tilskotet bruket har rett på må betalast ut etter søknad 20. januar året etterpå. Ei raskare refusjonsordning av midlane ved sjukeavløysing må og gjennomførast.

Veksthusproduksjonen er i dag ein heilårsproduksjon og bør koma med i avløyserordninga for ferie og fritid.

Maks dagsats for sjukdomsavløysing må og aukast med rundt 300 kr på maks dagsats. Ordninga må og forenklast mykje og særleg for dei som har arbeid utanom bruket. Rogaland Bondelag meiner det er urimeleg at lønnsinntekt utanom garden, skal trekkjast inn ved refusjon av kostnadane med sjukeavløysing i gardsdrifta.

Hovudregelen for refusjon ved sjukeavløysing er refusjon opp mot dokumenterte lønnskostnader. Etter omlegginga av ordninga nå nyleg, bør det og opnast opp for refusjon av kostnader ved innleige av sjølvstendig næringsdrivande. I mange bygder er det etablert eit godt Bygdeservice med hovudvekt av bønder som er sjølvstendig næringsdrivane. I mange tilfeller vil det vera svært aktuelt å nytta personar tilknytta Bygdeservice ved sjukeavløysing. Det må opnast for slike løysingar innafor ordninga.

Det må og gist høve for deltakarar i samdrifter til å kunna avløyse kvarande ved sjukdom og få refundert desse utgiftene som lønnsutgifter ved sjukdom.

Tilskotet over jordbruksavtalen til Landbrukets HMS-teneste må oppretthaldast då alle i jordbruket har fordelar av arbeidet HMS-tenesta utfører.

Titlegpensjonsordninga må oppretthaldast som i dag. Ein bør vurderer om pensjonsbeløpet bør G-regulerast slik at dei som nyttar seg av ordninga får den same inntektsutviklinga som stort sett elles er i samfunnet.

Investerings tiltak – BU-ordninga

Med aukande kapitalslit i landbruket og behov for nye store investeringar i heile landbruket delvis på grunn av offentlege pålegg, må tilgangen på investeringsvirkemiddel aukast vesentleg. Sjølv med den nye fordelingsnøkkelen av BU-midlane mellom fylka, får Rogaland fortsatt for liten del ut frå produksjonsomfanget i fylket.



BU-ordninga er viktig ved større investeringar innan landbruket. Her frå bygginga av Mosterøy Samdrift. Foto Bondevennen.

Også framover må det vera dei mellomstore bruka som skal vera grunnstammen i det landbruket vi vil ha framover. For mjølkeproduksjonen må difor praksisen ved tildelinga av midlar endrast kraftig. Bankane og andre finansieringskjelder krev at det ved nybygg skal vera sikra lønnsam drift på bruket etterpå. Det er forståeleg, men det viser seg at ein då oftast må opp i 50 – 60 kyr og helst fleire, skal dei finna det økonomisk interessant å gå inn med lån. Rogaland Bondelag er svært bekymra for denne utviklinga. Ein driftsstorleik tilpassa eit bruk med 25 – 35 kyr må vera eit produksjonsomfang ein bør kunna satsa på ved einseitig mjølkeproduksjon. Lønnsmda i mjølkeproduksjonen må vera så god at den tillet investeringar for ein slik moderat storleik. Strukturutviklinga går fort nok - også på Jæren

Styret er oppteken av kva innstilling utvalet som ser på kravet om lausdrift innan 2024, kjem med. Vil kravet om fullt lausdriftsopplegg innan 2024 verta ståande, vil det på sikt føra til ei svært sterk strukturrasjonalisering og ein vil bryta totalt med den politiske målsettinga om å oppretthalda ein variert bruksstruktur over heile landet.

Ordninga med rentestøtte ved lån må endrast slik at lånetakarane får hjelp til å dekkja ein større del av rentene ved investeringane dei første åra - t.d. 5 første åra – i staden for dagens ordning der dei får det delt ut over 15 år. Dette vil hjelpe lånetakarane ved oppstartinga og i dei vanskelegaste åra etterpå.

Klima og energi/miljø

Rogaland Bondelag er klart innstilt på at næringa i fellesskap og det enkelte

bruket bør gjera sitt for å redusera utslipp av klimagassar og CO2. Ein ser svært positiv på det initiativet Norges Bondelag har teke i denne samanhengen for å få ein betre oversikt og innblikk i desse utfordringane.

Fylkesstyret vil på dette tidspunktet sterkt rå frå at det vert brukt midlar over jordbruksavtalen til kjøp av klimavotar. Ein ser det som viktig at situasjonen for landbruket i denne samanhengen vert sett ut i frå eit totalbilette og at økonomiske midlar næringa må setja inn i denne samanhengen, vert nytta til andre ting enn til kjøp av klimavotar.

Næringsutvikling

Landbruksbasert næringsutvikling er viktig. Samtidig som ein bør ta utgangspunkt i alle ressursane på garden, må ein og vara seg for å ”gapa” for vidt. Det er signal frå lokallaga om at organisasjonen ikkje bør engasjera seg for sterkt innan denne sektoren og engasjementet må ikkje gå på bekostning av tiltak retta mot det tradisjonelle landbruket. Tiltak som går mot fritidssysler/hobbyverksemd bør ein vera varsam å gi økonomisk støtte til.

Rogaland Bondelag vil og peika på at midlar avsett til desse tiltaka, må i større grad nyttast mot bruk/personar som er direkte engasjert i desse tiltaka. Tida for dei mange og omfattande prosjekta må etter kvart vera over.

Grøntutvalet sin uttale

I samband med utforminga av Grøntutvalet sin uttale til jordbruksforhandlingane, vart representantar frå ulike organisasjonar og enkeltpersonar knytta til den grønne sektoren, inviterte til eige møte saman med grøntutvalet 19. februar. Det var og gått ut e-post til lokallaga med invitasjon til interesserte styremedlemmer i lokallaga om å delta.

Desse møte:

Grøntutvalet til Rogaland Bondelag:

Nikolai Skrettingland, leiar, Jarle Wiig, Vigdis B. Nes og Øystein T. Kleppa og Svein Helge Harbo, sekr.

Andre som møte:

Håvard Skavland, Talgje - Grøntutv. i Finnøy, Paul Østebø, tomat, Andreas Wiig, friland Grøntutv. Klepp, Ståle Runestad, Fogn, Tomat.

Uttalen

Som grunnlag for utforminga av utvalet/møtet sin uttale til jordbruksforhandlinga førelåg:

- Norges Bondelag sitt grunnlagsmateriale for grøntsektoren
- Innkomne fråsegn
- Innspel og diskusjon under møtet.

Følgjande fråsegn kom inn:

- Grøntutvala til Fogn og Finnøy Bondelag med hovudvekt på tomatproduksjonen
- Rogaland Fruktdyrkarlag
- Jæren Forsøksring med vekt på problemet med dårleg tilgang på plantevernemiddel
- Bore Bondelag - ang. bruk av BU-midlar til omlegging av drifta på bruk som har fått karantene pga kvit potetål.
- Utvalet støttar opp om desse fråsegna og la dei med som vedlegg til sin uttale.

Utvalet sin uttale

Generelt

Til liks med heile landbruksnæringa treng også den grønne sektoren eit løft ved årets jordbruksoppgjerd. Kostnadsauken siste året har nulla ut alle tillegg som ein fekk i fjor. Det viser også driftsgranskingane som vart lagt fram i haust.

Som ei oppsummering av diskusjonen konkluderte møtet med at ein ville prioritera følgjande tre element:



Tomatproduksjonen er viktig innan den grønne sektoren i Rogaland. Vi har ca 90 % av produksjonen i landet. Foto Bondevennen.

- Velferdsordningane
- Distrikts- og kvalitetstillegget
- AK-tillegget

Tollvernet

For den grønne sektoren og særleg for veksthusnæringa, er tollvernet det klart viktigaste virkemidlet. Norges Bondelag må fortsatt arbeida hardt for å oppretthalda eit høgt tollvern for alle produksjonar innan den grønne sektoren. Tolla er alt jamt over låg for desse produkta slik at det er lite å gå på før ein tapar i konkurransen med utanlandske varer. Tollvernet er på mange måtar ein kompensasjon for meirkostnader vi har med mindre driftseiningar og eit kaldare klima. Eit redusert tollvern for den grønne sektoren vil såleis få katastrofale verknadar for heile næringa her til lands. Verdien av at produksjonar innan grøntsektoren har eit rimeleg godt tollvern, betyr klart meir enn dei andre næringspolitiske elementa som er nemnde nedafor.

Målprisen

Gruppa går inn for at målprisen må auke med gjennomsnittleg 10 %. Dette grunnir ein med den generelle prisstiging for dei ulike innsatsfaktorane inkludert frakt, energi og emballasje. Markedet har og vist at det er vilje hjå forbrukarane til å betala meir for norske varer. For fleire av produksjonane er det og det siste året oppnådd prisar som har lege over målprisane. Dessutan stig pri-

sane på grønnsaker også i landa rundt oss. Det er vidare viktig at ein kan ta ut full pris/målprisen i periodar då markedet gir opning for det. Fordelinga av auken mellom dei ulike produksjonane vil ein overlata til SLF og organet som føretek desse vurderingane etter at ramma er fastsett. Utvalet ser det som viktig at produsentinteressene gjennom GPS er representert i denne samanhengen.

Utvalet ser det som viktig at det vert teke mest mogleg inntekt ut av markedet, men eit stort uttak her må ikkje forhindra at det vert brukt meir friske budsjettmidlar til struktur- og distriktsretta tiltak og då ut i frå eit klart ønskje om å oppretthalda distriktsproduksjonen innan den grønne sektoren. Ein må unngå ei utvikling der ein får nokre store industrigartneri konsentrert nær dei store byane

Ein vil og sterkt oppmoda til at det frå ulikt hald - også frå Norges Bondelag si side - vert arbeidd aktivt for å byggja opp eit merkevare for norskproduserte grønnsaker.

Areal- og kulturlandskapstillegget

Utvalet går inn for at det generelle kulturlandskapstillegget vert oppretthalde forutan at arealintervalla for dei ulike produksjonane vert ståande fast med unnatak for frukt og bær der siste arealintervallet bør verta sett til 30 – 60 dekar. Kronesatsen pr dekar bør aukast med ca 20 % for alle produksjonane. For potet bør AK-tilskotet for sone 1 –

5 over tid koma opp på same nivået som for korn i dei ulike sonene.

Distrikts- og kvalitetstilskot

Maks produksjon det vert gitt tilskot til pr bruk av dei ulike produksjonane, har stått heller stilt i lengre tid. Då dei vart fastsette anga det produksjonsomfanget på gjennomsnittsbuket. Ut frå utviklinga dei siste 10 – 15 åra bør difor produksjonen pr bruk som får tilskot, aukast for å treffa nokolunde produksjonen til middels/mellomstore bruk i dag.

Utvalet går difor inn for at maks tilskotsbeløp i sone 5 vert heva til ca 225.000 kr og at maksbeløpet for dei andre sonene får ei tilsvarende oppjustering. Når det gjeld produksjonen bør første gruppe for eple til og med morerler aukast til 60.000 kg, ber til 45.000 kg, tomat 100.000 kr. For slangeagurk og salat bør justeringa vera i samsvar med endringa for tomat. Satsen pr kg i dei ulike sonene bør endrast slik at ovanemnde forslaga går saman.

Ein rår vidare til at det er berre varer som vert omsett gjennom godkjende grossistar som skal leggjast til grunn for utbetaling av dette tilskotet.

Fraktutjamningsordningar

For å oppretthalda den distriktsvise produksjonen innan grøntsektoren ser utvalet det som svært viktig at det også for denne sektoren er gode fraktutjamningsordningar – særleg for frakta frå produsent til pakkeri/grossist. Det er urimeleg at det er produsentane sjølv som må dekkja alle transportkostnader ved busetnad og drift ute i distriktet. Desse ordningane må difor prioriterast i komande jordbruksoppgjerd.

Økologisk landbruk

Gruppa ser det som rett at norsk landbruk inkludert grøntsektoren, dekker opp etterspørselen ein har av økologisk produserte varer. På sikt må meirprisen på økologisk produserte varer i markedet vera så høg at det dekkjer behovet for meirinntektene eit slikt produksjonsopplegg krev på grunn av mindre avling og behov for større areal.

Tilskot til kvalitets- og salsfremmande tiltak

Dei ulike tiltaka under ordninga er alle viktige og det bør difor verta gitt ein generell auke i desse tilskota. Signal ein har motteke er at det er vanskeleg å få tak i nok godkjende settepoteter og nok friske grunnstammer for fruktproduksjonen.

Utvikling av friske plantemateriale

Generelt vert det etterlyst ei større satsing på utvikling av friskt plantematerial. Utvalet ser det difor som viktig at denne posten vert ståande og at den gjerne vert styrka. Med presset ein har innan produksjonen og kravet til friskt plantematerial, er det viktig at ein har ein aktiv forskning på området.

Midlar til investeringstiltak

Landbruket har generelt stort behov for midlar til investeringar og utvikling av driftsapparatet sitt. Den grøne sektoren må få tildelt sin rettmessige del av desse midlane både i dei einskilde fylka, men og av dei sentralt fordelte midlane.

Skadefondet for landbruksproduksjon

Utvalet meiner det er viktig at ordninga vert oppretthalde. Maksimale eigenandel bør vera like for ulike produksjonar og bør ikkje overstiga 100.000 kr. Går det galt på større bruk er maksbeløpet pr bruk klart forliten. Totalt må potten vera stor nok til at alle som er beretta tilskot, får den erstatninga dei skal ha etter regelverket, sjølv om det totale skadeomfanget eit år skulle verta stort. Då må ein kunna føreta tilleggsbevilgningar.

Tilskot til forsøksringane

Forskning og rettleiing er viktig for ein sterk fagleg krevjande produksjon med små marginar. Skal produksjonen lukkast er det viktig at det er fagleg dyktige rettleiarar i nærmiljøet som kan følgja opp overfor kvar einskild produsent. Fleire forsøksringar slit med økonomien og må bruka ein for stor del av tida si til å skaffa seg økonomisk grunnlag utanom å driva rettleiing. Ramma til forsøksringane bør difor aukast vesentleg og då særleg til fagringar knytta opp mot forsøk og rettleiing innan spesialproduksjonar der det er få produsent spreidd over store deler av landet. Døme her er forsøksringen for veksthus og for pyntegrønt.

Forskning/plantevernmidde

Midlar til forskning generelt innan grøntnæringa må og aukast. Spesielt vil ein peika på den prekære situasjonen næringa har kome opp i samband med tilgang og bruk av godkjende plantevernmidlar og særleg innan småkulturar. Vert ikkje dette løyst snart kan det fort føra til avvikling av grønsakproduksjonen i store deler av landet. Avgifter som vert trekt inn ved kjøp av plante-



Foto Bondevennen.

vernmidde må i sin heilhet gå til utvikling av nye midde eller til utvikling av produksjonsmetodar med redusert eller ikkje bruk av plantevernmidde

Forsøksringane, NGF og næringa generelt har arbeidd i lengre tid med dette problemet opp mot Mattilsynet. Utvalet støttar opp om dette arbeidet og vil på det sterkaste oppmoda Norges Bondelag å gå aktivt inn i denne saka. Næringa ser svært alvorleg på dette og ei betre løysing her er ein forutsetning for at ein også framover skal kunna ha desse produksjonane inkludert frukt, her i landet.

Velferdsordningane

Desse må oppretthaldast. Utvalet vil på nytt føreslå at veksthusnæringa kjem inn under ordninga for avløyning til ferie og fritid. Vekstsesongen innan veksthusnæringa omfattar heile året. Det er såleis ikkje noko pause i drifta. Utvalet vil berre peika på at sauehaldet er med i ordninga. Det er greitt, men det vert feil når veksthusnæringa ikkje får ta del i ordninga. Ut frå dette ser ein ikkje noko grunn for at veksthusnæringa skal haldast utafør ordninga. Gruppa vil difor sterkt rå til at veksthusnæringa vert teke med i ordninga heile året.

At veksthusnæringa kjem inn under avløyingsordninga er og svært viktig for rekrutteringa til næringa. Veksthusnæringa er svært krevjande og må ha kontinuerleg tilsyn i like stor grad som i husdyrhaldet. Krav til meir ordna fritid ligg og inne her.

Tiltak i samband med jordbruksforhandlingane

I frå alle ledd i organisasjonen vart det lagt opp til eit breitt engasjement gjennom heile vinteren fram mot jordbruksforhandlingane i mai.

- Gjennom vinteren 2007/2008 fekk alle kommunestyrerepresentantane i fylket brosjyre om norsk landbruk – ”Det er vi som produserer maten din”. Lokallaga vart oppmoda til å ha møte med ordførar/kommunestyre for å orientera om landbruket i kommunen. Det vart laga eit fakta-ark om landbruksproduksjonen for kvar enkelt kommune. Dette var ein landsomfattande aksjon og dei fleste lokallag i fylket gjennomførde slike møte.
- Dei fleste lokallaga hadde ein eller fleire studieringar på jordbruksavtalen. Fylkesstyremedlemmer og tilsette deltok på desse medlemsmøte. 27 lokallaga kom med uttale til fylkeslaget.
- Leiar og org.sjef møtte rogalandsbanken på Stortinget 4. mars.
- Som eit ledd i eit landsomfattande opplegg for å få fokus på årets jordbruksforhandlinga var Rogaland Bondelag bedd av Norges Bondelag om å gjennomføra eit stormøte på Klepp Rådhus 13. mars. Første nestleiar i Norges Bondelag Eli Reistad, statssekretær Ola T. Heggem i LMD, stortingsrepresentant Tore Nordtun og ordførar i Klepp kommune Elfin Lea haldt innlegg. Møteleiar var Jostein Frøyland. Rundt 200 personar

møtte noko ein var svært godt nøgd med.

- Den landsomfattande avisaksjonen vart gjennomført 16. april. Spesialutgave – i alt 4 100 aviser - av Stavanger Aftenblad, Haugesund Avis, Jærbladet og Dalane Tidende - redigert av Norges Bondelag vart delt ut i Rogaland. Redaktøren i Jærbladet reagerte på Bondelaget sin bruk av avisa sin logo og sende inn erstatningskrav. Den vart ikkje følgd opp. Organisasjonen fekk stor oppmerksomhet rundt dette opplegget og ein fekk sett dei føreståande forhandlingane i fokus.
- Fleire lokallag hang opp ”Timeglasplakaten” på innfartsveier i heile fylket. Timeglasaksjonen var nær landsomfattande, men ikkje organisert av Norges Bondelag. Det vart og organisert enkeltaksjonar av lokallag, spesielt i sørfylket der Lund og Heskestad Bondelag sperre E37 i korte periodar ein hektisk utfartsdag.
- Jordbruket sitt krav på kr 3,3 mrd. vart lagt fram fredag 25. april.
- Fylkeslaget hadde møte med styra i lokallaga 8. mai på Aksdal og i Sandnes. Hovudtema på møta var aksjonsberedskap og aktuelle tiltak dersom det skulle verta brot i forhandlingane.
- Fredag 9. mai vart staten sitt tilbud lagt fram fleire dagar seinare enn først meldt. Tilbudet var på kr 1,6 mrd.

- Måndag 13. mai vart sett i gang forhandlingar og dei vart ferdig fredag 16. mai. Ramma vart 1,9 mrd kr. Etter vedtak i styret i Norges Bondelag skulle resultatet sendast ut til medlemmene på uravstemming. I tilknytning til det gjennomførde fylkeslaget eit informasjonsmøte om avtalen på Bore samfunnshus 19. mai. Leiar i Norges Bondelag Bjarne Undheim orientera om inngått avtale og svara på spørsmål. 120 personar møtte på svært kort varsel. Same kveld var org.sjefen på eit møte i Time Bondelag og orienterte om avtalen og uravstemminga.

For å gi eit nokolunde tilsvarende tilbud i Nordfylket vart det tillyst eit ope møte i samband med Kjøttfestivalen i Ølen 23. mai. Leiar i RB og org.sjef deltok. 30 personar møtte.

- Frist for å gje si stemme på avtalen var 28. mai kl 24.00. Totalt var tilslutninga til uravstemminga noko svak med ein svarprosent på 41,6 % på landsbasis. I Rogaland nytta 44,3 % av medlemmene stemmeretten sin. Av desse stemde 85,2 % ja til avtalen medan resten stemde nei.
- Styret hadde og etter signal frå Norges Bondelag, lagt opp detaljerte opplegg dersom det skulle verta brot i forhandlingane. Dette opplegget stod sentralt under møta fylkeslaget hadde med lokallaga 8. mai – sjå ovafor

Ei lydheyr, stor forsamling var møtte fram på bondelagsmøtet på Klepp 13. mars. Foto Bondevennen.



Ved oppsummeringa i styret etter at forhandlingane vart ferdige retta styret ein stor takk til lokalklaga for gjennomføringa av dei mange tiltaka og for lojaliteten dei hadde vist ved å utføra oppdrag organisasjonen bad dei utføra. Styret streka under at få andre organisasjonen - om noko - ville vore i stand til å gjennomføra det som er utført i tilknytning til årets forhandlingsrunde. Også frå styret til Norges Bondelag vart det retta ein stor takk til lokallaga og andre for innsatsen som vart gjort gjennom heile vinteren og våren.

Organisasjonen hadde sett seg som mål å få sett jordbruket og vårens forhandlingar på dagsorden. Det makta ein. Eit døme på det var m.a. presseopplutnaden som var då jordbruket overleverte kravet sitt til staten og då staten la fram sitt tilbud.

Styret er også svært glad for den omfattande og positive omtalen alle typar media viste i samband med årets jordbruksforhandlingar. I svært stor grad har dei vist forståelse for og støtta opp om bøndene sitt krav om betring av inntekta.



God stemning på møtet 13. mars trass i at det var alvorlege spørsmål som blei drøfta. Frå v. ordførar Elfin Lea, stortingsrepresentant Tore Nordtun, 1. nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad, statssekretær Ola T. Heggem og møteleiar Jostein Frøyland. Foto Bondevennen.

Endring av marknadsordninga for kjøtt og egg

Med grunnlag i ramma for gul boks og ønske om å auka målprisane vart det under jordbruksforhandlingane våren 2008 vedteke å setja ned ei breidt samansett arbeidsgruppe som skulle sjå på endring av marknadsordning for kjøtt og egg. Forslaget til endring skulle ha ein meir fleksibel prisdanninga og ha som mål og redusera AMS-støtta. Aktuelle løysingar skulle og bidra til stabilitet i prisdanninga og det skulle vurderast korleis ulike løysingar ville påverka forutsetninga for gjennomføringa av landbrukspolitikken i trå med vedtekne mål. Endringane skal setjast i verk frå 1. juli 2009.

Landbruks- og matdepartementet har sett ned ei eiga arbeidsgruppe der nestleiar i Norges Bondelag Eli Reistad og Per Harald Agerup representerer organisasjonen. Denne gruppa skal leggja fram innstillinga si i midten av februar 2009. I tillegg er det oppnemnd ei intern faggruppe for landbruket med repr. frå fleire organisasjonar som TINE, Felleskjøpet og Gartnerhallen.

Ved årsskiftet har arbeidsgruppa kome godt i gang. Saka vart og tatt grundig opp på leiarmøtet til fylkeslaget 14. og 15. nov. - både under kursdelen på fredagen, men og på laurdagen.

Etter initiativ frå styret vart det under leiarmøtet oppnemnd ein eigen resolusjonskomite og etter forslag frå dei vart følgjande uttale einstemmig godkjend:

Marknadsordninga for kjøtt og egg

Leiarmøtet til Rogaland Bondelag er klar over at gjeldande WTO-avtale krev endringar i marknadsordninga for at Norge skal overhalda forpliktelsane sine knytta til gul boks. Ein er positiv til at det sentralt innan landbruket vert jobba aktivt for å få belyst aktuelle endringar som må til for å nå dette målet. Leiarmøtet vil sterkt påpeika at dette arbeidet ikkje må føra til ei avvikling av dagens marknadsordning, men at berre dei mest nødvendige endringane vert gjort.

Leiarmøtet til Rogaland Bondelag vil understreka at ein i dette arbeidet

må ivareta dei viktigaste elementa i dagens ordningar slik som prisstabilitet, mottakplikt og marknadsregulering. Vidare vil leiarmøtet understreka at endringane også for framtida, må gi bøndene høve til å auka inntekta si gjennom større prisuttak i markedet.

Andre element som og må leggjast til grunn er:

- At ein fortsatt kan gjennomføra landbrukspolitikken i tråd med vedtatt mål og retningslinjer
- Dei langsiktige perspektiva innan landbrukspolitikken må stå ved lag
- Endringane må gi stabilitet og forutsigbare rammevilkår
- Leveransesikkerhet for bøndene
- Sikker matforsyning

Denne er sendt til Norges Bondelag og til media.

Endringar i forskrift om kvoteordninga for mjølk – kvoteleige

Under jordbruksforhandlingane våren 2008 vart det opna for kvoteleige av mjølk frå og med kvoteåret 2009. Det er forskrifta om kvoteordninga for mjølk som regulerer heile ordninga om mjølkeproduksjon på ku og geit. Fylkesstyret hadde denne forskrifta til behandling og vedtok følgjande uttale:

Det var spesielt tre forhold det vart foreslått endringar på: opning av kvoteleige med regelverket omkring dette, nytt regelverk kring sommarsamdrift og endring av regelverk på felles kvote for ektefellar / sambuarar.

Dei viktigaste endringane i regelverket omkring sommarsamdrift var:

- Sommarsamdrift skal vera med beiting i heile perioden. Dette vil innebæra at lausdriftsfjøs der kyrne går inne heile sommaren ikkje kan vera med i ei slik samdriftsform.
- Sommarsamdrift er avgrensa til maks 6 mnd.

Når det gjeld ektefellar / sambuarar med kvar sin mjølkekvote, kan dei nå

gå i samdrift med kvarandre og andre. Dei kan også inngå leigeavtale om kvoteleige.

Samandrag av regelverket omkring kvoteleige:

Følgjande vert lagt til grunn

- Leigd kvote må produserast på leigetakers eigedom.
- Minimum leigemengde vert sett til 10 000 liter for kumjølk og 2000 liter geitemjølk til kvar leigetakar. Minimum leigeperiode vert sett til fem år.
- Ingen avgrensingar på kor mange det kan leigast kvote ut til eller leigast kvote av.
- Eigd og leigd kvote kan ikkje overstiga kvotetaket på 400 000 liter, sjølv om forholdstalet vert endra.
- Eigar av mjølkekvote kan ikkje vera utleigar og leigetakar samtidig.
- For utleige av kvote gjeld kravet om samanhengande leveranse i 2 år, som og gjeld for sal av kvote eller inngå avtale om samdrift.

• Eigen kvote pluss utleigd kvote kan ikkje overstiga kvotetaket på 400 000 liter mjølk.

• Kjøpt særskilt kvote til økologisk mjølkeproduksjon kan bare leigast ut til økologisk mjølkeproduksjon eller seljast tilbake til staten.

• Eigar av landbrukseigedom som inngår i samdrift kan verken leiga ut eller leiga inn mjølkekvote.

I uttalen sin peika Rogaland Bondelag på at mrd bakgrunn i dei sterke føringane som vart gitt i protokoll frå jordbruksforhandlingane hadde styret ikkje merknader til dei nye forskriftene.

Når det gjeld punktet at samdrifter ikkje kan leig kvote, krev Rogaland Bondelag at Norges Bondelag i jordbruksforhandlingane våren 2009, tek opp saka om kvoteleige slik at medlemmar i samdrifter vert handsama på like fot som andre eigarar av landbrukseigedom med kvote.

Strategi for bruken av BU-midlane i Rogaland

For bruken av BU-midlane – rundt 30 mill kr i Rogaland pluss midlar til rentestøtteordninga – vert det utarbeidd ein strategi for bruken av midlane. Strategi – Landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland 2007 – 2009 er den gjeldande strategien og vart vedteken i februar 2007. Det er Innovasjon Norge Rogaland, Rogaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland Landbruksavdelinga som formeldt står baken og som godkjenner den. Faglaga er med i utforminga av strategien saman med mange andre interessegrupper. Det er i stor grad administrasjonen til Innovasjon Norge Rogaland gjennom delegeringsordning frå styret til Innovasjon Norge Rogaland som fordeler midlane. Fylkesleiaren sit som primærnæringsrepresentant i dette styret. FMLA disponerer og ein pott av desse, men utgangspunktet for tildelinga ligg i nemnde strategi.



Oppretthalding av eit lønnsamt jordbruk i distrikta må vera ein viktig punkt i ny strategi for BU-ordninga i fylket. Foto Bondevennen.

Etter drøfting i styret gjorde styret vedtak om å gå aktivt inn i denne prosessen og bad arbeidsutvalet og Ola Andreas Byrkjedal til å koma med forslag til innspel til ny strategi for bruken av BU-midlane. Org.sjefen skulle vera sekretær. Styret bad gruppa om å leggja

fram forslag til innspel til fylkesstyret innan utgangen av januar 2009. I vedtaket heiter det vidare at gruppa kan trekkja inn andre personar etter behov/ønskje.

Ein vil koma tilbake til strategien i årsmeldinga for 2009.

ADVOKATFIRMAET

H A V E R

JURIDISK BISTAND FOR LANDBRUKET

ODELSRETT, EKSPROPRIASJON, SKJØNN, FAST EIENDOMS RETTSFORHOLD,
ARV/SKIFTE, GENERASJONSOVERDRAGELSER

FOR ØVRIG ALMINNELIG PRAKSIS

www.haver.no

STAVANGER:

FORUSBEEN 78, 4033 STAVANGER

TLF.: 51 55 44 10 FAKS 51 55 44 11

ADVOKAT TOR HAVER
ADVOKAT ENDRE SKJØRESTAD
ADVOKAT ANDERS STORAKER
ADVOKAT TORALF HAVER
ADVOKAT SINDRE OFTEDAL
ADVOKAT ELLEN CECILIE MOSTAD
ADVOKAT KJERSTI LUNDE
ADVOKAT JANNE EIDE ROALKVAM
ADV.FLM VIBEKE SAGVAAG

I KONTORFELLESKAP: ADVOKAT OVE LANDA

BRYNE:

SKULEGT. 5. POSTBOKS 443, 4349 BRYNE

TLF.: 51 77 00 50 FAKS 51 77 00 51

ADVOKAT CARL AASLAND JERSTAD (H)
ADVOKAT/SIV.ØK. MAGNUS JONSBRÅTEN
ADVOKAT ELISABETH NYGÅRD
ADVOKAT SVEN ANDERS STIGEN DRANGSHOLT



Inger Lisa Jørgensen
Forsikringsrådgiver Landbruk



Heidi Bertheim
Forsikringsrådgiver Landbruk

Skadeforsikring landbruk

Vi tilbyr egne skadeforsikringer for landbruket. Enten du har full drift på gården, liten eller ingen drift vil du ha behov for å forsikre disse verdiene.

Hos oss får du forsikringspakke som er skreddersydd for din gård.

Kontakt oss i dag på telefon 02008 for en prat.

Revidering av regelverket for RMP – ordninga

Fylkesmannen Landbruksavdelinga sende forslag til revidering av regelverket for bruken av Regionalt Miljøprogram (RMP) ut på høyring. På grunnlag av innkomne signal gjennom året og drøftingar i fylkesstyret sende Rogaland Bondelag følgjande merknadar:

- Det må ikkje leggjast til nye element i opplegget. Det bør heller gjennomførast forenklingar.
- Subjektive vurderingar som t.d. posten "Bruket mitt er ryddig og velstelt" må takast ut av programmet.
- Under kode 713 må ordet "Ekstensiv" takast ut og ordninga må gjelda alle kjøttferasar.
- Kode 711 må gjelda alle typar geiter - også mjølkegeiter.
- Ordninga for gås og svaner – paragr. 17 – må gjelda alle typar gjes og svaner.
- Minste beløp for utbetaling må vera 500 kr – det same som for utbetaling av produksjonstillegg.

Enkelte av desse punkta har ein fått gjennomslag for, men ikkje alle sjølv om ein under møte i etterkant av høyringsrunden følgde opp dei same sakene,

Tildeling av RMP-midlar til stølsdrift ved kysten

I frå Trond Egil Nedrebø, Bokn fekk Rogaland Bondelag oversendt sak ang. deira klage på avslag på RMP-midlar til stølen deira i Boknasundet. Saka var dessverre ikkje kjent for fylkeslaget då ein hadde revideringa av regelverket til drøfting. Sjå omtalen ovafor. Fylkeslaget fekk oversendt korrespondansen ang. saka og tok ho opp med FMLA i Rogaland i eige brev.

Innleiingsvis i brevet peika fylkesbondelaget på at fylkesbondelaget var delaktig i utforminga av regelverket, og at ein var klar over at det i punkt 2.1.3. i regelverket vart vist til at berre stølsdrift "i fjellet" hadde rett på tilskot. Dei fleste stølsdriftene føregår nok i høgareliggjande område, men ut frå det klart varierte landskapet og ulike driftsforhold ein har i fylket, burde ein ved utforminga av regelverket ikkje bunde dette så sterkt opp til at stølsdrifta berre skal skje på fjellet. I brevet peika ein på at ved å ta vekk begrepet "i fjellet" i nemnde punkt, ivaretek stølen til Trond Egil Nedrebø alle krava og elementa som er omtalt for

at stølsdrift skal få tilskot. Eit viktig mål med stølsdrifta er å oppretthalda drifta og ivareta kulturlandskapet rundt stølen i trå med heile intensjonen for RMP-ordninga. Nemnde støl ligg om lag 1 km frå hovudbruket.

Ut frå dette rådde Rogaland Bondelag på det sterkaste til at det vart gitt dispensasjon for stølen til Nedrebø og at ein ville ta opp utforminga i regelverket på eit seinare tidspunkt. Dessutan peika ein på at intensjonen med heile ordninga er å stimulera til at bønder ivaretek viktig kulturmark og gamle driftsmåtar og at ein unngår gjengroing slik Trond Egil Nedrebø har gjort det for denne stølen.

I svar frå FMLA Rogaland opprettheld dei avslaget sitt. Prinsipielt går avslaget og på at dei ikkje vil opna opp for støtte ved bruk av sommarfjøs.

Fylkesbondelaget vil på eit seinare tidspunkt vurderer om ein skal ta opp att forslaget om å endra regelverket til RMP. Etter opplysningar som kom fram i Bondebladet der saka vart teke opp på eit breitt grunnlag, vart det vist til at historisk er det ikkje uvanleg med stølsdrift langs kysten på Vestlandet.

VIERDAL ADVOKATFIRMA AS



TELEFON 51 91 75 00

BERGELANDSGATA 13, POSTBOKS 719, 4003 STAVANGER, TELEFAKS 51 91 75 01

e-post: kontoret@vierdal.no www.vierdal.no

VI KAN LANDBRUK!

- FAST EIENDOM • ODELSRETT • SKATTERETT • ARV/GENERASJONSSKIFTE
- SKIFTEOPPGJØR • EKSPROPRIASJON/SKJØNN • ERSTATNINGER
- GJELDSFORHANDLING

ALMINNELIG PRAKSIS.

ADV. KÅRE VIERDAL, ADV. PAUL AAKRE, ADV. FREDRIK BIE, ADV. FLEMMING M. KARLSEN

ADV. HEGE OFTEDAL, ADV. RAGNHILD PEDERSEN, ADV. EIVIND SVERDRUP

ADV. LIV SHELBY, ADV. MORTEN D. HALDORSEN

I KONTORFELLESKAP: ADV. KRISTIAN MONSEN

Forslag til endringar i odelslova og konsesjonslova – høyring

Landbruks- og matdepartementet sendte våren 08 ut forslag på endringar i overnemnde lovar til høyring. Departementet meiner at utsende forslag gjer lovverket meir berekneleg, betre målretta og forenkla. Dei fleste forslaga galdt reglar om bu- og driveplikt, men det vart og foreslått endringar i konsesjonsplikta og odelsretten sitt omfang på forhold som er av betydning for om konsesjon skal verta gitt.

I dag er regelverket omkring buplikt og driveplikt omtalt i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Regelverket og motiva er forskjellige i odelslova / konsesjonslova og odelslova/jordlova. I høyringsforslaget vart dette samordna med at bu- og driveplikta vert tatt ut av odelslova og presisert i konsesjonslova i forhold til buplikta, og i jordlova i forhold til driveplikta.

Desse tre lovane har i dag forskjellige begrep på kva som vert gjort gjeldande i lova. Til dømes vert ord som jordbruksareal, fulldyrka, knytta til landbruksdrift og rettar og lunnar som tilsvare ein produksjonsmessig verdi på minst 20 dekar nytta. Dette gir ulike tolkingar med påfølgjande advokatmat. Høgsterett tilrår samordning/forenkling av ressursmessige årsaker.

Nå vert begrepet fulldyrka jord og overflatedyrka jord foreslått nytta. Det vil bli utarbeidd mal for klassifisering av jord innan desse to markslaga. Innan skogbruket er det produktivt skogareal som vert foreslått nytta.

Andre endringar som vert foreslått

I forslaget er det ein auke i arealgrensa for fritak for konsesjon, og den er lik for odlingsjord og i lovverket for bu- og driveplikt. At arealgrensa vert auka frå minst 20 dekar til 25 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord og til 350 dekar produktiv skog, vert grunngjeve delvis med at ein med dette fangar opp den strukturrasjonaliseringa som har vore i landbruket.

For å få fritak i bu- og driveplikta må ein i dag søkja om det etter at ein har fått konsesjon på eigedommen. I forslaget må ein søkja konsesjon dersom ein ikkje oppfyller regelverket om blant anna bu- og driveplikt.

Buplikta vert stramt inn. I dagens regelverk er det mogleg å få unntak for



Frå Nye brukarkurset. Her er Odelslova og andre juridiske spørsmål sentrale i rekka av tema som vert tekne opp. Sveinung Svebestad snakkar her om samvirke.

Foto Olav Sande.

buplikta ved å vera busett/overnatta 50 % av tida på garden. Denne regelen er vanskeleg for kommunane å kontrollere. I forslaget er dette unntaket tatt bort. For å få konsesjon er det nå foreslått buplikt, ein skal vera registrert i folkeregisteret i kommunen, altså ein må søke fritak frå konsesjonslova for å få dispensasjon frå buplikta. Konsesjonslova legg større vekt på samfunnsomsyn enn odelslova i sitt regelverk.

Jordlova – driveplikt

Endringa her er at alt jordbruksareal skal drivast lønsamt, uavhengig om det har skjedd eigarskifte, og det skal vare evig. Driveplikta vert oppfylt dersom jordbruksarealet vert leigd bort i minst ti år, og at dette gir ei god driftsmessig løysing. Kva som er god driftsmessig løysing er det landbruksstyresmaktene som avgjer.

Ein må søke konsesjon dersom vilkåra om driveplikt ikkje vert oppfylt, i dag kan ein søkja fritak om driveplikt etter at ein har fått konsesjon på eigedommen.

I forslaget til endring i odelslova vert det vidare presisert, med hendvising til konsesjonslova og jordlova:

I samband med odelsløysing er eigaren personleg plikta til å bu på eigedommen og driva eigedommen. Vedkomande kan ikkje leiga eigedommen

bort, men kan ha tilsette. Denne regelen skal gjelde i 5 år. Poenget her er at eigaren skal ha det økonomiske ansvaret for drifta. Dette for å stilla krav til odelsløysar. Vert ikkje dette oppfylt fell odelsretten til vedkomande og hans / hennar line bort.

I uttalen sin meiner Rogaland Bondelag at dersom regelverket om bu- og driveplikt vert tatt ut av odelslova, må det vera klare hendvisingar til lovverket som regulerer dette. Konsesjonsvilkåra må vera klare i lovteksten, slik at det i forskrifta ikkje vert lagt til grunn for store fritak frå vilkåra i konsesjonslova og jordlova.

Arealgrensa for buplikt på dyrka – og overflatedyrka jord bør vera 20 dekar. Grunngjevinga er at det er om lag 17 000 gardbruk i landet som med dette fell utanfor konsesjongsrensa for buplikt og som kan vera med å svekka befolkningsgrunnlaget i fleire bygder. Ein auke i arealgrensa kan også resultera i meir leigejord i bygda, for ved bortforpaking vil krav om driveplikt verta oppfølgt.

Møte med Rogalandsbenken

Under møtet fylkesleiaren og org.sjefen hadde med benken på Stortinget 4. mars tok vi opp følgjande saker:

Produksjonssituasjonen for Rogaland

- Produksjonsomfanget i Rogaland – eige oppsett vart delt ut. Rogaland har stadfesta sin posisjon med å vera eit 18 –20 % fylke for dei tunge produksjonane. Vi produserer mjølk, storfekjøtt, lammekjøtt og kylling til det doble av folketalet i Rogaland og svinekjøtt til tre gonger talet på innbyggjarar i fylket.
- Utviklinga siste året er stagnasjon i fornyinga/satsinga innan landbruket - sjølv på Jæren. Byggekostnadane har stege opp mot 40 % dei siste 2 – 3 åra. Det er vanskeleg å få økonomi i nysatsing.

Viktige punkt for jordbruket nå

- Årets jordbruksavtale må gi eit kraftløft – målprisane må kraftig opp. Staten må saman med landbruket, finna rom innan WTO-avtalen for å kunna auka målprisane vesentleg.
- For å ivareta ein variert bruksstruk-



Frå WTO-marsjen 23. juli 2008 i Oslo.

tur over heile landet må og budsjett-ramma aukast vesentleg.

- Dei viktigaste prioriteringar ved år-ets forhandlingsrunde
- Ei klar inntektsauke – eit kronetillegg som andre pluss tetting av gapet frå årsverksinntekta til bonden på ca 160.000 kr til andre grupper på 360.000 kr.
- Auke i målprisane vil gi større bruk eit løft, men det må friske budsjett-

midlar til skal ein heva inntekta til små og mellomstore bruk.

- Betring av velferdsordninga – avløysarordninga ved ferie og fritid og ved sjukdom må aukast
- Betre kapitaltilgang – næringa står overfor store krav om utbetringar etter statlege pålegg. Investeringsmidlar må koma som ei eiga pakke utafor avtalesystemet.

Din advokatkontakt i Nord-Rogaland

ADVOKATENE

VIKSE, HAUGLAND, BERGE, BACHMANN OG MANNES

MEMLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund

www.advokateneimarkedet.no - Telefax: 52 70 87 66

Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov, tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.), arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett, gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.

Advokat Bjørn O. Vikse

Tlf.: 52 70 87 50
Mobil: 950 42 999
bjorn.o.vikse@adv-vhbl.no

Advokat Jens Otto Haugland
Møterett for Høyesterett

Tlf.: 52 70 87 55
Mobil: 901 24 723
jens.otto.haugland@adv-vhbl.no

Advokat Ole Johan Berge

Tlf.: 52 70 87 60
Mobil: 917 96 357
ole.johan.berge@adv-vhbl.no

Advokat Trond Jarle Bachmann

Tlf.: 52 70 87 57
Mobil: 916 77 877
trond.jarle.bachmann@adv-vhbl.no

Advokat May Britt Mannes

Tlf.: 52 70 87 65
may.britt.mannes@adv-vhbl.no

Nybygg eller rehabilitering?

**Ta kontakt med AH Bygg A/S
Vi har solid erfaring med
alle typer bygninger til landbruket**



Møllevn. 12 - 4360 Varhaug
Tlf. 51 79 85 79 Fax: 51 79 85 78

Rica Maritim Hotel

-et Rica Partner Hotel i Caiano-gruppen

Telefon: 52 86 30 00
Mail: Rica.Maritim.Hotel@hotelmaritim.no

Organisasjonsarbeidet

Besøk frå Sør-Trøndelag Bondelag.....	s 26
Besøk frå Vestfold Bondelag	s 28
Landbruk på dagsorden 2009	s 28
Omorganisering av BSF Rogaland.....	s 28
Rogaland Bondelag sitt engasjement i NCE.....	s 29
Reaksjon på kontingenten for samdrifter.....	s 29
Framtidsverkstad for landbruket i Rogaland	s 30
HMS i landbruket – gåve frå Gjensidige	s 30
Agrovisjon – vegen vidare	s 31
Bruken av aktive lokallagsmidlar i 2008	s 31
Oppfølging av fylkesbondelaget sitt engasjement ang. nye næringar	s 31
Utmarksbasert reiseliv i Rogaland 2005 – 2008 - oppsummering	s 32

Besøket frå Sør-Trøndelag Bondelag

Tidleg våren 2008 tok Sør-Trøndelag Bondelag kontakt med Rogaland Bondelag om utveksling i samband med gjennomføring av leiarmøtet. Ved drøfting i styret ville styret i år prioritera å ha eit eige leiarmøte, men var svært open for å ta i mot styret til Sør-Trøndelag Bondelag. Invitasjonen vart positiv motteken og dagane 17. og 18. september kom heile styret i Sør-Trøndelag hit og det vart gjennomført eit todagars samling.

Første dag var ni frå Sør-Trøndelag og seks frå Rogaland samla på Bryne Kro og Hotell. Tema denne dagen var presentasjon av landbruket i begge fylka med drøfting av status og utfordringar i primærlandbruket. Under samlinga vart det og sett fokus på lokallaga sin situasjon og korleis fylkeslaga kan hjelpe dei til å halda oppe tilfredsstillande aktivitet. Noko av konklusjonane etter desse drøftingane var:

- Gode tillitsvalte er noko av Bondelaget sin viktigaste ressurs og opplæring/motivering er derfor en svært viktig
- Rekruttering av nye tillitsvalte er viktig. Det må verta større bevissthet om dette i heile organisasjonen. Valkomiteen må kursast betre.
- Ein må og sjå på om verv kan kompenserast på ein betre måte, slik at tillitsvalde ikkje taper pengar på å engasjere seg.



Dei to styra samla utafør Bryne Kro og Hotel

Frå venstre: Jan Yngvar Kiel, Ola Denstad, Magnar Skjerve, May Lill Eggen, Elisabeth Kallevik Nesheim, Nils Håvar Øyås, Lisbeth Norbye, Lars Morten Rosmo, Arna Høyland, Nina Vangen Ranøien, Eilif Peder Folstad, Jon Gisle Vikan, Per Inge Egeland, Arnstein Gilje og Svein Helge Harbo. Olav Sande var fotograf.

- Tillitsvalte i Bondelage må spreia positivitet omkring seg og lage eit positivt omdømme omkring det å være tillitsvald.
- Ein sterk og samla organisasjon er nøkkelen til makt og innflytelse, samtidig som det må vera takhøgde for debatt og meningsutveksling
- Vi må verta flinkare til å rosa kvarandre i styret og gi positive tilbakemeldingar
- Landbruket er det mange som har meiningar om, difor er det viktig å byggja positiv omdømme
- Informasjonsmengda til lokallag og medlemmer om Bondelaget sitt arbeid og verdi må aukast

- Bygdeungdomslaget og 4H er viktige ungdomsorganisasjonar for bygging av nye tillitsvalte.
- Vi må bruke moderne informasjons- og kontaktkanalar som SMS og e-post
- Nye lokallagsleiarar og tillitsvalde må følgjast spesielt opp.

Før ein avslutta møtedelen første dag tok ein og opp situasjonen for nye næringar og utveksla synspunkt både på prosjektet Folkefjøset som har starta opp i begge fylka, men først og fremst situasjonen for landbruksbasserte næringar. I frå Rogaland si side vart det orientert om prosjektet ang. felles sekretariat for organisasjonane Inn på Tunet, Bondens Marked og Norsk bygdeturisme og gardsmat.

Om kvelden hadde vi middag på Jærgarden Kvalbein, Brusand. Her hadde vi ein herleg middag pluss at ein fekk orientering om oppstarten og drifta av Jærgarden.

Andre dag var det lagt opp til ein omfattande rundreise slik at trøndarane skulle få eit breitt innblikk i Rogalandsjordbruket. Første besøket var i fellesfjøset til Inngjerd og Willy Finnbakk på Løge i Time. Forutan å få del i ein god oversikt over Flat-Jæren fekk ein her og ein god fagleg diskusjon både med utgangspunkt i mjølkeproduksjonen og griseholdet ut i frå Willy sin eigen produksjon og hans engasjement i Nordsvin sentralt – nestleiar i styret.

Neste stopp var på Røysland Gaard hjå Susanne og Kjell Ivar Ueland. I løpet av eit enkelt måltid med god kaffe og noko godt å bita i, fekk vi god innføring i deira satsing både på Pinnekjøtt og oppbygginga av eit serveringslokal for slutta selskap. Interessante meiningutvekslingar der Kjell Ivar særleg understreka at ein i ei slik satsing måtte vera både mål- og kvalitetsbeviste.

Turen vidare gjekk til Ullandhaug i Stavanger der Ullandhaugs venner ved Magne Nilsen i spissen, møtte oss med vaflar i kafeen i Ullandhaugtårnet. Med grunnlag i utsikten og byen sin vekst gjennom mange år, var temaet her retta mot jordvern og byutvikling. Interessante synspunkt kom fram som hadde fellesskap både for Trondheim og Stavanger.

For at det ikkje skulle verta berre Jæren la ein rundreise og inn om Rennesøy. Først til lunsj på Utstein kloster Hotell for så og reisa til Eli Schanche og Jone Gudmestad på garden Utstein

Kloster. Her hadde dei nyleg fått konstatert forråte på sau og gruppa fekk ei brei innføring av opplegget Sau- og geitealslaget hadde lagt opp for å bekjempa den. Elles vart sauehaldet og det økonomiske grunnlaget for produksjonen grundig drøfta. Konklusjonen deira er at sauehaldet i større grad må profesjonaliserast. Det er formange hobbyprodusentar i dag og virkemidla er i for stor grad retta mot desse.

Siste etappe for rundreise var besøk hjå Einar Hanasand i Randaberg med sin omfattande salatproduksjon og pakkeri – ei bedrift som hadde over 80 tilsette og med ei omsetning på over 60 mill kr.

Heile rundreise stoppa på Sola flyplass i rimeleg tid før heimreis til trøndarane i nitida om kvelden.

Det vart gitt mykje positiv tilbakemelding på heile opplegget frå Trøndelag si side og noko av konklusjonane og praktisk resultat av besøket kan ein nemna:

1. Delegasjonen frå Sør-Trøndelag fekk innsikt i eit landbruk som på mange måtar var annaleis enn i Sør-Trøndelag. Klimaet på Jæren er spesielt, og svært mange driv eit intensivt landbruk med fleire produksjonar. På den andre sida er det mange felles trekk med sørtrøndersk landbruk, blant anna dei store geografiske variasjonane i Rogaland som ein og finn i Sør-Trøndelag.
2. Landbrukspolitisk står Rogaland og Sør-Trøndelag nær, og det vart knytta nettverk og kontaktar mellom styra. Landbrukspolitikk vart diskuterte både på dag- og kveldstid.
3. Vi kjem til å ta opp igjen søknaden om fagbrevsprosjektet i løpet av neste år.
4. Vi ynkjer å utveksle erfaringar med prosjektet Folkefjøset.
5. Vi vil utveksla erfaring med ulike kurs og opplæring av tillitsvalte.
6. Sør-Trøndelag Bondelag vil invitere Rogaland Bondelag til gjenvesitt til Sør-Trøndelag når det måtte passe rogalendingane.



Gruppa fekk eit godt oversyn over Jæren frå Løge. Foto Olav Sande



Gruppa i pakkeriet til Einar Hanasand. Foto Svein Helge Harbo.



Aktiv diskusjon i sauehuset hjå Elin Schanche og Jone Gudmestad på Rennesøy. Foto Olav sande.



Byutvikling og jordvern var temaet då gruppa var på Ullandhaugtårnet og fekk utsyn over Stavanger og Nord-Jæren. Foto Olav Sande.

Besøk frå Vestfold Bondelag

Vestfold Bondelag tok og kontakt og ville leggja eit styremøte til Jæren og møta nokre frå fylkesstyret og lokallagsleiarar på Jæren.

Første dagen av besøket deira vart nytta til rundreise og gardsbesøk. Første stopp var hjå grønsakprodusent Jarle Wiik på Vig i Klepp. Han er også medlem i Norges Bondelag sitt Grøntutvale. Deretter gjekk turen til fylkesleiar Arna Høyland. Der møtte og Olav Røysland for å trekkja inn svinehaldet. Her vart det ein omfattande debatt med utgangspunkt i mjølke- og broilerproduksjonen til Arna og om svinekjøttproduksjonen.

Om kvelden var lokallagsleiarane Livar Nedrebø i Time Bondelag og Roar L. Grødeland i Orre Bondelag med forutan Arna Høyland, Arnstein Gilje og Olav

Frå besøket av styret i Vestfold Bondelag hjå Jone og Jarle Wiig.
Foto
Vidar Andresen.



Sande frå fylkeslaget. Ulike tema vart drøfta og ein kan berre nemna lokallagsarbeidet, rekruttering og bruk av utlandsk arbeidskraft. Det vart også orientert om frå fylkeslaga sitt eige arbeid.

Frå morgonen av andre dag var organisasjonssjefen i Rogaland Bondelag med styret i Vestfold Bondelag og

hovudtema då var kjøring av traktorar med breie reiskap på offentlig veg og kompetanseoppbygginga i landbruket.

Etter dette vart styremøtet gjennomført før dei på veg til flyplassen var innom Hans Voll på Voll i Klepp og såg på osteproduksjonen hans.

Landbruk på dagsorden 2009

Det er etablert eit prosjekt ” Landbruk på dagsorden 2009” som skal ha hovudfokus på jordbruksforhandlingane våren 2009 og Stortingsvalet same året. Målsettinga er at vi får gehør i samfunnet for kravet som vert sett i jordbruksforhandlingane og at dei nyvalde stortingsrepresentantane kjenner godt til norsk landbruk.

Hovudbodskapet er:

Vi skal laga maten vår sjølv.

Det er første gang at organisasjonen har oppretta eit eige prosjekt med prosjektleiar framføre jordbruksforhandlingane og eit stortingsval. Dette er nok med og stadfestar alvoret i dei utfordringane som norsk landbruk i framtida må handtera - eit aktivt og levedyktig landbruk i heile landet.

Det vart gjort eit godt arbeid i lokallaga i forkant av jordbruksforhandlingane våren 2008 og med svært god omtale i media. For å oppnå same effekt dette året, må ein ha nye ting/saker å presentera. Det vil difor vera ei utfordring å få same engasjement i lokallaga som våren 2008.

Omorganisering av BSF Rogaland

Gjennom ein prosess i 2007 gjekk eigarorganisasjonane til BSF i Rogaland inn for at fylkesleddet av BSF i Rogaland vart avvikla. Sjå side 30 i årsmeldinga for 2007.

BSF Rogaland hadde ekstraordinært og ordinært årsmøte 20. mai. På begge desse møta vart det gjort einstemminga vedtak om å leggja ned BSF Rogaland og eit avviklingsstyret vart vald for å ta seg av det som stod att ang. sjølve avviklinga. Dessverre førelåg ikkje alle elementa ang. den økonomiske biten med nedlegginga frå sentralt hald, før årsskiftet 2008/2009, slik at avviklingsstyret først på nyåret 2009 har fått gjort sine nødvendige vedtak og avvikla alt.

Styret har tidlegare stilt seg villeg til at Rogaland Bondelag tok på seg å vera regionkontakt for BSF sentralt i Rogaland. Dette har styret i BSF sentralt godkjent, men ville at regionkontakten

her også skulle dekke Agderfylka. Det vart seinare akseptert av organisasjonane i Agderfylka. Denne funksjonen er tildelt Målfrid Husebø ved kontoret. Dette arbeidet vil fylkesbondelaget verta godtgjort med ca 10.000 kr pr år. Fylkesstyret gjorde og vedtak om å ikkje oppretta noko eige utval/arbeidsgruppe under Rogaland Bondelag som støtteorgan til regionkontakten.

Etter samarbeidsavtalen som er lagt fram, skal regionkontakten ikkje gjennomføra kurs, men initiere kurs i medlemsorganisasjonane og ta seg av andre oppgåver. Ut frå dette er det medlemsorganisasjonane som må arrangere og gjennomføra kursa sine sjølv.

Tildeling av midlar frå EB-utvalet

Ei anna sak fylkeslaget tok opp i tilknytning til nedlegging av BSF Rogaland, var kven som skal ha høve til å

søkja om EB-midlar. Ved etableringa av EB-utvalet i fylket for fleire år sidan, vedtok utvalet å avgrensa talet på organisasjonane som kunne søkja om midlar direkte frå fondet. Dette for å ha færre til å forehalda seg til. I dette systemet har BSF vore fellesnemnar for alle medlemsorganisasjonane til BSF med unntak av Forsøksringane som har søkt direkte. Organisasjonar som har gått gjennom BSF i dette systemet, er m.a. Tine, Nortura, Geno, Sau og Geit, Bygdekvinnelaget og fleire, men då meir sporadisk. Ved nedlegginga av BSF oppstod det her eit problem. Ut frå det sende Rogaland Bondelag brev til EB-utvalet i Rogaland og ba om at organisasjonane som til nå hadde søkte via BSF Rogaland, nå må kunna søkje direkte om å få EB-midlar. EB-utvalet fann praktiske ordning på dette.

Rogaland Bondelag sitt engasjement i NCE

I tilknytning til Måltides hus og Fagforum for mat og drikke, har Rogaland fått tildelt prosjektet NCE-Culinology. Dette er eit nasjonalt prosjekt, med forankring i Rogaland ut frå kompetansen på mat som er bygd opp gjennom mange år her i fylket. Målet med prosjektet er å styrkja kunnskapsplattforma og innovasjonen innafor feltet industriell gastronomi og kulinarisk differensiering til beste for norsk matproduksjon. Prosjektet skal i første omgang gå over 6 år. I kraft av avtalen Rogaland Bondelag har skrivne under på, er RB med som partnar saman med 20 – 25 andre og vert innkalling til møte 2 – 3 gonger i året.

Det er den industrielle gastronomien som står i sentrum, men for å få dei produkta ein vil ha fram til forbrukaren, kan det vera nyttig å gå heilt tilbake til sjølve produksjonen av vara på garden. Sluttproduktet har hovudfokuset, men

linjene bake til sjølve produksjonen er og viktig. Det er ut frå dette at fylkestyret ser det som rett at Rogaland Bondelag går inn i opplegget som repr. for bøndene og for å trekkja inn primærproduksjonen.

Som delprosjekt er det tankar å arbeida med enkelte produksjonar, i første omgang **sau og potet**. Rogaland Bondelag sitt konkrete engasjement i slike prosjekt vil vera å finna personar som kan gå inn i ressursgruppa og delta i drøftingar ang. utforming og gjennomføringa av prosjektet. Oppgåva er å finna personar som er opptekne av meir enn berre sjølve produksjonen, men også produktet fram til forbrukaren og korleis det kan betrast. Det vil og vera viktig at personane har ein viss posisjon og gjennomslagskraft tilbake i produksjonsmiljøet.

Det er eit eige styre for NCE-opp-
legget. På nyåret 2009 skal det vera ny

generalforsamling og val av personar til styret. Ut frå at primærproduksjonen er grunnlaget og heilt avgjerande for det vidare arbeidet med matvarene frå landbruket, ser fylkesbondelaget det som både rett og rimeleg at primærproduksjonen er direkte representert i styret. Ut frå det har styret overfor valkomiteen til NCE, føreslått kandidat frå landbruket til styret.

NCE skal halda til i Måltids Hus som er bygd på Ullandhaug. Huset skal tas i bruk på nyåret 2009. Noko seinare vil styret leggja eit møte dit for å få meir informasjon både om Måltides Hus og NCE-prosjektet.



Norwegian Centres of Expertise
NCE Culinology

Emblemet til NCE

Reaksjonar på kontingenten for samdrifter

Ved fleire høve har det kome reaksjonar på medlemskontingenten for samdrifter og straks etter kontingentkravet for 2008 var sendt ut i februar, var det heller mange som ringde kontoret. Noko av reaksjonen kan summerast opp i følgjande punkt:

- Personar som er passive medlemmer i samdrifta vil ikkje betala for dyra "sine" i samdrifta.
- Personar som "leigar bort" mjølkedkvoten til samdrifta vil ikkje betala produksjonskontingent.
- For samdrifter der all jord og mjølkeproduksjonen står på samdrifta og medlemmet sjølv har anna produksjon i tillegg, vert totalkontingenten heller høg.

Saka har og vore drøfta i styret ved fleire høve og teke opp på årsmøtet til Norges Bondelag.

Om det er grunnlag for reaksjonar på kontingentsystemet for samdrifter så er fleire av dei negative reaksjonane ein har fått, ikkje heilt reelle. Kanskje skul-

dast det mangelfull innsikt i utforminga av kontingentkravet. Administrasjonen har sette på og lagt fram for styret, ein del eksempel med samdrifter. Gjennomgåande ser ein at samla sett vert det betalt mindre kontingent når produksjonen vert samla gjennom ei samdrift eller om kvar einskild medlem i ei samdrift skulle betala kontingenten sin ut frå den produksjonen dei har gått inn i samdrifta med. Slik var opplegget før vi fekk endringa av kontingenten i 2007.

Dei reelle reaksjonane på kontingenten for samdrifter får ein i dei tilfella samdriftene har **passive** medlemmer og dei ikkje er interesserte i å ta ansvar for "sin del" av samdrifta sin kontingent. Ut frå at det er ein viss realitet i reaksjonane på kontingenten for samdrifter når medlemmer av samdrifter har heller stor produksjon for seg sjølv utanom samdrifta og der hovudmedlemmet i samdrifta også må ta ansvar for heile eller størstedelen av kontingenten sam-

drifta vert sett opp med. Denne situasjonen var og framme då representantskapet til NB drøfta saka før ho kom opp i årsmøtet 2006. Det vart då gitt aksept for dette fordi kontingenten skal m.a. ha sitt utgangspunkt i produksjonen.

Dessutan har det tidlegare vore ein klar reaksjon frå andre deler av landet at kontingenten som har sitt grunnlag i produksjonen på garden, har relativt sett vore for liten. Kornbruka har ved fleire høve reagert fordi dei med stort areal har kome snarare opp i maks kontingent jamført med bruk med stor husdyrproduksjon.

Framtidsverkstad for landbruket i Rogaland

For nokre år sidan tok Rogaland Bondelag opp tanken om å etablere eit tilsvarende opplegg som Tenkeloftet Trøndersk Landbruk her i fylket. Saman med Fylkesmannen Landbruksavdeling (FMLA) vart det gjort visse initiativ.

Tanken rundt etableringa av eit "Tenkeloft" for næringa kom ikkje fram i dette, men meir eller mindre parallelt med opplegget ovafor, har det vorte arbeidd med tanken om å etablere eit Framtidsverkstad for landbruket i Rogaland.

Saka var oppe til drøfting i møtet Rogaland Bondelag, Rogaland Bonde- og Småbrukerlag og FMLA hadde 28. november 2007. Til det møtet førelåg eit notat til saka. Under dette møtet vart organisasjonane utfordra til å koma med innspel på kva ein skulle leggja i og nytta Framtidsverkstad for landbruket i Rogaland til.

Intensjonen til RB i si tid var å få til eit opplegg tilnærma Tenkeloftet i

Trøndelag, men med nødvendige tilpassingar. Styret drøfta saka på nytt og sette opp følgjande punkt kva eit Framtidsverkstad bør innehalda:

- Hovudelementa for Tenkeloftet Trøndersk Landbruk bør leggjast til grunn
- Både bondelaget og småbrukerlaget må vera representert og opplegget må ha ei form og eit innhald bøndene kan identifisera seg med.
- Næringspolitiske spørsmål må stå sentralt
- Det bør vera eit avgrensa forum der næringa sjølv ved fagorganisasjonane, repr. frå fylkesutvalet, Rogalandsbenken, varemottakarar, finansieringsinstitusjonar, forskning, FMLA og rettleiingstenesta møtes. Ein bør vera varsam med å opna opp for andre instansar, men heller søkja samarbeid med andre organ i enkelt-saker.

- Organet må konsentrera seg om hovudlinjer og ikkje gå i detaljar.
 - Dei driftsmessige utfordringane til primærlandbruket må stå i sentrum for arbeidet til Framtidsverkstaden. Målet må vera å finna gode framtidretta løysingar.
 - Dekking av kompetansebehovet for næringa må og stå sentralt.
 - Arbeidet med landbruksbasserte tilleggsnæringar må og tas med i arbeidet.
 - Gruppa knytta til Framtidsverkstaden må ha 3 – 4 møte pr år.
- Desse synspunkta er melde vidare, men det har ikkje vorte noko meir konkret ut av saka i løpet av året. Ideelt såg styret gjerne at sekretariatet til dette organet vert lagt til Samarbeidsrådet, men dei takka nei til å ta på seg det. Slik det ligg an nå vil det truleg verta plassert hjå FMLA.

HMS i landbruket – gåve frå Gjensidige

Målet til Landbrukets HMS teneste sitt arbeid er å redusera talet på ulukker og yrkeslidingar i landbruket, og med det sikra trivsel, kvalitet og auka lønsemda i næringa.

HMS på garden har vore eit av satsingsområda til Norges Bondelag. Bondelaget var ein av initiativtakarane til "Felles plan for HMS – arbeidet i norsk landbruk 2007 – 2012", og 0-visjonen på arbeidsulykker innan 2012 i landbruket. Dei aller fleste landbruksorganisasjonane har underteikna dette oppropet.

Sentralt i arbeidet med å førebyggja ulykker i landbruket er kurset "Praktisk HMS arbeid på garden". Dette kurset tilfredsstillar lovpålagt opplæring i HMS, jfr. § 3-5 i Arbeidsmiljølova.

Lokallaga har tatt initiativ til og arrangert 12 kurs i fylket i løpet av året.

Norges Bondelag og Gjensidige har hatt samarbeid i 50 år. Bondelaget fekk ei jubileumsgåve på kr 500 000,- av Gjensidige. Pengane skulle gå til HMS arbeid på garden og særskilt til kurset "Praktisk HMS – arbeid på garden". Av dette vart det gitt kr 25 000,- til kvart

Leiar i Norges Bondelag, Pål Haugstad, mana bøndene på møte i Vindafjordhallen 20. oktober 2008 til å ta arbeidet med helse, miljø og tryggleik i landbruket alvorleg, og tenkja nøye etter kva følgjene av ei ulukke blir. Vi kjem langt om vi tenkjer at arbeidsplassen vår blir mykje tryggare dersom vi gjer det praktiske arbeidet på rett måte, sa han.
Foto Bondevennen.



fylkeslag. Styret i Rogaland Bondelag bestemte at lokallag som arrangerte kurs innan "Praktisk HMS arbeid" og som vart avslutta i løpet av 2008, skulle få kr 1 000,- pr kurs. Delar av gåva er

og brukt i samband med stormøte om HMS på garden som vart arrangert i Vindafjordhallen 20. oktober 2008.

Agrovisjon – vegen vidare

Det er Rogaland Landbruksselskap, Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og Småbrukarlag som har tatt initiativ og som står bak Agrovisjon, og det er oppretta ein hovudkomite som har ansvaret for arrangementet. Denne komiteen består av initiativtakarane i tillegg er organisasjonar/bedrifter knytt til landbruket invitert med. Det er Rogaland Landbruksselskap som har hatt det økonomiske ansvaret for dei to arrangementa som har vorte halde. Begge arrangementa har hatt overskot. Målgruppa for Agrovisjon er praktiserande bønder og andre knytta til landbruket.

Agrovisjon 07 fekk ikkje den oppslutnaden som var forventa, det gjaldt

spesielt tilbodet innan faglege foredrag. Det hare vore ein diskusjon i styret og på haustmøtet i Rogaland Landbruksselskap nå i ettertid på eigarforma og innhaldet. Det er semje om at nåverande eigarform vert behalde, i alle fall til etter neste Agrovisjon som skal arrangerast hausten 2010. Når det gjeld innhald og form på dei faglege foredraga, bør dei verta meir spissa på driftsforholda på garden, og at dei vert haldne i egna rom i messehallen. Opningsforedraget var godt besøkt, og det bør ein kunne fortsetja med. Det er Stavanger Forum som har hatt det arrangementstekniske ansvaret, området er sentralt og gjennomføringa er profesjonelt.

Dersom arrangementet skal flyttast til andre område må det vurderast spesielt opp mot målgruppa, kostnader, møtelokale, sosiale arrangement og plass for overnatting. I Norge er det tre større landbruksmesser, Agroteknikk i Lillestrøm, Agrisjå i Stjørdal og Agrovisjon. På grunn av kostnadane ved å arrangera landbruksmessene er det semje om å arrangera ei landbruksmesse i året, slik at Agrovisjon vert arrangert kvart tredje år. Namnet Agrovisjon bør ikkje brukast i andre samanheng enn til dette arrangementet /landbruksmessa.

Rogaland Landbruksselskap er sekretariat for Agrovisjon.

Bruken av aktive lokallagsmidlar i 2008

Aktiviteten i lokallaga er stor. I fleire bygder hadde det merkast godt dersom bondelaget slutta av sitt arbeid. Fylkeslaget får midlar frå Norges Bondelag for å stimulera til aktivitet i lokallaga. Av denne potten vert vervepremiar til lokallaga og tatt av. Ramma for tildeling var noko lågare i 2008 enn året før av di det vart tildelt meir til vervepremiar til lokallaga og annonse til Open Gard 2008. Ved å halda igjen noko på tildelinga for 2008, vil ein vera betre rusta for neste tildeling. På bakgrunn av dette vart beløpa nærast halvert med ei

ramme til fordeling på kr 85 000,-. Ein del av desse midlane skal gå til vervepremiar til lokallaga for nye medlemmar i 2008, kr 100,- pr medlem utan produksjon og kr 200,- for nye produksjonsmedlemmar. Ut frå dette vart rama for utdeling sett til kr 50 000,-. I tillegg kom jubileumsgåva frå Gjensidige på kr 25 000,-, som skulle prioriterast til studieringar med temaet ”Praktisk HMS arbeid på garden”.

Styret vedtok å prioritera aktive lokallagsmidlar ut frå desse tiltaka:

- Medlemsverving

- Opplegg med politikarar / kommunal administrasjon
- Gjennomføring av landbruksspelet
- Barnehage- og skule aktivitetar
- Open Gard arrangement
- HMS arbeid

Styret handsama tildeling av aktive lokallagsmidlar på møte i november. Det var 21 lokallag som søkte om midlar og alle som søkte fekk. Det vart delt ut kr 53 000,-. I tillegg kjem vervepremiarne lokallaga skal ha og som vert betalt ut våren 2009.

Oppfølging av fylkesbondelaget sitt engasjement ang. nye næringar

Etter eit lengre forarbeid vedtok styret i Rogaland Bondelag i 2005 å gjennomføra eit prosjekt med å tilby sekretærhjelp med meir til dei tre fylkeslaga av organisasjonane - Bonden Marked (MB), Inn på tunet (IPT) og Norsk bygdeturisme og gardsmat (NBG). Forutan at kvar av desse tre organisasjonane og Rogaland Bondelag bidreg økonomisk, kjem størstedelen av den økonomisk bistanden frå Innovasjon Norge og FMLA Rogaland. Rogaland Bondelag sin del totalt i desse tre åra er kr 45.000 kr pluss fri kontorplass og andre tenester ved kontoret for heile prosjektperioden.

Kirsten Meyer-Knutsen tok til i stilling i mai 2006. Det er nå gått vel to av tre åra i prosjektperioden og styringsgruppa er oppteken av kva som skal skje etter at prosjektperioden er ferdig. I tilsegna til prosjekta frå Innovasjon Norge Rogaland og FMLA Rogaland, er noko av føresetnadane for løyvingane at medlemstalet i dei tre organisasjonane skal auka så mykje at dei kvar for seg eller i eit breitt samarbeid, skal kunna vera sterke nok til å driva eit felles sekretariat av eigne ressursar. Utviklinga desse to åra prosjektet har vorte drive, viser at det er vanskeleg å koma

dit og at det vil vera nærast uråd at organisasjonane skal kunna ha eit eige sekretariat i eit omfang som vil vera til noko særleg hjelp. I tilsegna vart det signalisert at ein neppe kan rekna med meir økonomisk støtte til vidareføring av prosjektet – dvs direkte støtte til drift av organisasjonane..

Styringsgruppa har vore oppteken av kva ein skal gjera etter prosjektperioden og ein har hatt fleire drøftingar og med styra i dei tre organisasjonane. Det har og vore drøfta å slå saman organisasjonane – to av dei eller alle tre i ein. Eit tiltak det vil krevja ei viss tid til før det kan la seg gjera.

Medlemmene i desse organisasjonane representerer det ein innan landbruket har stimulert til – nye næringar der ein har oppfordra til å ta alle ressursane på garden i bruk. Ut frå dette har Bondelaget og eit visst ansvar for dei som har satsa. Sentralt er sekretariata til desse organisasjonane samlokalisert med Norges Bondelag og organisasjonen gir økonomisk støtte til drifta til nokon av dei.

Styret ser positivt på arbeidet som vert utført i regi av prosjektet og ser det som viktig at arbeidet vert ført vidare på ein eller anna måte også etter at prosjektperioden er ferdig om eit års tid. Styret ser det generelt som viktig at ein bør samla ressursane og at ein får ei samanslåing og helst samling av organisasjonane som organiserer tiltak for nye næringar innan landbruket.

Saka er teke opp med Norges Bondelag der ein har bedd Norges Bondelag om å staka opp ein overordna kurs/

mål for korleis organisasjonen både sentralt og på fylkesnivå, skal førehalda seg til organisasjonane som organiserer bønder/personar som har satsa på ulike tiltak innan landbruksbasert næringsutvikling.

Saka vart og teken opp på årsmøtet til Norges Bondelag i juni 2008 av nestleiar i Rogaland Bondelag Elisabeth Kallevik Nesheim. I innlegget peika ho på at Norges Bondelag har teke mange initiativ og bygd opp kompetanse for desse næringane og for organisasjonane som er danne med basis i dei nye næringane, men dessverre er dei ennå for små til å kunna stå på eigne bein, særleg på fylkesnivå.

Spørsmåla og problemstillingane ein har bedd Norges Bondelag koma med synspunkt på:

- Kva ansvar skal Bondelaget ha overfor nye organisasjonar som har sitt utgangspunkt i desse næringane?
- Korleis skal fylkeslaga drifta kontak-

ten og samarbeidet vidare med dei?

- Kva nettverk skal bondelaget vera med å byggja opp i fylka for desse som har satsa på nye landbruksbaserte næringar?

Desse spørsmåla vart og drøfta på eit møte styringsgruppa kalla inn til i slutten av august 2008. Forutan representantar frå Norges Bondelag deltok også personar frå Innovasjon Norge og Landbruks- og Matdepartementet.

Det har ved årsskiftet 2008/2009 ikkje kome noko tilbakemelding frå Norges Bondelag. Styringsgruppa for prosjektet har bedd leiar av gruppa Svein Helge Harbo og Eli M. Serigstad frå FMLA Rogaland om å arbeida spesielt vidare med saka for Rogaland sin del.

Utmarksbasert reiseliv i Rogaland 2005 – 2008 – oppsummering

I 2005 starta Rogaland Bondelag og Skogeigarlaget Vest eit treårig prosjekt med tittelen Utmarksbasert reiseliv i Rogaland. Dette var ein del av eit landsomfattande prosjekt og lokalt ei vidareføring av eit tidlegare prosjekt innan same fagkretsen. (Sjå RB si årsmelding for 2006) Jostein Nørstebø tilsett i Skogeigarlaget Vest, har vore prosjektleiar og Bondelaget sin representant i styringsgruppa og leiar av gruppa har vore Kjell Høyvik, Tysvær.

I første del av prosjekt var det viktig å utvikle samarbeid med tiltaksapparatar og alliansar med viktige reiselivsaktørar. Mange av samlingane var av mobiliseringskaraktar. Etter kvart satsa prosjektet på spesialiserte samlingar. I starten var tema under samlingane innanfor jakt- og fisketurisme. Etter kvart har samlingane fått eit breiare tema og tilslutninga til desse har vore større.

Meiromsetting

Prosjektet har ført til eit auka sal på ca 1,9 mill. kroner. 11 tilbydarar har bidrege til dette meirsalet, men meir enn halvparten kan førast tilbake til eit sel-skapa. Ved oppsummeringa av prosjek-

tet mangla ein opplysningar ang. meirsalet frå nokre av tilbydarane. Dersom dette hadde kome med i oversikten, ville meirsalet vært høgare og kome frå ei breiare gruppe av tilbydarar.

Innan jaktturisme har prosjektet lykkast godt og målsettinga om auka sal er langt på veg oppnådd. Innafor fisketurisme har ein derimot ikkje nådd målsettinga. Årsaka til det er manglande utvikling i fleire sentrale laksevassdrag. Spørsmålet er kor realistisk det var med store endringar då elveeigarane i desse elvene stort sett er nøgde med dagens utleigeform.

Samla sett mangla det noko på at målsettinga om auka sal vart innfridd.

Fyrtårntilbydarar

Prosjektet har brukt fem aktuelle fyrtårntilbydarar. Desse har nytta seg aktivt av prosjektet sine tilbud, og prosjektet har igjen brukt disse som eksempel på samlingar. Prosjektet kom derfor nokolunde i mål på dette punktet.

Nettverk

Prosjektet har utvikla nettverket for jaktturisme og har hatt fleire arrange-

ment for denne gruppa. Fleire av desse tilbydarane har seinare gått saman i Din Jakt AS.

Samla vurdering og vegen vidare

Ut frå evalueringa vil styringsgruppa og prosjektleiar totalt sett gi uttrykk for at det manglar ein del på at prosjektet har oppfylle alle målsetningane som var sett opp på førehand. Etter styringsgruppa si vurdering vil ei evaluering utelukkande i forhold til prosjektmåla, verta for snevert. Prosjektet har også ført til større kompetansen blant tilbydarane og fått fram døme på korleis ting kan gjerast. Fagsamlingane har vist seg å vera viktige. Ringverknadane til prosjektet vil derfor komme sterkare etter kvart.

Prosjektet fann si form og sin plass og samarbeidde med eit nettverk innan apparatet for næringsprosjekt. Sentralt i dette arbeidet står dei regionale medarbeidarane til Fylkesmannen. Dette nettverket vil følgja opp tilbydarane framover. Norges Skogeigerforbund og Norges Bondelag har også planar om nye prosjektsatsingar på dette feltet.



ØKT TRYGGHET OG GODE RABATTER

Norges Bondelag og Gjensidige samarbeider om trygghet for familie og gård. Som medlem tilbys du gode rabatter og fordeler hos oss.

**Kontakt oss på 03100, se
gjensidige.no eller kom innom vårt
kontor.**

420046 TAM 12.05



Felleskjøpet Rogaland Agder

VÅRT FELLESKJØP!

www.fkra.no

Andre saker

Rovviltforvaltningen på Sør- og Vestlandet	s 34
Jordvernrapporten – Klimaskifte for jordvern.....	s 36
Regulering av renta til landbrukslån.....	s 36
Vis traktorvett på Traktoren	s 37
C-sertifikat for sprenging	s 37
Handlingsplan for åkerrikse	s 38
Ny lov om dyrevelferd – kompetansekrav ved stell av dyr	s 38
Norsk transportplan – Rogaland sin del.....	s 39
Planprogram for energi og klima i Rogaland – høyring.....	s 39
Vanndirektivet – høyring på viktige spørsmål for vannområde	s 40
Lov om laksefiske og innlandsfiske – høyring	s 41
Fylkesdelplan for landbruk	s 41
Prosjektet Frivillege tiltak i landbruket – 2008	s 42
Fotråte på sau.....	s 42
Toppskotregulering av juletre	s 43

Rovviltforvaltninga på Sør- og Vestlandet

Skader på grunn av rovvilt er heldigvis ikkje av dei store problema her i fylket, men styret er oppmerksame på utviklinga. Fylkeslaget følgjer og opp saka for å støtta opp om fylka som har store problem. Ingar Naustvik, Suldal er fylkestyret sin representant ang. rovdysaker. Forvaltning av dei fire store rovdyra – bjørn, ulv, jerv og gaupe - pluss kongeørn er organisert i fleire regionar her til lands. Region 1 dekker Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Oppsettet nedafor viser erstatningsomfanget samla for sau i **kr totalt** i dei ulike fylka i Region 1 for 2006 og 2007.

Oversikten viser at utbetalt erstatning varierer mykje frå fylke til fylke og frå år til år.

Skadevoldar i Vest-Agder er i hovudsak kongeørn og litt gaupe, Rogaland er det kongeørn, jerv og litt gaupe, Hordaland kongeørn og i Sogn og Fjordane jerv, gaupe og kongeørn.

I frå Norges Bondelag fekk fylkeslaget oppmoding om å koma med innspel ang. erfaringar ein hadde gjort seg med dagens opplegg ang. forvaltninga. I sitt svar peika fylkeslaget på følgjande punkt:

Kontakten: Det må verta meir direkte kontakt mellom rovviltneemndene og organisasjonane og faglaga. Det vil vera av stor nytte både for arbeidet til viltneemndene og organisasjonane og ikkje minst for å få til eit positivt og konstruktivt samarbeid. I det minste bør faglaga sin kontaktperson ang. rovvilt, verta invitert og ha høve til å vera tilhøyrarar på møta til nemnda. Ein bør og kunna få ta ordet i desse møta.

Skadedokumentasjon: Etter tilbakemeldingar frå saueigarar hausten 2007 er det misnøye med SNO sin representant for Ryfylke. Ved skade og tap trekte han for raske og feil konklusjonar utan skikkeleg ”åstedsgransking”. Ved fleire

tap fekk reven skulda, men SNO måtte seinare gå tilbake på at det var jerv, ørn eller gaupe som stod bak drapa.

Erstatningsordninga fungerer greitt i fylket etter det Rogaland Bondelag har inntrykk av.

Uttak av skadegjerarar: Ved skade og tap er det avgjerande at fellingsløyve vert gitt kjapt slik at skadedyra raskt vert tatt ut. Situasjonen har betra seg, men ein har tilfelle av at det har gått for lang tid til fellingsløyve er gitt.

SNO sin representant må vera tilgjengeleg heile tida og kunna delta på synfaring og åstedsgransking snarast mogleg etter at skadetilfellet er meldt.

Revisjon av forvaltningsplan for region 1

Forvaltningsplanen for regionen vart sendt på høyring hausten 2007. Fylkesbondelaga i regionen gjekk saman om å avgi uttale og det vart sendt ein fyldig uttale til den politisk oppnemnde Rovviltneemnda for regionen.

Det var organisasjonssjefen i Sogn og Fjordane Bondelag Merete Støfring,

	Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane
2006	275.660	117.369	22.070	1.700.410
2007	87.529	229.689	54.042	883.506

som i hovudsak førde uttalen i penn, men kvart einskilt fylkeslag og andre har kome med innspel på tema som burde takast med. I frå Rogaland Bondelag spelt ein mellom anna inn at forvaltningsorganet – Fylkesmannen – til ei kvar tid må ha korrekt og oppdatert oversikt over bestanden for dei nemnde rovdyra i regionen og at uttak av skadegjerande individ må takst ut raskast mogleg for å unngå meir skade. Ein har og peika på at møta i rovviltnemnda må vera opne.

Hovudelementa i uttalen:

- ”Felling av rovviltet er det viktigaste skadeforebyggjande tiltaket i region 1. Slik vi ser det er ikkje lisensfelling eit godt nok verkemiddel. Eit svært vanskeleg terreng i kombinasjon med korte dagar i den tida jakta er lovleg, gjer lisensjakta på jerv lite eigna som bestandsregulerande verkemiddel i våre fjellområde. Effektiv jakt i regi av SNO må til kvart år skal ein sikre måloppnåing!
- Primært bør skadefelling vera rett metode for felling av rovvilt som gjer skade. Ved slik felling vil medverknad frå SNO og bruk av kommunale og godt trenea fellingslag vera mest naturleg for å kunne gjennomføre ei effektiv jakt med raskt uttak. Felling av store rovdyr er krevjande og til dels farleg arbeid - bjørn.
- Rovviltnemnda skal medverke til at det vert gjennomført gode bestandsregistreringar for alle artane. Regjeringa sitt mål om lokal medverknad og felles forståing av bestandsstorleiken må leggjast til grunn.
- Be allmenta om å rapportera inn til SNO om spor og observasjonar som vert funne
- Halde seg til ei kvar tid oppdatert om bestandane i region 1
- God dialog med rovviltnemndene i region 2, 3 og 6 for å kunne forutsjå eventuelle besøk av til dømes ulv og bjørn, og for å kunne sikre at skadereducerande tiltak i desse regionane medverkar til rom for å nå måla i region 1.
- Ha jamn og god dialog med DN, SNO, Mattilsynet, Miljøverndepartementet, Landbruks- og matdepartementet og fylkesmennene
- Opne opp for og setja kvotar for lisensfelling av jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Rovviltnemnda skal samrå seg med småfenæringa, kommunane,

fylkesmennene og naboregionane før vedtak om lisensfelling på rovviltartane vert gjort. Oppstått skadebilete og potensielt skadebilete skal leggjast til grunn for vedtaket.


- Rovviltnemnda skal etter avslutta lisensfellingsperiode for *dei ulike artane*, vurdere trongen for ekstraordinært uttak og eventuelt oppmode DN til vedtak om felling.
- Kvotefri jakt på gaupe
- Gje skadefellingsløyve ved akutte skader
- Sikre at ekstraordinært uttak vert sett i verk når lisensjakt ikkje gjev eit tilstrekkeleg uttak som sikrar måloppnåing
- Gje økonomisk stønad til skadeforebyggjande tiltak

- Medverke til at kunnskap om kva førebyggjande tiltak som har verknad, vert formidla
- Sogn og Fjordane har ei oppslutning om organisert beitebruk på kring 90 %. Fleire av beiteområda i dei rovdyrutsette områda har ein oppslutnad på nær 100 %. Fylkesmannen vert utfordra til å setje i verk tiltak som aukar oppslutninga om organisert beitebruk i Hordaland, Rogaland og Vest-Agder.
- Gjennomføre opne møte i rovviltnemnda der det vert opna opp for at organisasjonar, offentlege etatar og kommunar kan be om møte med nemnda, for å drøfte saker som nemnda har ansvar for.”


TERRA

“Dæ va edane, dette”

[Jærsk uttrykk, spøkefullt brukt av kunder når vi har gitt dem et gunstig tilbud]



Telefon 51 78 96 00.
www.klepp-sparebank.no



KLEPP SPAREBANK
Enkelt og greit

Jordvernrapporten

– Klimaskifte for jordvernet

Rogaland Bondelag har i lengre tid vore ein av hovudaktørane for å få fram jordvern som ei prioritert sak. Som eit eksempel på behovet for jordvern kan ein peika på at det i løpet av dei siste 50 åra på landsbasis er bygd ned like stort jordbruksareal som det er i Rogaland.

Med grunnlag i dette såg Rogaland Bondelag svært positivt på at Landbruks- og matdepartementet sette ned ei eiga arbeidsgruppe som skulle kome med forslag til tiltak for å styrkja jordvernet. Landbruksdir. i Rogaland Jon Olav Syrstad, var leiar for utvalet. Utvalet si innstilling **Klimaskifte for jordvern** vart lagt fram på nyåret 2008.

Jordvernutvalet og fylkestyret sa seg godt fornøgd med jordverngruppa sin rapport. Fylkestyret ser det og som viktig at de ulike tiltaka må prioriterast klarare og da ut frå ei klar målsetting om å få til ein vesentleg reduksjon i nedbyggingstakten av dyrka- og dyrkbar jord.

- Styret hadde innstillinga til uttale og bad om at følgjande merknadar vart tekne med i det vidare arbeidet med saka og ved oppfølginga av rapporten:

- Styret ser svært positivt på innhaldet i innstillinga og er glad for at utvalet har ei så klar haldning til eit sterkare jordvern.
- Dei statlege virkemidla og aktuelle tiltak for styrking av jordvernarbeidet må likevel spissast meir og forslaga til nye virkemiddel må prioriterast. Rogaland Bondelag vil føreslå at punkta om verneheimel for jordbruksareal, ei styrking av jordlova og planlova og bygningslova ang. jordvernet vert styrka. I det vidare arbeidet må staten flagga eit klart og tydeleg mål for ytterleg reduksjon i omdisponeringa av dyrka mark.
- Styret ser positivt på forslaget om å styrkja opplegget med regionale planprosessar, men vil sterkt beklaga at utvalet ikkje har gått inn for å gjera slike planar juridisk bindande. Etter Rogaland Bondelag si vurdering må regionale planar (fylkesdelplanar) gjerast juridisk bindande.
- I arbeidet med å redusera nedbygginga av jord vert det berre peika på **dyrka jord** og **ikkje dyrkbar jord**. Styret beklager at dyrkbar jord ikkje vert teke med inn i denne vurderinga

og meiner at jordvernengasjementet ikkje berre må gå mot dyrka mark, men også omfatta areal som lar seg dyrke til produktiv mark.

- Fylkeslaget ba og om at jordvern vert vektlagt meir i transportplanlegginga fordi nye vegar oftast fører til større press på omkringliggjande jordbruksareal og at vegutbygging ofte fører til at større areal vert omdisponert enn det som kjem fram i planane.
- Rogaland Bondelag støtta og jordverngruppa si tilråding om konsekvensutredning. Jordvernavgift var eit forslag Rogaland Bondelag lanserte i sitt første innspel til arbeidsgruppa, men ut frå grunngevinga til jordverngruppa for ikkje å innføre ei slik avgift, er argumentasjonen så god at styret aksepterer det.

Regulering av renta til landbrukslån

I januar fekk fylkeslaget skriv frå Sandnes Bondelag om den siste rentereguleringa Sparebank 1 SR-Bank føretok i desember 07. Årsaka til at Sandnes Bondelag reagerte var forskjellen i auke på landbrukslån og bustadlån. Tidlegare har rentesatsen på bustadlån og landbrukslån vore lik, men nå vert dette endra og landbrukslåna fekk 0,2 % større auke enn bustadlån. For eit lån på 5 mill. utgjør 0,2 % høgare rente 10 000,- kr meir i rente pr år.

Sparebank 1 SR-Bank er den dominerande banken for landbruksnæringa i Rogaland, og det kan vera nyttig for både banken og bondelaget å ha møte for å informera og koma med syns-

punkt om landbruksnæringa frå kvar vår ståstad. Leiar, org.sjef og ein rep. frå Sandnes Bondelag hadde møte med konsernansvarleg landbruk Elin Garborg i SR-Bank om saka. Frå bondelaget si side vart det påpeika at landbruksnæringa er solide kundar i banken. Der er svært lite misleghald, både innanfor driftskreditsordninga og på vanlege pantelån. På bakgrunn av dette vart banken oppmoda til ikkje å prisa risikoen på lån høgare enn strengt tatt nødvendig.

Årsaka til endringa i rentefastsetting frå banken si side vart grunngitt med:

- marknadsvurdering / konkurranseforhold

- landbruket er ei kapitalkrevjande næring
- større behov for oppfølging av landbrukskundane
- banken ønskjer å gje eit meir nyantert tilbud på banktenester/lånevilkår til landbrukskundane sine.

Det vart presisert at banken ikkje har endra politikken på at landbruksnæringa er eit satsingsområde for banken, og dei vil vera fagleg gode samarbeidspartnarar for bøndene i Rogaland.

Vis trafikkvett på Traktoren

Etter problema fleire maskinhaldarar og andre som kjørde med breie landbruksreiskap på offentlig veg, vart utsett for sommaren 2006, har det her i fylket vore eit stort fokus på denne saka og fleire fryktar å koma ut i vanskar på nytt. Det vart difor ein del reaksjonar på at avgrensinga på 5 km vart teke med i brosjyra Norges Bondelag saman med andre instansar, sende ut hausten 2008. I brev til Norges Bondelag beklager styret sterkt at denne avgrensinga ved kjøring av breie reiskap på offentlig veg, har kome med.

Styret i Rogaland Bondelag er positiv til kampanjen **Vis trafikkvett på Traktoren** der målet er førebygging av ulykker på veg der traktor er involvert. Men - på grunn av nemnde avgrensing som vegstyresmaktene kravde å få inn i brosjyren, har det likevel koma mange reaksjonar til fylkesbondelaga. Saka har vore oppe på årsmøta i lokallaga og i andre møte forutan at det har vore mange telefonar på saka. I løpet av hausten har fylkeskontoret og hatt nær kontakt med Norges Bondelag om saka.

Under drøfting av saka i styret beklaga styret sterkt denne formuleringa og i brev til Norges Bondelag ber styret organisasjonen arbeida aktivt for at dette ikkje vil føra til strengare handheving av gjeldande forskrifter. I **forskriftene** er det ikkje noko klar avgrensing på dette området.

I brevet peikar styret vidare på at med grunnlag i offentlege krav om å

utvikla eit meir rasjonelt landbruk med reduserte kostnader, har ein fått ei utvikling med større bruk, fleire samdrifter samt etablering av maskinstasjonar som tek oppdrag ute på gardane. Dette er ei utvikling Statens vegvesen og må akseptera. Når reaksjonane på nemnde innhald i brosjyren har vorte så kraftig i Rogaland, er grunnane mykje at næringsføler seg urettferdig behandla i det staten på ei anna side har opna opp for inntil 17 km avstand mellom bruka i ei samdrift. Ting heng ikkje saman.

Det som og har kome fram er at representantar innan Statens vegvesen hevdar at dei nå har fått eit dokument der 5 km avstanden er nedfelt og vil nytta det aktivt i sitt arbeid ute i felten. I brevet til Norges Bondelag peikar fylkeslaget på at det er denne situasjonen mange innan bransjen fryktar. Difor oppfordra Rogaland Bondelag Norges Bondelag på det sterkaste til at ein tek denne situasjonen på alvor og ber om eit møte med rette partar for å førebyggja ein slik situasjon. Her lokalt har det ikkje vore noko særleg problem rundt denne saka i løpet av 2008, men mange fryktar klare instramingar som følgje av brosjyra. Fylkesbondelaget er og kjent med at maskinhaldarar har søkt om dispensasjon for kjøring med spesielle maskinar ut over tillatt breidde, men fått avslag.

Signala frå Norges Bondelag er at dei vil arbeida aktivt for å unngå ei slik utvikling og på nyåret 2009 sende Norges Bondelag brev til Landbruks- og mat-



Framsida av brosjyren
Vis traktorvett på traktoren.

departementet og bad om forståelse for at ei streng praktisering av den sjølvbestalta 5 km-regelen vil skapa store problem for bøndene.

C-sertifikat for sprenging

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har varsla at forskrifta som omhandlar C-sertifikatet skal reviderast. Det er kome klare meldingar om at forslaget blant anna går på at C-sertifikatet skal opphøyrast. Forslaget til endring av forskrifta er ikkje enda kome ut på høyring, men direktoratet oppfører seg som om forskrifta alt er vedtatt. Dei har på sine heimesider varsla at C-sertifikatordninga opphøyrer sommaren 2009, og at dynamitt og sertifikat må leverast inn før den dato.

Direktoratet skriv på sine heimesider blant anna: *Sommaren 2009 går ordninga med C-sertifikat for sprenging ut. Det gjer at blant anna bønder ikkje lenger kan*

utføra sprengingsarbeid på eigen jord- og skogbrukseigedom, men må engasjere profesjonelle aktørar. Fram til ordninga trer i kraft kan innehavarar av C-sertifikater gratis få destruert attverande eksplosiv mot at sertifikatet også vert levert inn.

Det er til fylkeslaget kome brev og telefonar frå lokallag og enkeltmedlemmer om å ta tak i denne saka. Rogaland Bondelag og fleire andre fylkeslag har teke saka opp med Norges Bondelag og bede dei ta kontakt med direktoratet og gjera det ein kan for å behalda ordninga om avgrensa lagerhald og sprenging på eigen gard. Det er halde møte mellom Norges Bondelag og direktoratet. Direktoratet vil ikkje endra si haldning om

at C-sertifikatet skal opphøyrast. Forslag til ny forskrift vert sendt ut til høyring og Rogaland Bondelag vil gje uttale.

Dersom C-sertifikatet fell bort, er det mange bønder som vil få høgare utgifter dersom områder skal ryddast for stein og ved oppsprenging av grøfter. Det er på marknaden eit sprengmiddel som kan erstatta deler av arbeid som vert utført med dynamitt. Det gjeld helst ved kløyving av stein og liknande mindre arbeid. På dette alternativet er det pr nå ikkje mogleg med seriekopling - tidsforskyving.

Rogaland Bondelag i samarbeid med Norges Bondelag, arbeider vidare med alternativ dersom C-sertifikatet fell bort.

Handlingsplan for åkerrikse

Åkerrikse er ein trua fugleart. Den finns i dag bare nokre få plassar i Norge, blant anna i Rogaland. På landsbasis er det dei siste åra registrert om lag 150 syngjande hannar. Åkerrikse hekkar i ope landskap og i høgt gras, det vi kan kalla god slåtteng. Egglegginga til åkerrikse er i juni og ut i juli. Årsaka til tilbakegangen er fordi den har reira sine i god slåtteng, og at graslet vert lagt i silo eller tørka til høy.

Det er sett i gang eit prosjekt der fylkesmannen i Rogaland har fått hovudansvaret for å koma med forslag til tiltak for å halda på / auka bestanden av åkerrikse. Rogaland Bondelag vart invitert til å delta med kontaktperson i arbeidet.

Direktoratet for naturforvaltning som er oppdragsgjevar for prosjektet, har sett av midlar til informasjon og andre frivillege tiltak for å verne om åkerrikse. Aktuelle tiltak kan vera å inngå avtale med bønder der åkerrikse legg egg om å la vera eller utsetja silo- eller høyslått. Andre tiltak er å tilbakeføra areal til beitemark eller fuktareal, eller ta vare på andre naturlege hekkeområde for åkerrikse.



Åkerrikse ein trua fugleart og fins berre nokre få plasser i landet, bl.a. i Rogaland.

Ny lov om dyrevelferd – kompetansekrav ved stell av dyr

Det er kravet om kompetansebevis for stell av dyr som har gitt flest reaksjonar. Kompetansebevis vart pålagt frå 1. januar 2009 for stell av storfe og småfe, og det er kome mange reaksjonar på det til styret og fylkeskontoret. I uttale frå Mattilsynet ved årsskiftet 2008/2009 vart det gitt utsettelse for innføringa av kravet til utgangen av 2009. Mattilsynet har til nå ikkje godkjent agronomutdanning som automatisk godkjent kompetanse for stell av dyr. Lang erfaring med stell av dyr vert heller ikkje godteke som godkjent kompetanse. Denne saka har bondelaget arbeida med i lang tid. Alt i 2003 vart det frå Rogaland Bondelag peikt på at innføring av kompetansebevis ikkje måtte verta byråkratisk og at det må visast skjønn. Det vart og peikt på at formell utdanning innan landbruk og god praksis, automatisk måtte gje kompetansebevis. Norges Bondelag følgde opp Rogaland Bondelag sin uttale på høyringa av Stortingsmelding nr 12 (2002 – 2003).

I høyringa på lov om dyrevelferd som var til høyring i januar 2008, vart det frå Rogaland Bondelag peika på at realkompetanse måtte sidestilla med formell kompetanse innan landbruk og stell av dyr. Nå ligg saka i Norges Bondelag, og det er bedt om møte med Mattilsynet for å få omgjort denne heilt uforståelige haldninga som er på dette området.



Fagskule og fleire års praksis må vera tilfresstillande kompetansekrav ved stell av dyr.

Andre forhold det og vart gitt uttale på i lovforslaget på ny lov om dyrevelferd, var:

- Det må vera aktuelt å kunne anmelde mishandling og -stell av dyr anonymt
- Det må vera klare avgrensingar på kor mykje det offentlege kan påleggja næringa og private personar av ekstra kostnadar ut frå heimel i lova. I samband med rovdyr må påleggja samfunnet legg på bønder og dyrehaldarar fullt ut verta dekkja økonomisk av staten.
- I § 24 bør det stå - forskning som strir mot etiske retningslinjer.
- Innføring av evt. beiteforbud pga rov-

dyr, må tidsavgrensast og dyreeigarane må få reell kostnadskompensasjon.

- Under punktet om krav til tilsyn bør formuleringa i dagens lov fortsett vera gjeldande.
- Styret går inn for at deler av § 4 i dagens lov - "Når vêrlaget og naturgitte forhold tillet det, kan departementet for visse dyreslag gjera unntak for plikta til å ha opphaldsrom" vert teke med i den nye lova. Det som står i kursiv er foreslått som tillegg til det som står nå.

Rogaland Bondelag sende uttalen sin til Norges Bondelag. Regjeringa har sendt sitt forslag til ny lov til Stortinget.

Norsk transportplan – Rogaland sin del

Rogaland fylkeskommune arrangerte konferanse angående Transportplan for Rogaland og innspel til revidering av nasjonal transportplan. Bondelaget var invitert til konferansen til å halda innlegg. Frå styret deltok Ingar Naustvik, som hadde bondelaget sitt innlegg, og Per Inge Egeland.

Landbruket i Rogaland er ein stor brukar av transportsystem i fylket. Det vert transportert varer til og frå gardsbu-ruka, frå dei mest grigrendte utkantbygdene til dei mest sentrale område i fylket.

Vårt fylke har for dei fleste greinene innan landbruket om lag 20% av produksjonen i landet - nokre produkt opp mot 80 %.

Det vert stadig stilt større krav til effektiv og rasjonell drift i landbruket både for primærlandbruket og innan foredlingsindustrien. Mykje av foredlingsindustrien vert i dag av konkuransmessige omsyn, sentralisert på færre anlegg, og bruken av transportsystema våre både til lands og til sjøs vil auka i tida framover. Det er viktig å ha god transportløysingar både av miljømessige - og bedriftsøkonomiske omsyn.

Etter opplysningar frå dei tunge transportørane i landbruket som Nor-tura, Tine og Felleskjøpet har vegnettet i Dalane – regionen jamt over dårligare standard enn elles i fylket. Denne regionen må difor tilførast midlar til utbetring.

I sin uttale peika Rogaland Bondelag vidare på nokre områder som bør prioriterast:

- Opprusting og utbetring av eksisterande vegar må verta prioritert høgare.
- Vedlikehaldet må betrast, både på sommar og vinterstid.
- Utvida opningstider og auka frekvens på fleire ferjesamband.

Planen var at forslag til Nasjonal transportplan skulle leggjast fram i november / desember 2008. Ved årsskiftet er ikkje planen lagt fram og signala nå er at planen skal leggjast fram i slutten av februar 2009.

Planprogram for energi og klima i Rogaland – høyring

I frå Rogaland Fylkeskommune fekk bondelaget oversendt eit utkast til planprogram for fylkesdelplan for energi og klima i Rogaland. Opplegget er at Fylkeskommunen ut frå det fokuset klima og energi har fått og vil få framover, skal i løpet av 2009 leggja fram ein fylkesdelplan ang. energi og klima.

I planutkastet er den organisasjonsmessige sida skissert med ei eiga styringsgruppe på 7 representantar - då truleg samansett av politikarar - og ei større prosjektgruppe med representantar både frå kommunar og organisasjonar og då representert med fagfolk.

Under desse gruppene er det forslag om 7 temagrupper:

- Energiproduksjon og energibruk
- Industri – energibruk og utslipp
- Primærnæringar – energibruk og utslipp
- Bygg og anlegg – energibruk og utslipp
- Areal og transport
- FoU, kompetanse og innovasjon
- Holdningsendringar, forbruk og livsstil

I kvar av desse gruppene skal det vera 5 – 7 personar. Forutan gruppa for primærnæringane bør RB og vera

oppteken av gruppa for areal og transport fordi bønder/våre medlemmer eig mesteparten av arealet i fylket og at landbruket er tunge innan transportsektoren.

Utan tvil vil klimautfordringane stå sentralt også for landbruket framover. Difor er det både rett og viktig at landbruket går aktivt inn i denne samanhengen.

I uttalen sin hadde styret følgjande merknader/presiseringar til planprogrammet:

- Styret i Rogaland Bondelag ser positivt på at Fylkeskommunen har teke dette initiativet og at ein på eit breitt fagleg grunnlag vil setja fokus på energiforbruket og klimaet.
- For landbruket er det viktig at ein vurderer heilheten i dette biletet og unngår at enkeltfaktorar vert fokusert for einseitig.
- Styret vil gjera oppmerksom på at det på sentralt hald innan landbruket vert det alt arbeidd aktivt med desse sakene og at det i løpet av våren vil det verta lagt fram ei innstilling som vil vera nyttig å ha som grunnlagsinformasjon også i denne saka.
- Rogaland Bondelag ber om at næ-

ringa vert representert i prosjektgruppa.

- Fylkesbondelaget ber og om at næringa vert direkte representert i gruppa som skal arbeida med primærnæringane
- I gruppa for Areal og transport bør næringa og delta med ein direkte frå landbruket eller ein frå varemottakarane/-leverandørane som står for ein stor del av transportbehovet knytta til landbruket.
- I arbeidet med planen må også FoU-miljøet knytta til landbruket – t.d. Særheim –trekkjast aktivt inn.
- I arbeidet bør det leggjast vekt på å utnytta småkraftverk og utbetra linjenettet slik at det ikkje er til hinder for etablering av mindre kraftverk.
- Det bør og satsast meir på rein energi som vindkraft - også ute i havet – og bruk av solenergi.
- Styret stiller spørsmål ved om det er rett å nytta biodiesel så lenge produksjonsgrunnlaget for denne er biomasse som kan nyttast direkte til mat.

Vanndirektivet – høyring på viktige spørsmål for vannområda

Figgjo- og Otra-vassdraget (Agder) er peika ut til å vera dei første vassdraga i denne regionen det skal lagast ein plan for å oppnå krava om god kjemisk og økologisk tilstand i vassdraget. Planen skal omfatte vassdraget og tilgrensande kystline. Bakgrunnen for arbeidet er EU sitt vassdirektiv.

Målsettinga med dette direktivet er å få ei heilskapleg forvaltning av vannførekostane, og at det skal leggjast ein plan for at desse vassdraga skal tilfredstillast god kjemisk og økologisk tilstand ut frå fastsette miljømål.

Målet om god tilstand i vassdraga skal vera oppnådd innan 2015.

Det er Fylkesmannen i Vest-Agder som administrerer arbeidet i Vannregion Sør, som omfattar Rogaland, Vest – og Aust-Agder. Rogaland Bondelag er representert i vannområdeutvalet og i referansegruppa.

Figgjovassdraget er ein del av Aksjon Jærvassdrag sitt arbeidsområde. Fleire av kommunane i nedslagsfeltet er tilknytt prosjektet Frivillige tiltak i landbruket. Mykje godt forarbeid og godt motivasjonsarbeid er alt i gang i nedslagsfeltet.

Spørsmål som kan vera aktuelle å avklara i planprosessen:

- For Bondelaget er det avgjerande at ein byggjer vidare på gjeldande landbrukspolitikk som er fastsett av partane i jordbruksforhandlingane. Innan førebyggjande miljøarbeid er RMP og SMIL dei viktigaste ordningane, og det vert avsett midlar til dette i jordbruksavtalen. Desse ordningane skal vera med på å redusera ureining og ta vare på biologisk mangfald.
- Kost- nyttevurderingar må avklarast. Rogaland Bondelag krev at kostnadane vert berekna (juridiske/økonomiske) når tiltak skal vurderast i prosessen med utarbeiding av overordna planar og tiltaksplanar.
- Forhold rundt vassdrag som vert demma opp for å verta nytta til vatning av åker og eng, må avklarast.
- Det må ikkje leggjast ekstra avgrensingar på næringsutvikling innan hytteutleige, jakt og fiske enn det gjeldande regelverk tilseier.
- Forsøksringen på Jæren bør vera ein viktig medspelar i rettleingsarbeidet



Betring av vasskvaliteten er målet med arbeidet med EU sitt vassdirektiv.

Her viser Oddvar Wølstad fram eit glas vatn frå Hålandsvatnet i Stavanger/Randaberg. Foto Bondevennen.

opp mot den enkelte gardbrukar og vannområdeutvalet. Det er i gang tiltak for å prøva ut alternative gjødslingsmetodar i deler av nedslagsfeltet via Aksjon Jærvassdrag sitt arbeid og det er avsett midlar i jordbruksopp-gjeret til dette. Det er for tidleg å trekkja nokon konklusjon av dette arbeidet ennå, men resultatane bør vektleggast når dei kjem. For nedslagsfeltet til Figgjovassdraget er det stor variasjon i vekstvilkår og det går ikkje å laga bastante retningsliner for gjødslingstidpunkt. Gardbrukaren bør setja opp gjødslingsplanar der husdyrgjødsel vert spreia mest mogleg optimalt. Jæren Forsøksringen bør takast med på råd, også for bønder som ikkje er medlemmar i forsøksringen.

- Nasjonale retningsliner for gjødslingstidpunkt må respekterast. Tidspunkt for nedmolding av husdyrgjødsel som er 1. november bør takast ut av regelverket. Skal siste frist for gjødselspreiing utan nedmolding som er 1. september, stramast inn må det vera eit ledd i ein gjødselplan. Dette for å fanga opp dei ulike vekstvilkåra som er i nedslagsfeltet.

- Ein må byggja vidare på prosjektet Frivillige tiltak i landbruket. Dette prosjektet har stor tillit hjå bøndene.
- Uggjødsla kantsonar mot vatn må få ei høgare økonomiske rame i Regionalt miljøprogram. Den faglege informasjonen om kvifor ein bør ha uggjødsla kantsoner må forsterkast.
- Det må gjevast tilskott gjennom SMIL-ordninga til å støypa igjen gjødselportar i nedslagsfeltet til Figgjovassdraget
- I enkelte deler av Figgjo-vassdraget er det svært stor husdyrtetthet. Desse bør kunna koma inn under begrepet sterkt modifiserte vassførekostar. I desse områda må ein akseptera moderat tilstand i vassdraget.
- Det bør generelt vera eit mål å ha god tilstand i heile Figgjo-vassdraget. Det må likevel vera mogleg for områder av Figgjo-vassdraget å nytta noko lenger tid enn fram til 2015 for å oppnå god tilstand. Det bør utarbeidast lokale tiltaksplanar som tek omsyn til belastning og nåverdi av næringsstoff i vassdraga. Jamfør arbeidet i Aksjon Jærvassdrag.

Lov om laksefiske og innlandsfiske – høyring

Lovas formål er å sikra at naturlege bestandar av anadrome laksefisk, innlandsfisk og deira leveområde og andre ferskvassorganismar, vert forvalta slik at naturens mangfald og produktivitet vert teke vare på. Innafor denne ramma skal lova kunne gje grunnlag for utvikling av bestanden, til beste for rettighetshavarane og allmennheta.

I Rogaland er det fleire vassdrag det vert teke ut fisk i. For dei fleste vassdraga vert overskotet av sal av fiskekort o.a. tilbakeført vassdraget i form av kultiveringstiltak. For andre vassdrag vert deler av overskotet fordelt på rettighetshavarane. For fleire grunneigarar/rettighetshavarar er aktivitetane i vassdraga eit tillegg til næringsinntekta på garden.

Styret gjekk gjennom forslaga og hadde desse kommentarane:

§ 18: Barns rett til gratis fiske er vedteke i Stortinget og slått fast av Høgsterett. Eit slikt fiske gjer ikkje rett til erstatting, men Høgsterett har lagt til grunn at barns rett til gratis fiske kan avgrensast når dette går utover grunneigars fiske i vesentleg grad. Aldersgrensa er i dag 16 år for gratis fiske, og er gjort

for å vera med på å stimulera barn/ungdom til friluftsliv. Denne ordninga gjeld ikkje i lakseelvar. Forslaget er nå å auka aldersgrensa til 18 år.

Gratis fiske er for Rogaland sin del ikkje noko omfattande problem. Det er ikkje så mange innlandsvassdrag som kjem under denne ordninga. For vassdrag som har fiskekort kan utvidinga bety reduserte inntekter. Fleiren grunneigarar tek utmarka/vatna sine ressursar i bruk. For fleire bønder vil bruken av utmarka vera eit godt tillegg til den ordinære gardsdrifta. Organisasjonen må sjå prinsipielt på bruken av grunneigaren sine ressursar i vassdraga eller utmarka. Bondelaget skal ivareta grunneigaren sine interesser og må i den samanheng gå mot ei utviding av alderen frå 16 år til 18 år for gratis fiske.

§ 25: Direktoratet for Naturforvaltning (DN) foreslår obligatorisk organisering av rettighetshavarar i lakse- vassdrag. Det vert innført krav om driftsplanlegging i vassdrag med anadrome laksefiske.

Det må vera rett at det vert innført obligatorisk organisering av rettighetshavarar i laksevassdrag, og at det vert

innført krav om driftsplanlegging. Dette kravet må følgjast opp med reelt forvaltingsansvar for elveeigarlaget/grunneigarlaget som har tek på seg ansvar med forvaltninga.

§ 26: Etter gjeldande lov kan ein setja krav om allmennheitas tilgang til fiske dersom det er gitt offentleg støtte til kultiveringsarbeid, til dømes kalking. Nå vert det foreslått å utvida dette til også å gjelda andre type tiltak der det offentlege gjer tilskot med betydelege midlar. Det kan til dømes gjelda tiltak mot sjukdom på fisk o.a.

For dei fleste vassdraga i Rogaland vil ikkje dette vera noko problem, for dei fleste er i dag opne for allmennheita - har fiskekort. Det er eit par vassdrag der medlemmar i jeger og fiskeforening har førsterett til fiske. Desse vil nok få ei utfordring dersom det vert gitt større offentleg økonomisk støtte til kultivering. Det må vera rett at dersom det offentlege går inn med større økonomisk støtte at vassdraget då vert opna for at allmennheita kan kjøpa fiskekort.

Fylkesdelplan for landbruket

Etter initiativ frå Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksdirektøren vedtok Rogaland Fylkeskommune hausten 2008 å starta opp arbeidet med å utarbeida ein Fylkesdelplan for landbruket i Rogaland. Styremedlem i Rogaland Bondelag Per Inge Egeland frå Hjelmeland er bondelaget sin representant i prosjektgruppa med org.sjef Svein Helge Harbo som vararepresentant.

Arbeidet med fylkesdelplanen vert politisk styrt av ei styringsgruppe oppnemnd av fylkesutvalet der representantar frå alle partia i Fylkestinget er representert. Prosjektgruppa er det faglege utvalet og er brett samansett med representantar både frå fylkeskommunen, kommunane og fleire landbrukstil-

knytta organisasjonar. Sekretariatet for arbeidet er plassert hjå Fylkesmannen landbruksavdelinga.

Arbeidet i prosjektgruppa tok til i desember 2008 og planen skal omfatta tilnærma alle områda som angår landbruket. Utarbeidinga av fylkesdelplanen vil vera ein viktig prosess for å setja utfordringane landbruket og matproduksjonen i fylket på dagsordenen. Det er og eit klart mål at ein gjennom denne prosessen får peika ut strategiar og tiltak for ressursvern, næringsutvikling og nødvendig omstilling for næringa framover.

Opplegget for arbeidet er at ein og skal trekkja inn næringa på ein brei måte og det vil verta gjennomført eit

par høyringsrundar. Først ved at planprogrammet vert lagt fram til uttale til våren og at forslaget til plan vert sendt på høyring om vel eit år. Endeleg plan tek ein sikte på vil føreliggja ferdig politisk behandla hausten 2010.

Fylkesstyret vil jamnleg koma tilbake til denne saka til planen føreligg.

Prosjektet Frivillege tiltak i landbruket – 2008

2008 er det fjerde året prosjektet **Frivillege tiltak i landbruket** har pågått. Olav R. Husveg og Olaf Gjedrem er prosjektlederar og er tilsett i Rogaland Landbruksksselskap organisert av Fylkesmannen Landbruksavdeling Rogaland. Arnstein Gilje er Rogaland Bondelag sin representant i styringsgruppa. Nedfor har ein føreteke ei enkel oppsummering for året. I fleire av tiltaka har det vore eit nært samarbeid med Jæren forsøksring.

Gjødselprosjektet

Planlegging, informasjon og gjennomføring av prosjektet "Miljøvennleg gjødselspreiing" har teke mykje tid. Det er arrangert ni møte og samlingar for dei 600 bøndene som vart inviterte til å delta. I alt deltok bønder som driv 30 000 da jord i denne ordninga.

Vasspest

I forståing med Fylkesmannen og kommunar som har vasspest i vassdrag, vart det sett opp skilt for å varsle om vasspest. Prosjektlederane har og delteke i informasjons- og motivasjonsarbeid

for å få til ein offensiv mot utbreiing av denne uønska planta i vassdraga.

Bekkelag

Nær alle 42 bekkelaga har vorte inviterte til eigne møter i 2008 og to nye lag er starta. Det har vore godt fram møte og vel 50 % av dei inviterte har delteke på desse møta der ein har fokusert på utviklinga av vassdraget og kva som kan gjerast for å betra kvaliteten. Fleire av bekkelaga har vorte inviterte til å delta i prosjektet Miljøvennleg gjødselspreiing.

Seldalsvatnet og Bjåvatnet

er to vatn prosjektet har hatt spesielt fokus på i år. Seldalsvatnet og Svihusvatnet i Sandnes kommune hadde sterk algevekst i fjor og var dekket av eit grønt slam som hindra bading og fiske. Kommunen har sett i gang tiltak for å forbedra situasjonen og prosjektet er følgt opp. I år var vatna normale att.

Bjåvatnet i Hå kommune var i fjor dekket av omfattande og øydeleggjande vasspest i over halve vatnet. I lag med grunneigarane og kommunen har pro-

sjektet gjennomført ein offensiv for å fokusera på problemet og finna konstruktive tiltak for å få den meir under kontroll. Rogaland Bondelag har og teke ekstra tak i denne saka.

Utslepp

Både bønder, kommunar og enkeltpersonar har kontakta prosjektet ved mistanke om utslepp av næringsstoff til vassdrag. Prosjektlederane har stilt opp og funne ut kva som var galt og teke kontakt med bønder som forureininga kom frå. Det verkar som om det er større iver etter å stansa utslepp og utføra forebyggjande tiltak.

Prosjektlederane har og delteke på ei rekkje møte med bondelaga, grøn-sakprodusentar, konferanse for landbruksansvarlege i fylket og i studiegrupper for bønder. Dei har og vore aktive i planprosessen av fleire reinseparkar. Interesse for å etablere nye er framleis stor.

Dei har og dagleg telefonar og samtaler med mange bønder og andre som ynskjer kontakt med dei om ulike tema.

Fotråte på sau

Rogaland Bondelag vart tidleg i haust gjort kjent med problema ang. fotråte hjå sau og prosjektet som vart sett i gang med å snu sauene for å få oversikt over utbreiinga av sjukdommen. I denne fasen hadde ein nær kontakt med Sau og Geit og fylkesbondelaget tok opp saka med Norges Bondelag for å få avsett midlar til prosjektet.

I det fylkeslaget tok saka opp gjennom brev til Norges Bondelag, var situasjonen uklar og under eit møte på Rennesøy 1. sept. kom det klart fram at sauene ville sjølv ville gjera ein innsats for å få betre oversikt og kontroll på situasjonen. Ut frå næringa si vurdering vart det gitt uttrykk for at der var viktig framover å få til ei grundig kartlegging av situasjonen av fotråte. Planlegginga av dette er sett i gang og målet er å vera ferdig med denne registreringa innan vår 2009.

Ei slik registrering krev både tid og økonomi. Etter det Rogaland Bondelag forstod tidleg i fasen var Mattilsynet regionalt interessert i å vera med på dette, medan Mattil-

synet sentralt ikkje var av same oppfatning. Fotråte er klassifisert som ein B-sjukdom der Mattilsynet har eit klart ansvar.

Styret i Rogaland Bondelag drøfta saka på møte 27. august. Fylkeslaget er glad for at Norges Bondelag alt var godt inne i saka, men dei ville på grunnlag i informasjonen frå møtet på Rennesøy og andre innspel i saka, sterkt oppfordra Bondelaget sentralt til å gå aktivt inn i saka. Noko av det som er viktig er å påverka Mattilsynet sentralt til å sjå sitt ansvaret slik at dei deltek både med sin faglege kompetanse og økonomi ved gjennomføringa av registreringa. I tillegg bad ein Bondelaget å hjelpa til med at det vert frigjort midlar til gjennomføring av registreringa av situasjonen. I brevet peika ein på at det er svært viktig at registreringa vert gjennomført nå i løpet av vinteren slik at næringa snarast får eit best mogleg grunnlag for å ta stilling til kva tiltak som må og bør gjennomførast framover for å få kontroll over sjukdomssituasjon.



Torkjell Mauland på jakt etter fotråte på sau. Foto Bondevennen.

Styret peika og på at det i denne saka er det viktig at næringa står saman og hjelper kvarandre og rådde til at det fortsatt var nær kontakt mellom Norsk Sau og Geit og Bondelaget.

Toppskotsregulering av juletre

Styreleiar i Norsk Juletreservice Arne Svandal, Vindafjord og Terje Pundnes, Hjelmeland frå Norsk Pyntegrønt Forsøksring tok kontakt med Rogaland Bondelag og ba om eit møte om problem dei har for å få godkjent bruk av plantevernmidlet Pomoxone i juletreproduksjonen.

Rogaland Bondelag har forståelse for at ein sentralt er reservert med å godkjenna bruk av ulike plantevernmidel. Men med dei små mengdene som vert nytta i denne samanhengen og den positive nytten det har, må ein likevel etter fylkeslaget si vurdering, kunna stilla spørsmål om det er rett å nekta så lenge det kan setja heile næringa ut av stand til å kunna konkurrera med eit aukande utalandsk marked der bruken av midlet er tillata.

Pyntegrønt er ei ny næring det vart ytt ein del BU-midlar til ut frå grunn-

tanken om at Norge bør sjølvforsynt med juletre. I dag har ein kome så langt og det vert eksportert ein del juletre. Men ut frå kravet til kvalitet er det vanskeleg å oppnå det utan bruk av nemnde middel. Ulike andre tiltak er utprøvd for å oppnå det same resultatet utan at det har lykkast å finna alternative løysingar.

I brev til Norges Bondelag støtta styret i Rogaland Bondelag Norsk juletreservice og Norsk Pyntegrønt sitt arbeid med å få lov til å bruka midlet Pomoxone i produksjon av juletre. Då produksjonen er heller ny ser styret det som viktig at næringa får utvikla seg og får dei same rammevilkåra som i landa ein konkurrerer med. I brevet bad ein og om at Norges Bondelag støtta organisasjonane sitt krav og at dei arbeidde vidare med saka opp mot dei rette instansane – m.a. Mattilsynet.



Frå juletreproduksjonen

Kompetanse, inspirasjon og tru på framtida

Modulbasert Agronomkurs

Ta dei faga som passer deg
– når det passer deg.

Skuleåret 2009-2010 tilbyr vi desse kursa:

Klepp: Plante- og husdyrproduksjon, Gardsdrift, økonomi og driftsleiing, Utmark og kulturlandskap og Traktor og maskin eller Økologisk landbruk 1.

Helleland: Gardsdrift, økonomi og driftsleiing, og Utmark og kulturlandskap

Krav til inntak: Minst 19 år, Minst ½ år praksis i landbruket

Ingen elevbetaling.


Undervisninga startar omkring 20. august og skuleåret sluttar med eksamenar i mai/juni året etter.

Søknadsskjema finn du på www.vlj.no


Søknadsfrist 1.mars

For meir informasjon, ta kontakt.

Vinterlandbruksskolen
på Jæren
Tårnvegen 9
4365 NÆRBØ
Tlf. 51 79 94 00
E-post: post@vlj.no



Totalleverandør av småkraftverk



**Du har vannet -
vi hjelper deg med resten**

- Rådgivning
- Konesjon
- Turbin
- Generator
- Ventil og hydraulikk
- Styre- og kontrollsystem
- 24 t vaktordning
- Serviceavtaler

Kontakt oss for tilbud
Tlf. 53 48 72 00
eller post@energi-teknikk.no

 **Energi
Teknikk AS**
www.energi-teknikk.no

Arbeidet i utvala

Info-utvalet

Informasjonsutvalet – Info-utvalet – har i meldingsåret hatt tre møte. Saker utvalet har arbeidd med:

- Nettsidene til bondelaget. Korleis få til gode sider?
- Mal for innkalling til årsmøtet, årsmelding og rekneskap. Det er sendt til lokallaga og skal og leggjast ut på heimesidene.
- Open Gard (sjå eige oppsett)
- Kurs for nye/unge bønder

Kurs for unge bønder, 17. – 19. oktober

Kurset vart gjennomført etter same mal som i 2007, med godt samarbeid med samvirkeorganisasjonane og ungdomsrådet til Nortura. Kurset var lagt til Gjesdal Gjestgiveri. Totalt var det 24 deltakarar på kurset.

På fredagskvelden var det samling i reiskapshuset hjå Trygve og Erik Ravnald. Erik orienterte om drifta på garden, og det var ein tur ut for å sjå på det nye sauehuset som var under bygging. Tidlegare leiar i Norges Bondelag Bjarne Undheim, gjekk gjennom dei viktigaste områda i landbrukspolitikken. Gode

varer frå Nortura var på grillen til seint på kvelden.

Hovudinnlegget på laurdagen var spørsmål rundt eigarskifte – dei menneskelege sidene ved eigarskifte og forhold ut frå odelslova og konsesjonslova samt skatt og avgifter. Advokat Jan Bangen frå Norges Bondelag hadde eit engasjerande innlegg om desse tema. Elles var ein innom HMS-arbeidet på garden forutan at enkelte organisasjonane fekk tid til å presentera seg. Ut på ettermiddagen var det tur til Gloppedalen og Byrkjedalstunet.

Søndagen vart nytte til innlegg der temaet: Kvifor er samvirke viktig? Leiar i Nortura Sveinung Svebestad heldt innlegg. For å få god økonomi i drifta på garden er det viktig med god økonomistyring og driftsleiing. Dette fortalde dagleg leiar i Klepp rekneskapslag Martin Svebestad om.

Ut frå evaluerings skjema var det svært positive tilbakemeldingar på opplegget. Det var aktuelle tema og gode innleiarar. Utvalet tek sikte på å gjennomføra eit slikt kurs kvar haust i oktober månad.

Informasjonsdag for skulekontaktane

Det var møte med skulekontaktane i Stavanger 3. desember. 13 personar frå lokallaga møtte.

Det var ein kort gjennomgang av ”Landbruksspelet”. Video, ”Dagros - med vindu i magen” vart vist og diskutert om den var aktuell for skolen. Målfrid Husebø viste til materiellet Norges Bondelag har for skulane og var inne på nettsidene til bondelaget og viste kor ein kan finna meir informasjon ein kan bruka i skolen.

Åse Kringlebotn frå ”Opplysningskontoret for egg og hvitt kjøtt” fortalde om dei opplegga dei har for skolane. Dei har eiga kokebok for 6. klasse som er den einaste kokeboka skolane har tilbud om. Vidare var det erfaringsutveksling og diskusjon om måtar å nå skolane med opplysning om maten me produserer.

Verveutvalet

Verveutvalet har hatt eitt møte i meldingsåret – 26. februar. Hovudoppgåva til verveutvalet er å leggja opp strategi for vervearbeidet i fylkeslaget og gjennomføra den i samarbeid med lokallaga og med fylkesstyret. I Strategien for 2008 la ein vekt på ”Auka fokus på aktive bønder og dei som er på veg inn i landbruket, men også andre med sterk tilknytning til næringa”.

Styret i Rogaland Bondelag hadde vedteke å gjennomføra telefonverving i Rogaland og utvalet støtta seg til dette vedtaket.

Utvalet har gjennomført ein ringe- runde til lokallaga i løpet av året. Då oppfordra ein lokallaga til å gå gjennom tilsendte lister over potensielle medlemmer. Styra i lokallaga vart og oppfordra til å følgje opp nye medlemmer, kalle inn til medlemsmøte med meir. Utvalet tok

og opp spørsmålet om leiarane fortsatt ønskte denne telefonkontakten. Dei fleste lokallaga var positive til ringerunden. Utvalet opprettheldt forslag sitt om å premiera lokallaga med 200 kr pr ny medlem med produksjon og 100 kr for personleg og husstandsmedlem for 2008.

Utvalet ønskjer å ha god kontakt/dialog med lokallaga og heile utvalet deltek difor på årsmøtet og leiarmøtet til fylkeslaget. Dette først og fremst for å skapa kontakt med leiarane i lokallaga.

Oppsummering av vervearbeidet og medlemsutviklinga er omtalt lenger bak i årsmeldinga.

Under årsmøtet i fylkeslaget i mars 2008 vart det delt ut vervepremiar for godt vervearbeid i 2007. Det vart delt ut gåvepremie til dei lokallaga som hadde størst %-vis og størst netto auke i talet på medlemmer.

- Gåvesjekk på 1000 kr og innramma diplom til Fogn Bondelag for størst %-vis auke i medlemstalet med 10,8 % og til Gjesdal Bondelag som hadde størst netto auke i talet på medlemmer – netto auke på 10 medlemmer.
- Beste vervar var Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal. Han fekk genser for å ha verva 5 nye medlemmer.
- Norges Bondelag støtta arbeidet i verveutvalet til Rogaland Bondelag med 15.000 kr i 2007. Rogaland Bondelag får og eit tilskot på 5000 kr til vervepremiar i lokallaga.

Grøntutvalet

Grøntutvalet til Rogaland Bondelag tok og i år initiativ til å halda eit ope møte for å få fram ulike innspel ang. den grønne sektoren i forkant av jordbruksforhandlingane og før utvalet skulle utarbeida sin uttale. Saman med medlemmene i utvalet vart representantar frå ulike faglag og rettleiingstenestad innan den grønne sektoren i fylket, invitert. Det var og sendt ut e-post til lokallagsleiarane

med invitasjon til interesserte personar i lokallagsstyra. Forutan utvalet møtte det representantar frå Grøntutvalet i Finnøy, Gartnerhallen, Jæren Gartnerlag og enkeltprodusentar både frå Jæren og Ryfylke. 10 personar møtte. Redaktør i Bondevennen Dag Raustein, innleia til diskusjon ang. situasjonen til den grønne sektoren i fylket.

På grunnlag av drøftingane under

møtet vart det utarbeidd ein uttale til jordbruksforhandlingane for den grønne sektoren. Denne vart sendt over til fylkesstyret som slutta seg til den. Uttalen vart og sendt til Grøntutvalet til Norges Bondelag. Uttalen er referert lenger framme i årsmeldinga.

Ut over dette har det ikkje vore andre saker til drøfting i utvalet.

Jordvernutvalet

Det har ikkje vorte halde møte i Jordvernutvalet i 2008, men temaet har stått sentralt i samfunnsdebatten gjennom heile året og då oftast på ein positiv måte sett frå bondelaget si side.

Hausten 2007 drøfta utvalet opplegget for arbeidet med jordvernrapporten Landbruk og matdepartementet tok initiativ til og som fekk namnet Klimaskifte for jordvernet. Utvalet sende inn innspel til arbeidsgruppa. (Sjå årsmeldinga for 2007.) Då rapporten vart lagt fram på nyåret 2008 var tidsfristen for uttale kort og fylkesstyret behandla innstillinga direkte og sende uttale til Norges Bondelag. Leiaren i utvalet Arnstein Gilje var sentral i utforminga av den og uttalen er omtalt lenger framme i årsmeldinga. Organisasjonssjefen var 22. april i Moss på oppfølgingskonferanse om planen. Leiaren i utvalet skulle og ha vore med, men måtte melda sjukdomsforfall. Han deltek i staden på ein jordvernkonferanse i Trondheim i slutten av januar 2009.

Leiaren i utvalet har saman med administrasjonen drøfta enkelte spørsmål og arbeid konkret med fleire saker medlemmer har teke opp med fylkeslaget. Ein har og hatt nært samarbeid med Jordvernforeninga i Rogaland og mellom anna drøfta å arrangera eit jordvern møte saman i løpet av våren 2009.

Frå styret si side er det og lagt opp til å gjennomføra kurs ang. arealforvaltning i kommunane for tillitsvalde i lokallaga. Desse skulle etter planen vore i løpet av hausten 2008, men sidan opplegget Norges Bondelag er i ferd med å utarbeide for slike kurs ikkje er ferdig før i mars 2009, vil kursa verta gjennomførte våren 09.



- langsiktighet, sikkerheit og best økonomi

Om du er storproduzent med 2 års produksjonssyklus eller kyllingproduzent med 30 dagers oppføringstid, så ligg det eit langsiktig perspektiv bak investeringane i kjøtproduksjonen.

Da er det trygt å ha ein samarbeidspartnar som har same langsiktigheta som grunnlaget for verksemda si. Ein samarbeidspartnar som også

garanterer avsetnad for det du produserer, uansett kvar du bur eller kor stor produksjon du har. Men kanskje viktigast alt: Ein samarbeidspartnar med eit overordna mål om å gje bonden best økonomi - både på kort og lang sikt.

Nortura

U-landsutvalget

Året 2008 var det andre året i vårt nye prosjektområde Sambolabo i Kamerun som ligger nær grensen til Nigeria. I et område som har etnisk og politisk stabilitet, og gode ressurser i form av sand og stein, har befolkningen et stort ønske om å få ta del i dette utviklingsprosjektet.

Iya Paul er vår prosjektleder, og sammen med Asta Pauline har de nådd mange av målene som var satt. Det er opprettet flere grupper for bønder som har laget plan for utvikling i sitt område. Det innbefatter bl.a bro-komiteer og plan for dyrking i tørketida. Bygging av broa over elva Djem som binder 2 fylker sammen har gjort Sambolabo prosjektet synlig og godt kjent blant innbyggerne. Under stor høytidelighet i mai ble den 20 m lange broa som er 3,5 m bred og 2,4 m høy åpnet! Broa har ført til dannelse av lokale marked og bedre salgsmuligheter for jordbruksprodukter.

Særlig rask utvikling har det vært i dannelse av sparegrupper. Større oppslutning om sparing og fellestiltak har gitt bedret standard som for eksempel aluminiumstak, kjøkkenutstyr, bedre senger osv. Det er også blitt bedre orden på regnskapsbøkene i gruppene.

Flere og flere kvinner tar del i gruppene som ledes av Asta Pauline.

Flere unge er kommet med i prosjektet bl.a med fletting av bikuber. Ny skole ble startet i september, og mange har fått opplæring i bl.a fransk. Det gir mulighet for videreutdanning. Det er startet 2 fotballag - ett lag over og ett under 15 år.

Under en privat reise til Kamerun fikk undertegnede delta i flere møter med Iya Paul og kirkeledelsen EELC/PADI. Ved god hjelp fra tolker fra Det Norske Misjonsselskap (NMS) fikk vi på plass en del formaliteter ifht videre prosesser. Kirkepresidenten gav uttrykk for takknemlighet for vårt samarbeid og var glad for et videre godt samarbeid. Grundige rapporter og bilder ble overlevert fra Iya Paul. Det er blitt høyere kostnader både på betong, jern og gjødsel også i Kamerun, men prosjektet er innenfor budsjett. Det er innkjøpt et nytt digitalkamera for å ha dokumentasjon. Målet er å få legge bilder og informasjon fortløpende inn på U-landsutvalget sine hjemmesider slik at alle kan følge utviklingen. Kontakt holdes ellers jevnlig via mail.

Positivt i prosjektet er at lokale myndigheter og kirken viser stor vilje til å

samarbeide, i tillegg til at innbyggerne deltar med sine ressurser. Støtten fra Norge, både økonomisk og faglig er helt nødvendig. Befolkningen er svært stolte over utviklingen, og særlig organisering av arbeidet har vært bra. Langtidsplanen går over hele 12 år. Det er derfor viktig at man følger prosjektplanen og det har man klart ved å utpeke lokale ansvarlige komiteer. Positivt er det at hvert prosjekt starter med en skriftlig avtale mellom prosjektet, innbyggerne og kommunen

Bil savnes i prosjektet, men to motorsykler gjør at prosjektarbeiderne kommer seg greit av gårde på arbeid, og hjem til familien etter endt uke.

U-landsutvalget har opprettet en jubileumsskriv-komité i anledning 50 års markering for Rogalands engasjement i Kamerun i 2012. Disse samler stoff fra privatpersoner, organisasjoner og media. En ser det også som viktig at det blir opprettet et arkiv for å ivareta informasjon for ettertiden.

U-landsutvalget vil takke hjertelig for den store støtten i 2008 på kr 225 400,-. Vi håper på fortsatt støtte, og ønsker alle organisasjonene lykke til med arbeidet for Sambolabo.

Elisabeth K. Nesheim, leder



Her nærmer broen ved Djem seg ferdig, det meste er støpt, og resten er armert. Det er godt om arbeidskraft når det bare er penger til materiale.

Organisasjonsarbeidet

Årsmøta i lokallaga

Årsmøterunden i lokallaga drog mykje ut i 2008. Dei fleste vart gjennomførde i løpet av oktober månad, men fleire kom seinare og på grunn av spesielle forhold hadde eit lag årsmøte på nyåret 2009. På dei langt fleste årsmøta var det med representantar frå fylkeslaget – styret eller administrasjonen. Tema ein tok opp var noko ulikt, men på dei fleste årsmøta har ein vore inne på næringspolitikk med kort oppsummering av forhandlingane i vår, tilleggsforhandlingane pga auke i gjødsel- og kraftforprisane, endring i marknadsordninga for kjøtt og egg og kort om utviklinga i WTO-forhandlingane siste året. Ein var og innom organisasjonssaker som visjonen om null ulukker i landbruket i framtida og kurset Praktisk HMS arbeid i landbruket. Administrasjonen utarbeidde eit notat som grunnlag for innlegga under årsmøta og kva Norges Bondelag hadde oppnådd i løpet av året.

Som deltakar under årsmøta har representantane frå fylkeslaget også ein viktig funksjon med å lytta etter signal i lokallaga. Fylkesstyret er interessert i å

få tilbakemelding på arbeidet til fylkesbondelaget og organisasjonen sentralt. Under årsmøta kom det fram mange tema fylkeslaget vart bedd om å arbeida vidare med og som styret vil ta opp på ulike måtar, ikkje minst i samband med fylkeslaget sitt arbeid med uttalen til forhandlingane 2008. Andre saker er noterte og vil verta arbeidd vidare med av fylkeslaget.

Ut frå oppsummeringane styret gjorde etter årsmøterunden, sit styret at med eit positivt inntrykk av årsmøta og vil gi ros til lokallaga for omfattande og breitt engasjement i lokallaga i løpet av året. Styret vil særleg framheva lokallaga sitt engasjement i samband med ulike tiltak om vår 2008 i tilknytning til årets forhandlingar. Det har vore godt med spørsmål og ein god debatt. Frammøtet varierer noko. I større lag ligg frammøteprosenten på rundt og under 10 % av medlemmene, medan mindre lag ofte har større prosentvis deltaking. Nokre lag kan nok arbeida noko meir med forberedinga og annonseringa av årsmøtet sitt for å få betre frammøte.

For å gi lokallaga hjelp med å utforma ei årsmelding, setja opp rekneskap for lokallaget og utforma sjølve innkallinga med årsmøtesaker, hadde Info-utvalet etter oppfordring frå styret, utarbeidd og sendt ut malar til bruk for lokallaga. Ut frå årsmeldingane som er komme inn til fylkeslaget er det fleire lag som hadde nytta seg av desse.

Årsmøterunden har ført til at det er nye leiarar i 13 av dei 44 lokallaga vi har. Det er nå 6 kvinneleg leiarar. Det er noko av det meste det har vore i fylket. Ved gjennomgang av tilbakemeldingane om vala og konstitueringa i haust, er kvinne delen i lokallagsstyra rimeleg bra. Nokre få lag har to direktevalde kvinner med i styret. Det har vore ei positiv utvikling i så måte, men mange har berre menn i styret. Det må vera ei klar oppmoding til valnemndene rundt i lokallaga å arbeida meir for å få kvinner inn i lokallagsstyra samtidig som kvinnene og må vera meir villege til å ta på seg slike verv.

Leiarmøtet 2008

Leiarmøtet i haust vart gjennomført 14. og 15. november på Quality Airport Hotell, Sola.

Første dagen vart brukt som kurs/opplæring i landbrukspolitik. Dette danna og noko av grunnlaget for opplegget med **Landbruket på dagsordenen 09** - organisasjonen sitt store satsingsopplegg for 2009 der målet er å få til ein god jordbruksavtale og oppnå eit fleirtal ved stortingsvalet i september som har forståelse for norsk landbruk. Andre dagen vart nytta til eigne saker der landbrukspolitikken og marknadsordninga stod sentralt.

I frå Norges Bondelag deltok Per Harald Agerup og Renate Kvamme første dagen. Dei veksle med innlegga sine og gjekk gjennom dei fleste elementa i norsk landbrukspolitik. Det var lagt opp til spørsmål som fleire nytta seg av.

Andre dagen var lagt opp som eit tradisjonelt leiarmøtet det sentrale or-

ganisasjonsmessig og næringspolitiske tema vart tekne opp. Møteleiar denne dagen var Sigmund Slettebø. Først vart den nye leiaren i Norges Bondelag Pål Haugstad, utfordra med temaet "Viktige landbrukspolitiske utfordringar framover". Deretter var opplegget med utforming av ny marknadsordning for kjøtt og egg tema. Per Harald Agerup frå Norges Bondelag gjekk gjennom den næringspolitiske biten rundt temaet og direktør i Nortura Gunnar Dalen, tok for seg ulike løysingar som vart drøfta for å dekkja opp kravet med endringa av marknadsordninga. Med grunnlag i dette innlegget og diskusjonen etterpå vart det utarbeidd ein resolusjon ang. temaet. Den framlagde uttalen som resolusjonsnemnda sett saman av Per Inge Egeland som leiar, Roar L. Grødeland og Arnstein Gilje la fram, vart einstemmig godkjent.

Uttalen frå leiarmøtet **Marknadsordninga for kjøtt og egg**

Leiarmøtet til Rogaland Bondelag er klar over at gjeldande WTO-avtale krev endringar i marknadsordninga for at Norge skal overhalda forpliktelsane sine knytt til gul boks. Ein er positiv til at det sentralt innan landbruket vert jobba aktivt for å få belyst aktuelle endringar som må til for å nå dette målet. Leiarmøtet vil sterkt påpeika at dette arbeidet ikkje må føra til ei avvikling av dagens marknadsordning, men at berre dei mest nødvendige endringane vert gjort.

Leiarmøtet til Rogaland Bondelag vil understreka at ein i dette arbeidet må ivareta dei viktigaste elementa i dagens ordningar slik som prisstabilitet, mottakplikt og marknadsregulering. Vidare vil leiarmøtet understreka at endringane også for framtida, må gi bøndene høve til å auka inntekta si gjennom større prisuttak i markedet.

Andre element som og må leggast til grunn er:

- At ein fortsatt kan gjennomføra landbrukspolitikken i tråd med vedtatt mål og retningslinjer
- Dei langsiktige perspektiv innan landbrukspolitikken må stå ved lag
- Endringane må gi stabilitet og forutsigbare rammevilkår
- Leveransesikkerhet for bøndene
- Sikker matforsyning

Neste programpost var prosjektet **Landbruket på dagsorden 09**. Informasjonssjef i Norges Bondelag Kjetil Randlem innleia om opplegget. Det vart og gitt høve til spørsmål og kommentarar. Til slutt i leiarmøtet vart det gitt opning for lokallagsleiarane til å ta opp ulike tema. Eit av tema som vart teke opp var

brosjyre ang. kjøring på offentlig veg med breie traktorar og reiskap. Saka er nærare omtalt lenger framme i årsmeldinga.

Funksjonen til leiarmøtet er å oppnå god dialog med lokallagsleiarane og fylkesstyret om landbrukspolitiske tema som er oppe og gå gjennom viktige organisasjonsmessige saker som vil stå sentralt i organisasjonsarbeidet gjennom vinteren. Difor er godt framme av lokallagsleiarane viktig. Sjølv om deltakelsen var bra der 35 av 44 lokallag møtte, kunne ein gjerne hatt noko større oppslutnad. Styret vil drøfta kva som kan gjerast for å nå det.

Nytt av i år var at det vart opna for at lokallaga kunne møta med to representantar kvar og då særleg på fredagen – kursdagen. Oppsummeringa viser

at få lag nytta seg av det – berre 9 lag. Av desse var det berre to lag som møtte med to personar begge dagane. Styret vil på eit seinare tidspunkt vurderer om ein skal leggja opp til dette på komande leiarmøte.

Samling for nye lokallagsleiarar

Oppsummeringa etter årsmøta i lokallag viser at det er 12 nye leiarar. Kvelden før leiarmøtet tok til, var alle nye lokallagsleiarar inviterte. Det var lagt opp til middag og godt drøs første kvelden. Andre dagen og før leiarmøtet tok til, vart det halde eige møte for desse med orientering om Bondelaget og arbeidsoppgåver og rutinar på fylkesnivå så vel som sentralt. Med berre fire som møtte var det noko skuffande.

Distriktsmøta

Distriktsmøta våren 2008

I 2007 vart det vedteke at dei ordinære distriktsmøta som vart halde om hausten, skulle utsetjast og gjennomførast i månadsskiftet januar/februar. Ut frå dette vart det lagt opp til tre møte etter tradisjonell opplegg i månadsskiftet jan./febr. 2008 – på Helleland 29. januar, Sandnes 4. februar og i Tysvær 6. februar.

På desse møta deltok totalt 88 deltakarar fordelt på 34 lag. 10 lag møtte ikkje. Det var noko svakare oppmøte enn på distriktsmøta hausten 2006. Likevel følte ein at det var god deltaking totalt sett og det var eit godt engasjement hjå dei framme. Stort sett var det positiv holdning til det som vart lagt fram frå fylkeslaget med unntak for Sandnesmøtet der det kom fram ein del skepsis først og fremst til opplegget med kontakten opp mot politikarane.

Tema som vart teke opp var Praktisk HMS arbeid med oppfordring til lokallaga om å setja i gang HMS-kurset og ta opp tema rundt sikkerhet på garden. Andre tema var orientering om telefonvervinga styret hadde bestemt å setja i gang samt nytt frå Gjensidige. Landbrukspolitikken stod og sjøvsagt sentralt og fylkesleiararen tok for seg sentrale tema i samband med vårens forhandlingsrunde og org.sjefen orienterte om tiltak som skulle setjast i gang i samband med forhandlingane og då først og fremst kontakten med politikarane og



Frå distriktsmøtet på Helleland januar 2009. Deltakarar frå Gjesdal Bondelag i front med leiar Ingvald Tjetland først. Foto Olav Sande.

utdelinga av aviser i fylket. Meir om det lenger framme i årsmeldinga.

Siste delen av møtet – Open post - vart nytta litt ulikt. På Helleland vart det gitt høve for lokallaga til å ta opp spørsmål om kva som helst kombinert med ein fortsettelse av debatten frå tidlegare emne under møtet. I Sandnes og Tysvær vart denne biten i større grad nytta til gjennomgang av ting lokallaga arbeidde med og kva arrangement dei hadde.

Under møta vart lokallaga og oppfordra til å koma med innspel på om dei ville ha desse møta på dette tidspunktet der ein la vekt på næringspolitiske saker og opplegg i forkant av jordbruksforhandlingane, eller om ein skulle ha det om hausten og i større grad som ein inspirasjon for lokallaga til å starta opp arbeidssesongen. Ulike vurderingar kom fram.

Ved oppsummeringa i styret sa dei seg godt nøgde med gjennomføringa av

distriktsmøta – både ang. fram møtet og når det gjeld talet på lag som møtte. Debatten rundt emna som vart tekne opp var god og møta skaper samhold både mellom lokallaga og mellom lokallaga og fylkeslaget.

Med grunnlag i synspunkta frå lokallaga ang. endring av tidspunktet for distriktsmøte, vedtok styret å leggja opp til ordinære distriktsmøte på vanleg tid – månadsskiftet okt./nov. Hovudtema då vil vera organisasjonssaker ut frå ønskje om å stimulera til å setja i gang arbeidet i lokallaga etter årsmøta. I tillegg vil ein leggja opp møte i slutten av januar 2009 der ein inviterer eit par repr. frå kvart lag til kveldsmøte med landbrukspolitikk og føreståande forhandlingar som hovudtema.

Distriktsmøta hausten 2008

Med utgangspunkt i vedtaket under oppsummeringa etter distriktsmøta i vinter, la styret opp til å gjennomføra distriktsmøte også om hausten og då primært med tema ang. arbeidet til organisasjonen. Møta vart gjennomført følgjande datoar: 27. oktober på Helleland, 29. oktober i Aksdal og 3. november på Sandnes.

På desse møta deltok 75 styremedlemmer fordelt på 26 lag.

Med grunnlag i at styret hadde oppretta eit eige utval som skulle sjå på aktiviteten i lokallaga og kva som kunne gjerast for å betra den, vart første de-

len av møtet brukt til gruppearbeid der styremedlemmene frå lokallaga skulle skriva ned ting dei såg som viktige for å stimulera til større aktivitet i laga. Gruppene sine punkt vart samla inn for gjennomgåing og bruk i utvalet sitt arbeid. Opplegget vart godt motteke.

Andre tema var bruk av IT og e-post overfor lokallaga og gjennomgåing av dei nye heimesidene til Bondelaget. Vidare vart HMS-arbeidet og verdien av det framheva i tillegg til at ein gjekk gjennom viktige arbeidsoppgåver i organisasjonen for vinteren og då spesielt opplegget rundt **Landbruket på dagsorden 09**. I tillegg hadde representant frå Gjensidig orientering om viktige forsikringsordningar for bøndene og open post det lokallaga kunne ta opp saker dei var opptekne av.

I innlegget til fylkesleiaren om prosjektet Landbruket på dagsordenen 09 vart lokallaga utfordra til å koma med forslag på tiltak dei kunne tenkja seg å gjennomføra først og fremst i samband med jordbruksforhandlingane. Tiltak som vart nemnd var:

- Sal av matvarer til den prisen bonden får for det
- Bruk av annonser i lands- og regiondekkande aviser eller anna media der ein gjerne og får fram kva bøndene har fått for produkta sine dei siste åra – stigninga – kombinert med kostnadsutviklinga for bonden sine produksjonsmidlar

- Bruka tilsvarende opplegg som politiforbundet nytta i sin inntektskamp våren 2008 og utover sommaren og hausten med ledande spørsmål – ville du ha gjort dette?
- Få ut positiv informasjon til folk flest ang. kva landbruket står for og ringverknadar til næringa. I denne samanhengen bør ein knytta til seg sentrale personar som gir uttrykk for positive holdningar for næringa.
- Tiltak der ein får media med seg
- Ha fokus på verdikjeden ”Frå jord til bord”

Desse innspela er sendt Norges Bondelag.

Ved oppsummeringa av haustens distriktsmøta var styret godt nøgd med gjennomføringa. Det var høveleg mengde med program og programpostane var godt tilpassa behovet og aktualiteten. Styret framheva at innlegget frå Gjensidige sin representant var bra.

Ang. auka bruk av e-post ved utsending av brev og informasjon til lokallaga, støtta styret oppsummeringa til administrasjonen om å satsa mest mogleg på utsending via e-post og då kombinert med SMS-melding.

Styret var derimot skuffa over fram møtet og då særleg frå laga i Ryfylke og Nord-Rogaland. Dette må verta betre og styret vil vurdera tiltak for å betra det.

Arbeidet i lokallaga og kontakten med fylkeslaget

Arbeidet i lokallaga har også i år vore omfattande og krevjande. Fylkeslaget og Norges Bondelag har pålagt lokallaga omfattande arbeidsoppgåver dei har takla på ein god måte. Ein kan berre nemna medlemsvering, markering i forkant av forhandlingane og førebuing av aksjonar ved evt. brot. Ein vil særleg trekkja fram lokallaga sitt omfattande engasjement i forkant av jordbruksforhandlingane gjennom kontakten mot politikarane, utdeling av pirataviser og plakataksjonen.

Open Gard-arrangementa er eit stort løft for dei som har slike opplegg. Også ved fleire andre høve når fylkeslaget og kontoret har hatt behov for hjelp til gjennomføring av konkrete oppgåver, har lokallaga stilt opp. Her er det grunn til å nemna lokallaga sin vilje til å finna personar for å fylla fylkeslaget sin kvote på 30 personar til ei WTO-markering i Oslo 24. juli – midt i sommarferien.

Både fylkesstyret og administrasjonen vil retta ein stor takk til lokallaga

med leiarane i spissen, for velvilje og stå på viljen dei viser i mange samanhengar. Lokallaga er utan tvil eit solid grunnlag for heile organisasjonen og det er viktig for oss på fylket så vel som på sentralt hald, å pleia denne kontakten og leggja forholda til rette frå vår side til ein fortsatt brei innsats på lokallagsnivå. Medlemmene og lokallaga er grunnfjellet i organisasjonen.

Arbeidet på lokalplanet er eit teamarbeid, men av og til er det nok ein-

skilde eldsjeler som legg ned ein større innsats enn andre. Vi rettar ein spesiell takk til desse.

At aktiviteten i lokallaga er omfattande viser årsmeldingane, orienteringane under distriktsmøta og søknadane om aktive lokallagsmidlar. Kreativiteten er stor. Fylkeslaget ser det som viktig at lokallaga engasjerer seg i saker medlemmene er interesserte i. Dette vil framover vera svært viktig i og med at kommunane har fått større forvaltningsansvar. Fylkeslaget har registrert at lokallaga har fått betre kontakt og dialog med kommunepolitikarane og det lokale næringslivet. Dette er positivt og må utviklast. Positivt er det og at lokallaga gjennomfører tiltak som legg grunnlag for sosialt felleskap mellom bøndene gjennom bondekafear, drøsestove, bondepub og liknande.

Fylkesbondelaget ser det som svært viktig å ha god kontakt med lokallaga. Forutan dei tradisjonelle samlingane har fylkesstyret difor også fordelt lokallaga seg i mellom og lagt opp til å ringja eller ha kontakt på anna vis, med leiारane to gonger i løpet av året. Her legg ein opp til å slå av ein prat med dei og få tilbakemelding om saker lokallaga er opptekne av og gi innspel frå fylkeslaget si side. Etter desse rundane vert det føreteke ei grundig oppsummering i styret der saker vert gjennomdrøfta.

Om dei fleste laga driv godt er det alltid enkelte som slit noko og ønske om større aktivitet. For å drøfta gjennom kva fylkeslaget kan gjera for å betra aktiviteten, sette styret hausten 2008



F.v. Sigmund Svendsen, Riska Bondelag; Bjørg Tørresdal, KrF; Solveig Horve Bergsholm, Sandnes Bonde- og småbrukarlag og Morten Malmin, Sandnes Bondelag. Foto Bondevennen.

ned eit eige utval for å drøfta aktuelle tiltak for å hjelpa til med aktiviteten i laga. Innstillinga til arbeidsgruppa er til drøfting i styremøtet i januarmøtet 2009 og ein vil koma tilbake til den i neste årsmelding.

I løpet av meldingsåret her ein sendt mesteparten av posten elektronisk til lokallaga. I løpet av året når spesielle ting pågår og under sjølve jordbruksforhandlingane, bruker kontoret ofte e-post og/eller SMS for å nå raskt ut med informasjon. Tilbakemeldingane viser at dette vert positivt motteke.

Administrasjonen ser det som svært positivt at lokallagsleiारane, andre frå lokallagsstyra og enkeltmedlemmer tek kontakt pr telefon eller stikk innom kontoret.

Fylkeslaget vil til slutt og takka alle lokallaga for eit svært godt samarbeid og for det enorme arbeidet som vert nedlagt til beste for medlemmene og organisasjonen.



Stavanger Bondelag delte til saman ut 500 aviser på jernbanestasjonen og på hurtigbåtterminalen. Her er styremedlem i laget, Harald Selvåg, i aksjon på Stavanger jernbanestasjon. Foto Bondevennen.



Slik såg framsida av avisa ut, med Stavanger Aftenblad som "utgjevar".

Arbeidet i fylkesstyret og kontaktar styret har hatt i løpet av året

Fylkesstyret legg opp til å bruka ein del tid for å opparbeida seg kontakt og til-eigna seg kunnskap frå ulike hald. Dette vert gjort på mange måtar m.a. ved at styremedlemmer og personar frå administrasjonen er med i ulike nemnder og utvalet. Opplistinga lenger framme i årsmeldinga gir eit innblikk i omfanget av det, men og på mange andre måtar gjennom deltaking på ulike møter og via anna kontakt.

På kvart styremøte vert det under Open posten brukt god tid der kvar og ein orienterer frå møta ein har delteke på for Bondelaget sidan sist styremøte og på den måten melder tilbake til styret. Dette fører til at styret er rimeleg godt orientert til ei kvar tid. Enkelte tema som kjem opp kan og verta tekne opp som eigne saker i styret seinare.

Styret ser det og som viktig å ha nær kontakt med lokallaga og då først og fremst med leiarane. Dette vert gjort gjennom dei ulike møta – distriktsmøta, leiarmøtet og ved at styremedlemmene og administrasjonen deltek på ulike møte i lokallaga. Styret har og som fast opplegg å ha direkte telefonkontakt med leiarane minst to gonger i året. På førehand drøftar styret kva ein skal ta opp med leiarane, men vel så viktig er det og at lokallagsleiarane kan ta opp med styremedlemmene saker dei er opptekne av eller saker medlemmer har teke kontakt med dei. Etter kvar slik runde vert det eigen gjennomgang i det første styremøtet etterpå.

I forkant av årsmøtet til Norges Bondelag har styret og eit eige samrå-dingsmøte med alle utsendingane frå Rogaland. Her vert saklista for årsmøtet gjennomgått og ein drøftar aktuelle tema som bør tas opp og kven som skul-le gjera det.

Styret har også gjennomgått og full-ført kurset Praktisk HMS-arbeid på garden. Garden styret var på besøk hjå var heime hjå fylkesleiareren.

Gjester til styremøtet

Er det spesielle tema styret ønskjer næ-rare orientering om legg ein og opp til å bruka deler av enkelte styremøte der ein invitere personar for å snakka om ønska tema. Først ute i så måte i meldingsåret var næringspolitisk sjef i Norges Bonde-

lag Anders Huus då han innleia om jord-bruksavtalesystemet og innretninga av virkemiddelbruken. Grunnlaget for dette var sak Sør-Trøndelag Bondelag hadde teke opp og to notat Norges Bondelag hadde utarbeidd om desse tema. Huus la grunnlag for ein brei debatt i styret der noko av konklusjonen til styret etter fleire drøftingar om temaet var at virkemidla i hovudsak er godt utforma med grei for-delung mellom struktur og distrikt, men at det er for lite midlar for å oppnå tilfreds-stillande inntekt til bøndene.

Eit anna tema styret har hatt oppe var ”Omdøme og informasjonsarbeid” der informasjonssjef i Nortura Grethe Skundberg, innleia på ein god måte. Ho kom inn på korleis ein bør driva infor-masjonsarbeidet både ut frå dei daglege utfordringane næringa og bondelaget står overfor, men og når det oppstår krisesituasjonar.

Innovasjon Norge - oppbygging og arbeidsoppgåver var nestkomanderan-de i Innovasjon Rogaland Audun Rake, sitt tema då han møtte fylkesstyret et-ter ønske frå styret. Han orienterte om oppbygginga av Innovasjon Norge og ar-beidsoppgåvene til organisasjonen. Han gjekk og inn på arbeidsfordelinga mel-lom dei og Fylkesmannen Landbruksav-delinga. Han oppfordra styret til å vera aktivt også ang. dette saksomfanget og koma med innspel til strategiplanen for bruken av BU-midlane i fylket. Han orienterte om at investeringsomfanget innan landbruket hadde gått noko ned i løpet av året slik at ein hadde midlar att også utover hausten. Tidlegare år har midlane ofte vore oppbrukt seinsom-mar eller tidleg haust. Han bad spesielt om at ordninga med rentekompensa-sjonen vart endra slik at opplegget får ein betre effekt og gir betre hjelp til dei som får nytte av det. I staden for å gi rentestøtte i 15 år etter investeringane, bør dette konsentrerast til dei første 5 – 6 åra etter investeringa.

Styret har og hatt det faste sam-rådingsmøtet i forkant av styret sitt arbeid med uttalen til jordbruksfor-handlingane. Her møtte dei ulike orga-nisasjonane og gjennom innlegg og overlevering av uttale frå fleire av orga-nisasjonane fekk styret nyttige innspel til arbeidet med fylkeslaget sin uttale.

I løpet av hausten hadde Rogaland Bondelag også besøk av styra i Sør-Trøndelag Bondelag og Vestfold Bon-delag. Desse opplegga er omtalet sær-skildt ein annan stad i årsmeldinga.

Styret har og hatt sin årlege enkle julemiddag etter møtet i desember sa-man med tilsette inkludert pensjonis-tane til Rogaland Bondelag.

Evalueringa av arbeidet i styret

Fylkesleiareren er oppteken av at styret utfører eit best mogleg arbeid og at styremedlemmene trivst i styre og føler dei får gjort ein jobb der. Difor ber ho ved starten av kvart styremøte ein av styremedlemmene til å gi ei oppsummering av dagens styremøtet på slutten av møtet. Her gir vedkomande uttrykk for korleis ho/han har opplevd møtet. Det har vore til nytte for styret idet ein har fått meir effektive og konsentrerte styremøte med mindre utanomsnakk ved behandling av dei ulike sakene.

Ved slutten av året vart det og gjen-nomført ein meir fullstendig evaluering av arbeidet i styret. Leiareren sendte ut eit skjema der styremedlemmene skulle kryssa av på ein skala frå 1 - 6 ut frå ulike påstandar/utsegn. Tilsvarande opplegg vart og gjennomført i 2007. Til styremøtet førelåg det ei oppsumme-ring av svara. På grunnlag av svara vil styret framover leggja vekt på følgjande punkt:

- Ein vil leggja meir vekt på å vera syn-leg utad og få betre fram kva ein står for. Større bruk av heimesidene og oppslag i media er viktige tiltak i denne samanhengen.
- Leiareren må og vera meir synleg
- Styret må vera meir klar i sin tale utad og gjennom vedtak som vert gjort
- Styret saman med administrasjonen må prioritera slik at fylkeslaget til ei kvar tid er oppteken av dei viktigaste sakene og arbeida med dei.
- Styret må visa vilje til endring nå til-høva tilseier det

Administrasjonen sitt arbeid over-for styret – utarbeidinga av styrepapir og kontakten elles med styret – har fått best skår i undersøkelsen begge åra.

Open Gard-arrangement 2008

17. august var den fastsette søndagen for Open Gard-arrangement i 2008. Denne dagen vart det gjennomført fem arrangement i fylket pluss eit på Ørpetveit 20. april, på Tveit i Nedstrand 15. juni og på Forsand 31. august.

Besøkstalet på dei ulike arrangementa var:

- Ca 1500 på Ørpetveit hjå Harald Miljeteig
- Ca 2000 på Nedstrand på Tveit vgs.
- Ca 1500 på Nærbø på Bakkjen samdrift hjå Valbjørg og Kjell Lode
- Ca 300 i Eigersund på Bakkebø Gard
- Ca 300 i Sandnes på Buddegarden hjå Ingunn og Bernt Nærland
- Ca 300 i Sauda hjå Synnøve og Ola Magnar Birkeland
- Ca 900 på Sola på GTI samdrift hjå Anne Karin N. Østebø og Tor Gunnar Østebø
- Ca 500 på Forsand hjå Siv og Ivan Forsand

Open Gard har vorte eit fast og tradisjonelt arrangement for Bondelaget i alle fylke i mange år nå og i 2008 vart



Frå Open Garde hjå Bakkjen Samdrift og i tunet hjå Valbjørg og Kjell Lode, Nærbø.
Foto: Svein Helge Harbo

det markert eit 20-års jubileum ved gjennomføringa av Open Gard i landet. Tema dette året var **”Det er vi som lager maten din”**

For lokallaga som tek på seg desse arrangementa er det eit krevjande arbeid, men med vel 7.000 besøkande berre her

i fylket, har det utan tvil ein stor verdi for landbruket sitt bilete utad. Rogaland Bondelag vil retta ein varm takk til dei som har teke dette på seg – både vertane som opnar tuna sine og andre som hjelper til. Vårt håper er at vi fortsett kan få ha slike arrangement i fylket.

Kurs for Unge / Nye brukarar

22 unge / framtidige bønder var på kurs på Gjesdal Gjestgiveri 17. – 19. oktober 2008.

Tilbakemeldingane frå dei som deltok på kurset er gode, det er høgt nivå på foredragshaldarane, og stoffet vert lagt fram på ein god måte. Eige- domsoverdraging var hovudtema på kurset, men det var også sett av tid til landbrukspolitikk, HMS i landbruket, økonomi på garden og presentasjon av

kva oppgåver samvirkeorganisasjonane i landbruket har. Kursdeltakarane fekk og møta representantar frå samvirkeorganisasjonane, bank og forsikring på eit utstillingstorg i samband med kurslokala.

Tid til å verta kjent med kvarandre vert det og sett av god tid til. På fredagskvelden var vi på besøk hjå Trygve og Erik Ravndal, og der var det orientering om drifta og Nortura sørgja for

varm grill og mykje godt oppå grillen. På laurdags ettermiddag var det tur til Gloppedalsura og Byrkjedalstunet.

Det er Rogaland Bondelag og Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland som arrangerer kurs for Unge / Nye brukarar.

Ei av deltakarane på kurset vart medlem nr 62 000 i Norges Bondelag rett før jul 08!

Medlemsverving og medlemsutvikling

Takka vera eit omfattande verveengasjement i heile organisasjonen og opplegget med telefonverving, vart 2008 eit flott år ang. medlemsutviklinga i Rogaland. 396 nye medlemmer har meldt seg inn i organisasjonen frå Rogaland. Det gir ein netto auke på 167 medlemmer i løpet av året slik at medlemstalet ved årsskiftet er 6.341 og Rogaland styrker med det sin posisjon som det største fylkeslaget og einaste fylkeslaget med over 6.000 medlemmer. Nest størst fylkeslag er Oppland Bondelag med 5.550 med-

lemmer. Kjempebra og takk til alle bidragsytarar. Fylkeslaget sitt eige verveutval har og vore aktiv pådrivar for heile vervearbeidet i løpet av året så takk til dei og. Sjå nærare omtale av arbeidet til utvalet lenger framme i årsmeldinga.

Norges Bondelag hadde ved årsskiftet 62.023 medlemmer – ein netto auke på 477. Norges Bondelag nådde 62.000 medlemmer rett før jul 2008. Kristin Breivik frå Sjernerøy i Finnøy vart medlem nr 62.000. Ho skal på nyåret 2009 heim å overta og driva heimegarden.

Fleire av dei andre fylka har og hatt ein auke i medlemstalet, men berre Akershus Bondelag har større medlemsauke enn Rogaland.

I fjor vinter gjorde fylkesstyret vedtak om å setja i gang telefonverving også her i fylket slik alle andre fylke hadde gjennomført både ein og to gonger. Dette vert organisert av Norges Bondelag. Den runden i seg sjølv førde til ca 80 nye medlemmer der dei fleste var medlemmer med areal og produksjon. Dette er eit bra resultat og særleg når ein veit at

mange var svært skeptisk til bruk av denne metoden. Det viser og at lokallaga ikkje når alle med sitt vervearbeid slik ei systematisk telefonverving gjer.

Rogaland Bondelag organiserer nå nær 3100 bruk og i løpet av året var det ein auke på ca 120 bruk. Det er og ei flott utvikling då situasjonen i dei fleste andre fylka er ein mindre nedgang i tallet på registrerte bruk hjå medlemmene.

I ein organisasjon med over 6.300 medlemmer er det naturleg med ein del utgang. Den totala avgangen er 230

personar. Dei langt fleste er av naturleg grunnar som dødsfall – 31 personar - andre har selt garden og/eller slutta av som bonde eller gått over i eit anna yrke. For 50 personar avslutta medlemsskapet fordi dei ikkje har betalt kontingenten dei siste to åra – dvs 2007 og 2008. Ein del har ikkje gitt noko spesiell grunn, men etter det ein kan registrera er det få både på landsbasis og her i fylket, som melder seg ut fordi dei er usamde i politikken til Bondelaget.

Oversikten ang. medlemsutviklinga i

dei einiskilde lokallaga i fylket finn ein lenger bak i årsmeldinga. Her ser ein at Time Bondelag har hatt innmelding av 28 nye medlemmer, Sandnes og Gjesdal har hatt 27 nyinnmeldingar medan Nærbo, Bjerkreim og Stavanger har hatt ca 20 innmeldingar i løpet av året.

Innbetalinga av kontingenten er og svært god med 97 % i 2008 mot 96 % året før. Rogaland ligg blant dei beste fylka ang. innbetalingsprosenten og er det fylket som betaler inn mest kontingent til Norges Bondelag.

Årsrapport for prosjektet

– Norsk Bygdeturisme og Gardsmat, Inn på tunet og Bondens Marked – 2008

Dette er et 3-årig prosjekt som støttes av de tre overnevnte organisasjoner sammen med Rogaland Bondelag, Fylkesmannens Landbruksavdeling i Rogaland og Innovasjon Norge.

Hovedhensikten med prosjektet er:

Skape nye næringer og styrke landbruksrelaterte næringer.

Styrke de 3 organisasjonene og å få flere medlemmer.

Drive utadrettet informasjon og markedsføring.

Legge til rette for fagsamlinger og kurs. Prosjektleder er sekretær for de 3 organisasjoners styre.

Være inspirator og et naturlig samlingspunkt for medlemmene.

Prosjektleder ble tilsatt i mai 2006.

Styringsgruppen

I 2008 besto styringsgruppen av: Synnøve Vadla, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat

Sissel Nerhus, Inn på Tunet

Thorhild Tunheim, Bondens Marked

Eli M. Serigstad, Fylkesmannens Landbruksavdeling

Svein Helge Harbo, Rogaland Bondelag som også er leder for gruppen

Kirsten Meyer-Knutsen, prosjektleder/sekretær.

Styringsgruppen har hatt 3 møter i 2008 og har hatt hovedfokus på hva skjer etter at prosjektperioden er over?

29. januar - Idédugnad på Røysland Gaard

Foruten styrene til NBG, BM, IPT, del-


tok Audun Rake og Åge Jørgensen fra Innovasjon Norge og Torger Gjefsen fra HLB. Tema for dagen var: *Hvilke ønsker og planer har vi fremover for organisasjonene våre?* Det kom tydelig frem at det er vanskelig og tungvint å drive små organisasjoner. Alle som driver sin egen bedrift har liten tid til overs for ulønnet organisasjonsarbeid. Det var enighet fra de 3 styrene om at samarbeid var veien å gå, men hvordan skal vi gjøre dette? Organisasjonene trenger hverandre, nettverksbygging og godt samspill er meget verdifullt. Hvert medlem må kjenne at det er en stor fordel å være med i et felles nettverk.

21. august - møte med tema:

Fremtidig organisering av tjenesteytende næringer i landbruket.

Sentrale og lokale ledere i de tre organisasjonene var inviterte, også bidragsyterne til prosjektet, FMLA, Innovasjon Norge lokalt og sentralt, Norges Bondelag og representant for Landbruks- og matdepartementet.

NBG og BM sentralt ønsker ikke å bli en del av Norges Bondelag, men har ikke noe imot om en forsøkte alternative modeller i Rogaland. IPT har ingen sentral organisasjon og er blitt oppfordret til å søke plass under en velfungerende organisasjon, gjerne Bondelaget, men de kan ikke støtte dette økonomisk. IN/FMLA mente at rollen som utviklingsaktør må organisasjonene ta selv og at støtten til rent organisasjonsarbeid kan det ikke brukes mer midler til. LMD ønsker og arbeider for færre



Bondens marked

organisasjoner og er opptatt av en samordning av midlene gjennom regionale strategier om felles profil.

Konklusjoner fra dette møtet:

- Prosjektet legges ned ved avtalt tid, sommeren 2009
- Sterk oppfordring til å videreføre samarbeid for de tre organisasjonene, men å rendyrke organisasjonsarbeidet i langt større grad
- Arbeide videre med mulige løsninger
- Ansvaret for å utforme framtidige løsninger ligger hos styringsgruppen for prosjektet.

Med grunnlag i dette har styringsgruppen gitt fullmakt til Svein Helge Harbo og Eli S. Munkeby om å arbeide videre med tanken om et Felles forum for nye næringer i landbruket.

Kort informasjon om de tre organisasjonene

Norsk Bygdeturisme og Gardsmat

NBG-Rogaland har hatt 4 styremøter. Medlemskontingenten i NBG er etter omsetningen i bedriften. Har en for eksempel en omsetning på kr 300.000 - 500.000 koster det kr 2.200 pr. år. NBG-Rogaland får 45 % av medlemskontingenten fra NBG sentralt, kr 30.000 - 35.000 pr. år. NBG-Rogaland har 31 medlemmer og det er vanskelig å få nye, det er hard konkurranse f. eks med destinasjonsselskapene.

NBG-Rogaland har søkt prosjektmidler for å kunne arbeide med å utvikle og forlenge reiseruter til Nord-fylket på hjemmesiden som NBG har laget. Den stopper nå ved Stavanger.

Aktiviteter:

- 8. april ble det arrangert konferanse om Agroturisme på Victoria hotell i Stavanger. Mange NBG medlemmer deltok.
- 11. - 12. august arrangerte vi studietur til Agder med 21 deltakere. Vi fikk god hjelp fra NBG Agder til å lage et meget interessant og kvalitetsspektet program, med besøk hos NBG og IPT bedrifter.
- 10. - 11. november arrangerte vi studietur til Nord-fylket med 18 deltakere. Vi besøkte Bjordalstunet og Gamlehuset i Vikebygd og hadde omvisning på Kjerringgarden. Om ettermiddagen hadde vi et inspirasjonskurs for å få nye ideer til å lage tradisjonsmat med lokale råvarer. Vi fikk også se nedskjæring av en hjort. Dagen etter besøkte vi Vikedals Gardsmat og Kallekodt i Skrabbavikjø.
- Prosjektleder deltok på Mat og Reiselivsmessen på Røros 22. - 24. oktober.

Inn på tunet

Styret har hatt 5 møter. IPT hadde sitt årsmøte på Kolnesgården 26. mars 2008. Nina Glomsrud fra Norges Bondelag deltok og hun hadde innlegg om arbeidet i det nasjonale utvalget for IPT. Det var kommet inn forslag til årsmøte om å få IPT vedtektene mer utfyllende etter dagens regelverk. Det ble også fremmet

forslag om å øke medlemsavgiften fra kr 500 til kr 1.000. For at alle medlemmene skulle få mulighet til å uttale seg ble det bestemt å holde ekstraordinært årsmøte 29. mai. På dette møte ble forslag til vedtekter vedtatt.

Inn på tunet Rogaland er nå i gang med å få lagt ut alle tilbyderne på hjemmesiden sine, så alle kan se hva den enkelte har å tilby. Norges Vel har fått midler til å bistå IPT med dette. Norges Bondelag har gjennom nasjonal handlingsplan påtatt seg å lage et nasjonalt verktøy for Kvalitetssikring for IPT. Norske bønder ønsker å være profesjonelle tilbyder av tjenester til storfunnet. Fokus fremover er å gi informasjon om hva vi kan tilby brukerne av IPT-tjenester. Aktuelle brukere er helse/sosialsktoren, NAV og skoler.

IPT-Rogaland hadde 73 betalende medlemmer i desember 2008 – en økning fra 43 i 2006.

Aktiviteter:

- 3. mars - studiebesøk fra IPT Agder som besøkte mange gode representanter for næringen.
- 28. mars - landskonferanse for Folkehelsen på Sola hvor IPT Rogaland hadde stand.
- 2. - 4. juni - Landsamling for IPT i Kristiansand med mange gode forelesninger. Fra Rogaland deltok 8 personer
- Uke 41 arrangerte IPT for første gang på Vestlandet, kurs Hest i næring i samarbeid med Norsk Hestesenter, Starum, med eksamen i Hestekunnskapsprøven og HMS. Kurset hadde 22 deltakere fra Rogaland, Agder og Hordaland og ble avholdt på Tveit videregående skole.

Inn på tunet Rogaland går bra og er et satsningsområde innen landbruket. IPT har ikke en landsorganisasjon og er oppfordret av Innovasjon Norge til å være under Bondelaget.

Bondens Marked

Styret har hatt 5 møter siste året. Det har vært arrangert 10 markeder ved Domkirken i Stavanger pluss deltakelse på Gladmat. BM deltok også på åpningen og avslutningen av Kulturbyen 2008, det var to kjempestore og vellykkede arrangementer. Gladmat er en god inntektkilde for BM Rogaland.

Det er mange navn på listen vår, men bare 15 har kjøpt andelsbrev pålydende kr 500 til BM. Vi har med flere fra Ag-

der og det har gjort mangfoldet større, men vi mangler flere faste tilbydere for å kunne forsvare å bruke BM sitt merke- og navn.

Oppsummering

Alle de 3 organisasjonene er satsningsområder innen næringer i landbruket, spesielt nevnes mat, turisme og Inn på tunet-tenster.

Prosjektleder har et godt og nært samarbeid med bl.a. Rogaland Bondelag, Fylkesmannens Landbruksavdeling, Norconserv og Gladmat.

Rogaland er matfylket i Norge og det forplikter. Norconserv, Fagforum for mat og drikke og Gladmat er gode samarbeidspartnere for BM og NBG og vi har samarbeidet om mange flotte kurs.

Alle medlemmene i de 3 organisasjonene har fått tilbud om alle kurser. Tilbakemeldinger viser at medlemmene er fornøyd med høyt aktivitetsnivå, et variert tilbud og gode medlemsfordeler.

Deltakeravgiften på alle kursene og studieturene har vært svært fordelaktige for de som er medlemmer. Det har gjort at vi har klart å skaffe en del nye medlemmer.

NBG, BM og IPT ser at det er meget nyttig med et godt samarbeid framover, både internt og utad. Det vil være med å styrke små, men gode og svært synlige representanter for nye næringer i landbruket

Prosjektstyret må se på mulighetene av en samorganisering. Kan vi få til et felles styre for de 3 organisasjonene?

Er det fornuftig å tenke sammenslåing mellom fylker? Samspill som varer må være tydelige og avklare fellesområder og gode relasjoner.

Felles utfordring - hva må til for at utøverne innen de ulike bransjene føler de må være medlemmer.

*Stavanger, januar 2009.
Kirsten Meyer-Knutsen
prosjektleder*

Skattekurset

Det årlege skattekurset for tilsette ved rekneskapskontora i fylket vart halde på Rica Maritim Hotell, Haugesund 25. og 26. november. 22 kontor i Rogaland har avtale med Norges Bondelag og frå desse møtte 160 personar. Rogaland Bondelag har ansvar for den tekniske biten av arrangementet, medan Norges Bondelag er ansvarleg for den faglege delen.

Viktige tema som var oppe var skatte- og avgiftsopplegget for 2008, lovar og forskrifter, aktuelle dommar, eigedoms-skatt, leasing i landbruket og uttalelse og erfaringar med skattereforamen. Ulike tema rundt rekneskapsføraren sin rolle som etikk, grense mot juridisk rådgiving og kvitvaskingslova vart og tekne opp. Mari Cecillie Gjøldstad og Arnstein Tveito frå Norges Bondelag foreleste. Representantar frå fylkesskattekontoret hadde og som vanleg ein time og gjekk gjennom viktige element ang. omorgani-

seringa av skatteetaten, erfaring frå siste års likning og sentrale avgjersler frå jord- og skogbrukslikninga.

Kurset er stort, men det er og viktig at rekneskapsførarane frå heile fylket får koma saman. Den sosiale biten er såleis og viktig og under middagen første dagen av skattekurset hadde ein og leidd inn ekstra underhaldning.

Ekstra kursdag

”Praktisk utforming av finansrekneskap og årsoppgjerd” var temaet for ekstrakurset dagen før skattekurset. Forelesar var advokat Ottar Brøholt, Oslo. 72 rekneskapsførarar deltok på ekstrakurset.

Samrådsmøtet

Tradisjon tru vart styremedlemmene i rekneskapslaga også i år inviterte til samrådsmøtet. 10 styremedlemmer deltok. Første delen av kurset hadde dei saman

med dei tilsette med temaet Skatteopplegget for 2008. Etterpå hadde dei eit eige opplegg der direktør Trond W. Nygrend i Landbrukets Arbeidsgiverforening gjekk gjennom kva som er viktig for styra å vera oppmerksame på i sitt arbeid for rekneskapslaga. Andre dag hadde Jarle Tveit frå Tveit Regnskap innlegg ut frå temaet ”Kva kan gjerast for å halda på gode medarbeidarar på rekneskapskontora?” Begge innlegget la godt grunnlag for ein god debatt etterpå.

Om det er få deltakarar på dette kurset var det eit breitt ønske om at tilsvarende kurs vert halde også framover. Ansvar til styremedlemmene for rekneskapslaga vert stadig viktigare noko som tilseier eit klart behov for desse kursa. Styremedlemmene i rekneskapslaga skulle også sjølv hjelpa til med å få fleire deltakarar til opplegget.

Samarbeidet mellom Rogaland Bondelag og Gjensidige Forsikring

Samarbeidet byggjer på den sentrale avtalen mellom Gjensidige Forsikring og Norges Bondelag der det heiter at det skal vera eit samarbeidsorgan i kvart fylket og at dette skal ha minst to møte. Vidare skal det utarbeidast ein fylkesvis arbeidsplan. Samarbeidsutvalet i Rogaland – SU-Rogaland - har hatt to møte.

Arbeidsplan for samarbeidet

I arbeidsplanen for 2008 var det lagt

opp til konkrete mål både for vervearbeidet til bondelaget og for tilslutning til bondelaget si gruppelivsordning. Ang. førebyggjande tiltak som møte om helse og sikkerhet, er det og sett klare mål – minst 10 i løpet av året.

I planen vert det lagt stor vekt på arbeid med trygging av familien med fokus på unge bønder. Vidare har ein følgd opp saker medlemmene har teke opp. Ved gjennomgåing av planen ved

slutten av året var SU godt nøgd med måloppnåelsen

Arbeidsplane for 2009 er og sett opp mykje i samsvar med tidlegare planar, men ikkje med klare talfesta mål, men meir konkret kva in skal gjennomføra og kven som er ansvarlege for gjennomføringa i dei ulike tiltaka. Planen er styrebehandla og godkjent.

Personalet

I løpet av 2008 har det ikkje vore endring i personalet ved kontoret.

Følgjande har hatt sitt arbeid ved kontoret gjennom året:

- Organisasjonssjef Svein Helge Harbo
- Førstekonsulent Olav Sande
- Førstekonsulent Signe Henriksen
- Førstekonsulent Målfrid Husebø – 90 %
- Organsasjonssekretær for RBU Marlen Hognestad – 50 % stilling
- Prosjektleder Kirsten Meyer-Knutsen – 60 % stilling



Tilsette på kontoret. Frå venstre Kirsten Meyer Knutsen, Signe Henriksen, Målfrid Husebø, Marlen Hognestad, Olav Sande og Svein Helge Harbo

Rekneskapen 2008

Inntekter:	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
Avgiftsfritt varesal	1 063,00	1 000	
Årsmøtet, deltakaravgift	72 650,00	68 000	60 800,00
Leiarmøtet, deltakaravgift	28 000,00	32 000	28 000,00
Leiarmøtet, tilskot	720,00		2 780,00
Opplæringsmidler - styret	72 080,00		
Tilskot frå NB og SR til Nye bønder kurs + kursavg.	56 720,00		59 125,00
Annonseinntekter, årsmeldinga	56 200,00	48 400	46 600,00
Tilskot til vervearbeid frå NB	15 000,00	15 000	15 000,00
Rammebevilgning frå Norges Bondelag	743 050,00	758 000	757 900,00
Refusjon kontorteneste:			
RBK	60 000,00	60 000	60 000,00
RBU	37 000,00	37 000	37 000,00
Prosjektet - felles sekretariat Note 1	398 624,27		375 896,30
Prosjekt - Bygdekompasset	25 000,00		
Prosjekt - nye næringar	2 952,69		
Prosjekt Frå dal til fjell			9 802,10
Sponsormidlar frå Samarbeidsrådet	42 000,00	42 000	42 000,00
BSF-tilskot Note 2			10 005,00
Gjensidige Jubileumsmidlar			25 000,00
Renteinntekter	28 903,00	30 000	26 966,00
Kopieringsinntekter			2 100,00
Avsette midlar til:			
Vervearbeid		9 195	
EU-arbeidet		8 281	
Avsett til PowerPoint		10 000	
Avsett til utadretta informasjon		16 875	
Rest aktive lokallagsmidlar		16 522	
Sum inntekter	1 639 962,96	1 152 273	1 558 974,40
Underskot 2008			58 424,16
			1 617 398,56

Note 1:

Prosjektet – Felles sekretariat er eit prosjekt Rogaland Bondelag har starta opp i samarbeid med Bondens Marked, Norsk Gardsmat og Bygdeturisme, Inn på TUNET, Innovasjon Norge Rogaland og Fylkesmannen Landbruksavdelinga i Rogaland for å styrkja sekretariatsfunksjonen og bistå vidare utvikling for dei tre førstnemnde organisasjonane. Hovudfinansieringa kjem frå BU-midlar, men kvar av dei tre organisasjonane og Rogaland Bondelag bidreg og med noko eigenkapital. Prosjektet er nærare omtalt lenger framme i årsmeldinga.

Rekneskapen for prosjektet vert ført av Rogaland Bondelag og er ein del av det totale regnskapet. Samla kostnad for 2008 er kr 375.896,30. Dett er dekkja opp via bidragsytarane og ved årsskiftet har Rogaland Bondelag forskottet kr 167.083,84. Beløpet vil verta ført over til Rogaland Bondelag frå Innovasjon Norge og Fylkesmannen Landbruksavdelinga i trå med tilsegnsbrev for prosjektet.

Note 2:

Rogaland Bondelag har teke på seg å vera regionkontakt for BSF sentralt i Rogaland og Agderfylka. For denne jobben vert det overført eit beløp på kr 10.000. Sjå og nærare omtale lenger framme i årsmeldinga.

Utgifter:	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
Avgiftsfritt varekjøp		2 400	
Lønn og sosiale utgifter - 60% stilling	202 000,00	230 000	210 000,00
Daggodtgjersle - styret	191 300,00	230 000	247 200,00
Arbeidsgjevaravgift - styret	27 529,05	34 000	35 859,83
Møte- og reiseutgifter - styret	142 481,49	110 000	104 045,23
Servering styremøte m.m.	40 958,00	45 000	45 725,78
Ymse møte	5 275,00	9 000	3 095,00
Utvala, daggodtgj., møte- og reiseutg.	25 143,15	30 000	36 063,20
Årsmøtet	166 903,50	158 000	193 606,00
Leiarmøte	158 151,00	90 000	91 315,00
Distriktsmøta		18 000	34 912,50
Nye brukar kurs	71 518,27		59 125,00
Kurs kommuneplanar	15 657,60		
Årsmeldinga	47 500,00	53 000	47 000,00
Nye aktivitetar/Agrovisjon	15 643,55		
Ymse kostnader	9 224,50	10 000	9 491,68
Informasjonsmateriell/internett	3 750,00	5 000	
Telefongodtgjersle - styret	4 500,00	9 000	7 125,00
Representasjon	8 215,00	12 000	8 086,99
RB sin del av fylkesleiar reisebudsjett	8 564,00	30 000	30 548,00
Open Gard		2 000	
Støtte til Hjorteprosjekt	5 000,00		
Kostnader HMS kurs			25 122,00
VM i saueklypping - stand			4 277,00
Styresamling m/Sør-Trøndelag Bondelag			20 728,00
Prosjektet - felles sekretariat Note 1	341 259,56		375 896,30
Prosjektet - overført neste år	57 364,71		
Gebyr	3 095,50	4 000	3 176,05
EU-arbeidet/rest avsetning		8 281	
Verveutvalet	10 597,40	9 195	7 428,30
Vervearbeidet overført rest tilsk. til verveutv.	4 402,60		7 571,70
Støtte til Prosj. - felles sekretariat, RB sin del.	15 000,00	10 000	10 000,00
Avsett til PowerPoint serie Rog.		10 000	
Avsett til utadretta informasjon for fylkesl.		16 875	
Rest Aktive lokallagsmidlar		16 522	
Udisponerte midlar/overført eigenkap	58 929,08		
Sum utgifter	1 639 962,96	1 152 273	1 617 398,56

Status pr. 31. desember 2008

Eigedelar:	2007	2008	Skuld og egenkapital:	2007	2008
Andelar Jæren Folkehøgskule	4,00	4,00	Eigenkapital pr. 01.01.	346 388,95	405 318,03
Andelar Høgskulen Landbruk og Bygdenæringar	5,00	5,00	Overskot 2007/Underskot 2008	58 929,08	-58 424,16
Andelar Fagforum for mat og drikke	1,00	1,00	Eigenkapital pr. 31.12.	405 318,03	346 893,87
Andelar A/S Nationen	1,00	1,00	Skuldig forskottstrekk	49 610,00	53 233,00
Kundefordringer	29 886,00	22 335,50	Skuldig arbeidsgjevaravgift	22 269,83	25 345,34
Mellomrekning BSF		10 000,00	Ubetalte rekningar	11 655,00	12 614,68
Krav til Bondens Marked	90 000,00		Mellomrekning NBG	1 050,00	
Mellomrekning SR - Nye unge bønder kurs	40 000,00		Mellomrekning NB - leiars overforbruk		30 548,00
Andre kortsiktige fordringar	9 524,00	8 703,50	Rest "aktive lokallag"	16 522,22	44 528,72
Prosjektet - felles sekretarat - krav Note 1		167 083,84	Velferdsmidlar til dei tilsette	5 411,05	5 975,05
Kasse	1 124,00	1 655,50	Prosjektet - felles sekretariat	57 364,71	
Sparebank 1 SR-Bank	356 589,53	238 156,97	Skyldig infomateriell - IPT	19 409,00	
Nortura Gilde Vest BA - innskot	54 887,68	58 320,68	Avsett til EU-kamp	8 281,40	8 281,40
Konto for skattetrekk	50 939,76	53 233,00	Avsett til medlemsverving	9 195,73	16 767,43
			Avsett til PowerPoint serie om RB	10 000,00	10 000,00
			Avsett til utadretta informasjon - rest	16 875,00	5 312,50
			Sum skuld	227 643,94	212 606,12
Sum	632 961,97	559 499,99	Sum skuld og egenkapital	632 961,97	559 499,99

Stavanger 31. desember 2008

Signe Henriksen
rekneskapsfører

Svein Helge Harbo
organisasjonssjef

Revisjonsfråsegn:

Rekneskapen er gjennomgått, revidert og funnen i orden.

Stavanger, 12. februar 2009

Bjørn Vistnes

Svein Levik

Styret

Stavanger 19. januar 2009

Arna Høyland, *leiar*

Elisabeth Kallevik Nesheim, *nestleiar*

Arnstein Gilje

Per Inge Egeland

Tanja Thunheim Hamre

Margunn Nedrebø (RBK)

Rune Lode (RBU)

Leiarane i lokallaga

	Leiarane 2007/2008	Leiarane 2008/2009
81101 01 Eigersund	Øyvind Voilås	Øyvind Voilås
81101 02 Helleland	Torbjørn Birkeland	Torbjørn Birkeland
81102 01 Sandnes	Morten Malmin	Morten Malmin
81102 02 Riska	Sigmund Svendsen	Sigmund Svendsen
81103 01 Stavanger	Karl Anders Nilsen	Karl Anders Nilsen
81106 01 Skåre	John Egil Frøystad	John Egil Frøystad
81111 01 Sokndal	Gaute Urdal	Tron Skjefrås
81112 01 Lund	Sigbjørn Andreas Hofsmo	Sigbjørn Andreas Hofsmo
81112 02 Heskestad	Øivind Mikkelsen	Øyvind Mikkelsen
81114 01 Bjerkreim	Stein Pettersen	Stein Pettersen
81119 02 Nærbø	Jofrid Torland Mjåtveit	Jofrid Torland Mjåtveit
81119 03 Varhaug	Ole Andreas Aarsland	Ole Andreas Aarsland
81119 04 Søre Hå	Abraham E. Aarsland	Abraham E. Aarsland
81120 01 Klepp	Ståle Østrem	Jon Serigstad
81120 02 Bore	Odd Sele	Anne Skasheim
81120 03 Orre	Roar L. Grødeland	Roar L. Grødeland
81121 01 Time	Livar Nedrebø	Livar Nedrebø
81122 01 Gjesdal	Ingvald Tjetland	Ingvald Tjetland
81124 01 Sola	Malvin Hebnes	Malvin Hebnes
81127 01 Randaberg	Jarmund Harestad	Kjell Ingar Bø
81129 01 Forsand	May Ann M. Levik	May Ann M. Levik
81130 01 Strand	Paul Tore Barkve	Børge Næss
81133 01 Hjelmeland	Per Mæhle	Tom G. Dyrskog
81134 01 Suldal	Bjørn Kjetil Askvik	John Berge Vestersjø
81135 01 Sauda	Ola Magnar Birkeland	Ola Magnar Birkeland
81141 01 Finnøy	Per Bergøy	Per Bergøy
81141 03 Fogn	Rasmus Bø	Gerd Johanne Bøe
81141 04 Sjernerøy	Jon-Arne Vadla	Jon-Arne Vadla
81141 05 Ombo	Arne Rørheim	Ann-Mari Lindanger
81142 01 Rennesøy	Atle Ravndal (kontaktpers)	Guttorm Gudmestad
81144 01 Kvitsøy	Anders Nordbø	Anders Nordbø
81145 01 Bokn	Louis Medhaug	Louis Medhaug
81146 01 Tysvær	Sigbjørn Eikje	Sigbjørn Eikje
81149 01 Nord-Karmøy	Ragnar Vikingstad	Ragnar Vikingstad
81149 04 Sør-Karmøy	Nils Magne Jakobsen	Kjell Arvid Sandhåland
81151 01 Utsira	Bjarne Austrheim	Bjarne Austrheim
81154 01 Vikedal	Nils Bakkedal	Nils Bakkedal
81154 02 Sandeid	Magne Økland	Magne Økland
81154 03 Imsland	Arne Svandal	Anita Ødegård
81154 04 Vats	Alf Egil Vaula	Alf Egil Vaula
81154 05 Skjold	Johannes Hustveit	Norleif Fjeldheim
81159 01 Ølen	Henrik Nerheim	Bård Arne Lunde
81159 02 Bjoa	Ernst Grønnestad	Ernst Grønnestad
81159 03 Vikebygd	Jens Morten Koltveit	Jens Morten Koltveit

Medlemsoversikt

	Medlemstal 01.01.2008	Ut	Inn	Stopp ubetalt	Medlemstal 31.12.2008
Eigersund	80	3	6	0	83
Helleland	105	6	6	3	105
Sandnes	450	13	27	1	464
Riska	83	2	7	0	88
Stavanger	140	7	19	1	152
Skåre	25	0	2	0	27
Sokndal	40	0	6	0	46
Lund	56	1	6	0	61
Heskestad	39	3	2	0	38
Bjerkreim	337	13	20	6	344
Nærbø	329	11	21	3	339
Varhaug	264	11	9	4	262
Søre Hå	226	17	13	5	222
Klepp	196	9	9	3	196
Bore	107	6	10	2	111
Orre	151	8	6	2	149
Time	522	18	28	2	532
Gjesdal	276	18	27	1	285
Sola	227	8	15	3	234
Randaberg	160	7	5	1	158
Forsand	56	1	3	0	58
Strand	149	4	17	0	162
Hjelmeland	215	7	18	2	226
Suldal	241	6	18	2	253
Sauda	70	2	8	0	76
Finnøy	228	1	16	1	243
Fogn	42	1	5	1	46
Sjernarøy	59	2	7	1	64
Ombo	32	0	0	0	32
Rennesøy	228	6	8	0	230
Kvitsøy	11	1	1	0	11
Bokn	38	1	1	0	38
Tysvær	216	12	10	1	214
Nord-Karmøy	100	4	5	0	101
Sør-Karmøy	86	5	7	1	88
Utsira	2	0	0	0	2
Vikedal	62	2	1	0	61
Sandeid	86	4	6	0	88
Imsland	54	0	1	0	55
Vats	127	4	4	2	127
Skjold	115	2	5	0	118
Ølen	79	1	4	1	82
Bjoa	35	2	5	1	38
Vikebygd	31	1	2	0	32
	6175	230	396	50	6341

Rekneskapslaga i Rogaland

Lag/kontor	Rekneskapsjef	Lag/kontor	Rekneskapsjef
Bjerkreim Rekneskapskontor AS Jostein Røysland Nesjane 4389 Vikeså 51 45 21 88 - fax 51 45 21 58 – post@bras.no		ReNett avd. Ølen Nerheim Store 5580 Ølen 53 76 62 59 – birger@renett.no	Birger Fitjar
Finnøy Økonomi AS Finnøy Næringshage 4160 Finnøy 51 71 45 00 – fax 51 71 45 01 – post@finnoy.com	Elise Lunde	Rennesøy og Randaberg Rekneskapslag Seljebakken 10 4150 Rennesøy 51 72 00 00 - fax 51 72 00 01 – everone@rennrekn.no	Kirsten A. Østhus
FMS Regnskap DA Postboks 243 Sentrum 4002 Stavanger 51 90 69 10 - fax 51 90 69 11 – post@fms-regnskap.no	Harald Selvåg	Sola Regnskap BA Postboks 135 4097 Sola 51 71 99 30 - fax 51 71 99 31 - srl@broadpark.no	Guri Sandvin Ringvoll
Fogn Rekneskapslag 4164 Fogn 51 71 09 10 - fax 51 71 09 41 – otttanda@frisurf.no	Ottar Sandanger	Suldal Økonomi og Rådgiving AS Ola Jelsa Verven 1 Postboks 54 4239 Sand 52 79 05 30 - fax 52 79 05 31 – post@suldalokonomi.no	
Gjesdal Regnskap AS Postboks 166 4339 Ålgård 51 61 80 44 - fax 51 61 74 72 – gjesdal@grl.no	Lars Helleland	TF-Regnskap Fiskåvn. 2, 4120 Tau 51 74 48 80 - fax 51 74 48 81 – post@tf-regnskap.no	Odd Jøssang/John Erevik
HG - Regnskap St. Olavsgt. 2 4319 Sandnes 51 68 62 00- fax 51 68 62 01 – hg@hgregnskap.no	Geir Borgen	Time Rekneskapslag Håland 4340 Bryne 51 77 18 00 - fax 51 77 18 01 – post@time-rekneskapslag.no	Ingvar Reime
Hå Gardsrekneskapslag Møllev. 4 4360 Varhaug 51 43 06 55 - fax 51 43 01 12 - haa@grl.no	Per Herikstad	Tveit Regnskap AS 5574 Skjold 52 76 71 00 - fax 52 76 71 09 – regnskap@tveit.no	Jone Tveit
Klepp Rekneskapslag Postvegen 209 4353 Klepp St. 51 78 69 90 - fax 51 78 69 91 – klepp@grl.no	Martin Svebestad	Tysvær Økonomi BA Postboks 74 5575 Aksdal 52 77 54 15 - fax 52 77 77 17 - post@toko.no	Svanhild S. Eide
Nærbø Gardsrekneskapslag Jadarvegen 15 4365 Nærbø 51 79 97 50 - fax 51 79 97 60 – naerbo@grl.no	Karl-Olav Tufteskog	Vik Rekneskapskontor 4174 Helgøysund 51 71 20 00 - fax 51 71 20 09 – karin@rederi-regnskap.no	Torbjörg Karin Vik
Partner Regnskap AS Jordbruksavd. 4137 Årdal i Ryfylke 51 75 42 50 - fax 51 75 42 51 – firmapost@partnerregnskap.no	Jarle Ove Østerhus	VS Regnskap AS Strandgt. 44 B 5528 Haugesund 52 72 70 22 - fax 52 71 25 49 – vsregn@online.no	Vigdis Ø. Sandsgaard
RegnskapService Haugaland AS Postboks 185 4297 Skudeneshavn 52 84 65 00 - fax 52 84 65 01 – skudenes@regnskapservice-haugaland.no	Jan Thomassen	Økonor Dalane Øyevollveien 10 4460 Moi 51 40 94 00 - fax 51 40 94 01 – asbjorn.tjellesvik@okonor.no	Asbjørn Tjellesvik

Notater



Reime Agri AS
Jernbaneveien
4365 Nærbø
www.reimeagri.no

ODLAND AS

4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59 - 975 40 520

**Forskaling og støying - Betong- og trearbeid
Sal og montering av elementer og gjødselkummar
- Armering - Tegning**



Landbruksbygg

I stål, tre, sandwich eller
betongelementer



Gjødselkummar

Størrelser fra
590 - 3460 m³

Vi tilbyr fleksible løsninger i materialvalg og sammensetninger som tilpasses til dine ønsker og behov.

Vi har systemer som er meget rasjonelle, enkle og prisgunstige, og vi kan levere byggesett etter ønske (til f.eks. maskinhus, lagerbygg).

Ta kontakt for mer informasjon og pristilbud.

GRUDE
LANDBRUKSBYGG

Bedriftsveien 18, 4353 Klepp Stasjon.
Tlf. 51 78 98 50, epost: post@grudebygg.no
www.grudebygg.no



Landkreditt Bank, Karl Johans gate Oslo.

Landkreditt Bank AS startet opp 2. september 2002 og er en landsdekkende selvbetjeningsbank. Det er nettsiden og nettbanken som er vår «filial», og det er derfor viktig at disse er så brukervennlige at det er enkelt å være selvbetjent.

Landkreditt Bank tilbyr gode og enkle standardprodukter innen betalingsformidling, sparing og finansiering. Siden oppstarten har banken vunnet mange kåringer for de gode betingelsene kundene våre får. Bl.a. har det blitt mange medaljer i Dine Pengers BankNM. Driftskreditten til landbruket har også flere år på rad blitt kåret til landets beste.

Les mer på www.landkredittbank.no



LANDKREDITT
Bank



SAMARBEIDSRÅDET

for landbruksorganisasjonane
i Rogaland

Sandvikvegen 21 - Postboks 278 - 4002 Stavanger
Telefon 51 88 72 70 - Telefax 51 88 02 80

